

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for Helse og omsorg  
**Møtestad:** Herøy helsesenter  
**Dato:** 10.09.2015  
**Tid:** 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 03.09.15

Fred Hansen  
leiar

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 15/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 16/15	Protokoll frå førre møte
PS 17/15	Referatsaker
PS 18/15	Kommunedelplan for Herøy - Bustadpolitikk 2015 - 2019
PS 19/15	Førebyggande arbeid for barn og unge

## **Referatsaker**


- RS 7/15 Sluttrapport - velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre
- RS 8/15 K-sak 99/15: Oppreisningsordning for barneheimsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn
- RS 9/15 Særutskrift - Lokalisering av omsorgssenter for Herøy



PS 15/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 16/15 Protokoll frå førre møte

PS 17/15 Referatsaker



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2013/442
		Arkiv:	L71

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
167/15	Formannskapet	08.09.2015
18/15	Komite for Helse og omsorg	10.09.2015

### KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - BUSTADPOLITIKK 2015 - 2019

#### Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å leggje *Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019*, sist revidert 31.8.2015, ut til offentlig ettersyn i seks veker.

#### Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune,	Postboks 2500,	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal,	Postboks 2520,	6404 MOLDE
Husbanken	Postboks 1404,	8002 BODØ
Barnerepresentanten i Herøy	her	
Eldrerådet i Herøy	her	
Ungdomsrådet i Herøy	her	
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	her	

**Vedlegg:**

Vedlegg

1 Kommunedelplan for Herøy - Bustadpolitikk 2015 - 2019, 31.8.2015

**Saksopplysningar:**

Planprosess for kommunedelplan for bustadpolitisk arbeid:

Utvalssak	Utval m.m	Emne	Dato
54/13	Kommunestyret	Vedtak om oppstart med planprogram	25.4.2013
		Høyring av planprogram: 1.7.2011-26.8.2011	
102/14	Formannskapet	Stadfesting av planprogram	10.6.2014
	Formannskapet	Vedtak om offentlig ettersyn	8.9.2015
	Komite for helse og omsorg	Uttale til plan før offentlig ettersyn	10.9.2015
		Høyring av kommunedelplan i perioden:	
	Komite for helse og omsorg	Uttale til plan og innstilling	
	Formannskap	Vedtak av kommunedelplan innstilling	
	Kommunestyret	Vedtak av kommunedelplan	

**Utdrag frå kommunedelplanen:****Føremål og organisering**

Planen gjeld bustadpolitiske spørsmål generelt og bustadsosiale spørsmål spesielt og fastset fylgjande hovudmålsetjing for bustadpolitikken:

*Alle skal ha ein god og trygg stad å bu*

Eigedomsavdelinga har leia planarbeidet i samarbeid med ei arbeidsgruppe, referansegruppe og styringsgruppe.

Arbeidsgruppa er samansett av representantar frå pleie- og omsorgsavdelinga, bu- og habiliteringsavdelinga, NAV Herøy, barn, familie og helseavdelinga og eigedomsavdelinga samt dei politiske representantane Ole Brubakk (KRF) og Fred Hansen (H). Rådmannen si leiargruppe har vore referansegruppe for planarbeidet. Helse- og omsorgskomiteen har vore styringsgruppe.

**Kommunale utleigebustadar**

Kommunen har 140 utleigebustadar. Samtlege er reservert vanskelegstilte grupper av ulik grad. Av desse bueiningane er 34 kategorisert som gjennomgangsbustadar medan 106 bueiningar er kategorisert som omsorgsbustadar.

Gjennomgangsbustadar skal vere eit mellombels butilbod for vanskelegstilte som ikkje klarer å skaffe seg bustad sjølv. Leigetida er i utgangspunktet tidsavgrensa til 3 år. Omsorgsbustadar er eit permanent butilbod til vanskelegstilte personar som ikkje kvalifiserar til institusjonsbasert omsorg.

Herøy kommune har færre bustadar til utleige enn nabokommunane. Mange av bustadane er også i dårleg teknisk stand, uhensiktsmessig store og tidvis ueigna for den aktuelle brukerggruppa. Bustadane er lokalisert til Bergsøy, Frøystad og Tjørnvåg og ikkje nødvendigvis optimalt plassert i forhold til offentlig transport og tenestetilbodet.

Behovet for nye bustadar er primært knytta til gjennomgangsbustadar for brukergupper under NAV og barn-, familie- og helseavdelinga. Disse avdelingane melder eit behov for fleire og mindre bueiningar med sentrumsnær plassering. Pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga har ikkje meldt behov for fleire bustadar i planperioda.

### **Samanfatning og konklusjon**

Herøy kommune har i dag 140 utleigebustadar rundt i kommunen. Mange av desse er ikkje tilpassa dagens brukarar og ein ser det derfor som føremålsteneleg å selje seg ut av fleire av desse og reinvestere midlane i nye og meir tilpassa bustadar. Gjennom planarbeidet har ein kome til at kommunen kan selje 30 bueiningar og bruke midlane til å reinvestere i 18 nye einingar. Det er føreset at kommunen sel bustadane til dei som bur der i dag for å såleis ikkje forverre forholdet mellom behov for bustadar og tilgjengelege bustadar.

### **Dei bustadsosiale verkemiddela**

Forvaltninga av utleigebustadane er prega av langvarig og statisk eigarskap og tilsvarande utleige til leigetakarar på kort eller lang sikt. Likeins gjeld for andre økonomiske verkemiddel, som startlån, tilskot til etablering og/eller tilpassing og butilskot. Det er rom for å hente ut synergieffektar gjennom betre og meir samordna forvaltning av verkemiddela, mellom anna auka gjennomstrøyming i gjennomgangsbustadane.

Kommunen må vurdere behovet for fleire utleigebustadar, kva type bustad dette skal vere og kven som skal ha prioritet ved tildeling. I framtida kan det i større grad vere aktuelt å tilby utleigebustadar til unge nyetablerarar. Då bør også ulike modellar for utleige vurderast, mellom anna leige til eige-modellar.

### **Konklusjon**

Kommunens butilbod er avgrensa til bustadsosiale grupper. Kommunen bør vurdere å utvide butilbodet til å omfatte også unge nyetablerarar og arbeidsinnvandrarar.

Kommunens strategi for utbygging av kommunalt butilbod må ta omsyn til fylgjande spørsmål:

1. Kva brukergupper skal kommunale bustadar nyttast til?
2. Korleis skal kommunen forvalte utleigebustadane?
3. I kva grad skal ulike brukergupper samlokalisast?
4. I kva grad skal butilbod sjåast i samheng med dagtilbod og tenestetilbod?
5. I kva grad skal ulike brukergupper integrerast i eksisterande bumiljø?
6. I kva grad kan butilbod løysast gjennom samarbeid med private aktørar?

I utgangspunktet vil verken privatpersonar eller foretak gjennomføre bustadpolitikken med mindre privatøkonomiske vurderingar tilseier dette. Kommunen har difor primæransvaret for bustadpolitikken. Samstundes har næringslivet fokus på sitt samfunnsansvar for den vidare utviklinga av Herøy kommune som bu- og arbeidsmarknad.

Kommunen bør difor i planperioden vurdere vidare utvikling av bustadpolitikken i samarbeid med dei private aktørane på bustadmarknaden og med utgangspunkt i ei meir aktiv forvaltning av utleigebustadane som bustadpolitisk ressurs. Til dømes kan sal av utleigebustadar frigjere kapital til reinvestering i nye og meir tilpassa bustadar for dei brukargrupper kommunen vel å prioritere.



Investeringane kan gjennomførast i kommunal regi eller i samarbeid med dei private aktørane, til dømes gjennom eit felles investeringsselskap med mandat til å auke tilgangen på utleigebustadar og sikre bukvalitet og bulyst i utvalgte satsingsområde av kommunen.

### Strategi

Fylgjande strategi ligg til grunn for arbeidet for å nå hovudmålsetjinga:

- 1. Herøy kommune sin bustadpolitikk skal vere heilskapleg og nyskapande og gjennomførast i samarbeid med næringslivet. Det bustadsosiale arbeidet skal vere ein integrert del av bustadpolitikken.*
- 2. Herøy kommune skal gjennom kommuneplanens arealdel og ulike reguleringsplanar legge til rette for bustadbygging i alle bygdelag.*
- 3. Herøy kommune skal som byggesaksmyndigheit og planmynde sikre bukvalitet for alle og heilskapleg samfunnsutvikling.*
- 4. Herøy kommune skal som tilretteleggar, koordinator og utbygger vurdere ulike former for samarbeid med grunneigarar og utbyggerar for å sikre realiseringa av planlagde prosjekt.*
- 5. Herøy kommune skal gjennom planarbeid og samarbeid om utbygging, særleg arbeide for ei bærekraftig vidareutvikling av Fosnavåg sentrum.*
- 6. Kommunale bustadtomter skal selgast til marknadsverdi, alternativt til redusert marknadspris og utbyggingsvilkår som bidreg til auka bukvalitet og attraktivitet.*
- 7. Kommunale bustader skal vere eit mellombels tilbod og kombinerast med bustadsosiale tenester som medverkar til at einskildmennesket tek ansvar for eige liv.*
- 8. Herøy kommune skal selge utleigebustadar til leigetakarane til takst og reinvestere eventuell salsgevinst i nye byggeprosjekt for å sikre vidareutviklinga av bustadmassen, herunder auka tilgang på kommunale utleigebustadar.*

### Handlingsplan

<b>1</b>	<b>Organisatoriske tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Oppstart/år</b>
1.1	Retningsliner for tildeling av kommunal bustad	EIG, PO, BuHad, BFH, NAV	2016
1.2	Revisjon av standardkontrakt for kommunal utleigebustadar	EIG	2016
1.3	Revisjon av retningsliner for tildeling av startlån	EIG	2016
1.4	Revisjon av retningsliner for tildeling av tilskot til tilpasning og etablering	EIG	2016
1.5	Utarbeiding av buopplæringspakke for kommunale leigetakarar	EIG, PO, BuHab, BFH, NAV	2016
1.6	Samarbeidsavtale mellom eigedomsavdleinga	EIG, PO,	2016

	og dei tildelande einingane om tildeling av bustad, organisatorisk oppfølging og økonomisk virkemiddelbruk	BuHab, BFH, NAV	
1.7	Utarbeiding av prinsippmodell for utbygging av kommunalt og privat butilbod	EIG, UTV	2016

<b>2</b>	<b>Særleg om sal av eigedom</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Oppstart/år</b>
2.1	Sal av 1 bueining i Eggesbøvegen 53 A	EIG	2016
2.2	Sal av 4 bueiningar i Storenesvegen 30-36	EIG	2016
2.3	Sal av 2 bueiningar i Solbergvegen 2-4	EIG	2017
2.4	Sal av 2 bueiningar i Solbergvegen 6-8	EIG	2017
2.5	Sal av 2 bueiningar i Trolldalsvegen 16-18	EIG	2018
2.6	Sal av 2 bueiningar i Trolldalsvegen 20-22	EIG	2018
2.7	Sal av 12 bueiningar i Holmsild gata 16	EIG	2018
2.8	Sal av 3 bueiningar i Igesundvegen 21	EIG	2018

<b>3</b>	<b>Kommunale byggeprosjekt</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Oppstart/år</b>
3.1	Buholmlinja 20 - 6 bueiningar	EIG	2016
3.2	Eggesbøvegen 20 - 6 bueiningar	EIG	2017
3.3	Tjørnvågvegen 274-276 - 6 bueiningar	EIG	2018

### **Vurdering og konklusjon:**

*Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019* gir ei oversikt over status for bustadsituasjonen i kommunen i dag med forslag til tiltak. Planen skal no leggst ut til offentleg ettersyn før planen vert vedteken. Det vil vere mogleg å gjere endringar i planen etter høyringsrunda, men om det er endringar av prinsipiell karakter bør planen ut på ny høyring.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Planen kan ha positive konsekvensar for folkehelsa på individnivå. Planen kan gjere det enklare for dei som er aktuelle for ein kommunal bustad å få tilbod om dette. Det vil også vere positivt for den einskilde som går frå å leige kommunal bustad til å eige sin eigen bustad.

#### Konsekvensar for drift:

Planen kan ha positive konsekvensar for drift av kommunale bustadar då planen legg opp til å selje bustadar som krev mykje vedlikehald og reinvesterar midlane i nye leiligheiter som ikkje krev like mykje vedlikehald

Rådmannen rår derfor til at formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å leggje *Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019* ut til offentleg ettersyn i seks veker.


Fosnavåg, 25.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

**KOMMUNEDELPLAN FOR**  
**HERØY -**  
**BUSTADPOLITIKK 2015 - 2019**



**Herøy kommune**

<b>Sist revidert 31.8.2015</b>	
<b>Vedtak om oppstart med planprogram i Kommunestyret</b>	<b>25.4.2013, K-sak 54/13</b>
<b>Stadfesting av planprogram i Formannskapet</b>	<b>10.6.2014, F-sak 102/14</b>
<b>Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn,</b>	<b>xx.xx.xxxx, F-sak xx/xx</b>
<b>Offentlig ettersyn i perioden xx – xx</b>	
<b>Kommunedelplanen er vedteken i Kommunestyret</b>	<b>xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx</b>
<b>PlanID</b>	<b>1515 20xx</b>



## **INNHALD**

<b>1 SAMANDRAG OG BESKRIVING AV PLANARBEIDET</b> .....	<b>3</b>
1.1 Samandrag.....	3
1.2 Planarbeidet.....	4
1.3 Avgrensing.....	4
1.4 Rullering.....	5
<b>2 BAKGRUNN</b> .....	<b>5</b>
2.1 Innleiing.....	5
2.2 Folketalsutvikling og befolkningsprofil.....	5
2.3 Næringslivsutvikling.....	7
2.4 Bustadmarknaden.....	8
<b>3 BUSTADPOLITIKK</b> .....	<b>10</b>
3.1 Innleiing.....	10
3.2 Rammevilkår.....	10
3.3 Bustadpolitiske verkemiddel.....	13
3.4 Særleg om bustadsosialt arbeid.....	14
3.4.1 Innleiing.....	14
3.4.2 Vanskelegstilte på bustadmarknaden.....	14
3.4.3 Organisering av det bustadsosiale arbeidet.....	15
3.4.4 Bustadsosiale verkemiddel.....	16
<b>4 SAMANFATTING OG KONKLUSJON</b> .....	<b>18</b>
<b>5 MÅLSETTING, STRATEGI OG HANDLINGSPLAN</b> .....	<b>23</b>
5.1 Målsetting.....	23
5.2 Strategi.....	23
5.3 Handlingsplan.....	24



# 1 SAMANDRAG OG BESKRIVING AV PLANARBEIDET

## 1.1 Samandrag

Herøy kommune fekk sin fyrste kommunedelplan for bustadsosialt arbeid i 2008. Planen er no revidert for perioda 2015 til 2019 som ny kommunedelplan for bustadpolitikk.

Planen gjeld bustadpolitiske spørsmål generelt og bustadsosiale spørsmål spesielt og fastset fylgjande hovudmålsetjing for bustadpolitikken:

### ***Alle skal ha ein god og trygg stad å bu***

Handlingsplanen fylgjer opp målsetjinga etter fylgjande strategi:

- 1. Herøy kommune sin bustadpolitikk skal vere heilskapleg og nyskapande og gjennomførast i samarbeid med næringslivet. Det bustadsosiale arbeidet skal vere ein integrert del av bustadpolitikken.*
- 2. Herøy kommune skal gjennom kommuneplanens arealdel og ulike reguleringsplanar legge til rette for bustadbygging i alle bygdelag.*
- 3. Herøy kommune skal som byggesaksmyndigheit og planmynde sikre bukvalitet og heilskapleg samfunnsutvikling.*
- 4. Herøy kommune skal som tilretteleggar, koordinator og utbygger vurdere ulike former for samarbeid med grunneigarar og utbyggerar for å sikre realiseringa av planlagde prosjekt.*
- 5. Herøy kommune skal gjennom planarbeid og samarbeid om utbygging, særleg arbeide for ei bærekraftig vidareutvikling av Fosnavåg sentrum.*
- 6. Kommunale bustadtomter skal selgast til marknadsverdi, eller til redusert markedspris på utbyggingsvilkår som bidreg til auka bukvalitet i utbyggingsområdet.*
- 7. Kommunale bustader skal vere eit mellombels tilbod og kombinerast med bustadsosiale tenester som medverkar til at einskildmennesket tek ansvar for eige liv.*



8. *Herøy kommune skal selge kommunale gjennomgangsbustadar til leigetakarane til takst og reinvestere salsgevinsten i nye byggeprosjekt for å vidareutvikle butilbodet i kommunen, herunder sikre ein auka tilgang på kommunale gjennomgangsbustadar.*

## 1.2 Planarbeidet

Eigedomsavdelinga har leia planarbeidet i samarbeid med ei arbeidsgruppe, referansegruppe og styringsgruppe.

Arbeidsgruppa er samansett av representantar frå pleie- og omsorgsavdelinga, bu- og habiliteringsavdelinga, NAV Herøy, barn, familie og helseavdelinga og eigedomsavdelinga samt dei politiske representantane Ole Brubakk (KRF) og Fred Hansen (H). Rådmannen si leiargruppe har vore referansegruppe for planarbeidet. Helse- og omsorgskomiteen har vore styringsgruppe.

Planen skal ifylgje planprogrammet:

1. kartlegge hovudutfordringar innanfor det bustadsosiale feltet
2. kartlegge bustadsosiale oppgåver som fylgje av samhandlingsreforma
3. kartlegge utfordringar knytt til eksisterande bustadmasse samt synleggjere moglegheiter for omdisponering for mest mogleg formålstenleg bruk
4. foreslå strategi for utbygging av butilbod basert på målgruppe
5. foreslå korleis Husbankens verkemiddel kan nyttast for å fremje måloppnåing knytt til utbygging av dagtilbod
6. vurdere interkommunale løysingar for utvikling av dagtilbod for små brukergrepp, der ein vil tene på å ha større fagmiljø

For å sikre ein heilskapleg innfallsvinkel til fagfeltet er planen utvida til å omfatte bustadpolitikken generelt. Kommunestyret vart orientert om dette i møte 25.9.2014 etter føregåande drøftingar med styringsgruppa og referansegruppa.

Arbeidsgruppa har arrangert ope møte undervegs i planprosessen med særleg invitasjon til eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet, barn og unge sin representant og bulystprosjektet.

Arbeidsgruppa har også arrangert dagsseminar om bustadmarknaden og halvdagsseminar om brannsikring av utleigebustadar, i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og KLP Skadeforsikring AS.

## 1.3 Avgrensing

Kommunedelplanen må særleg sjåast i samanheng med og avgrensast mot:

- Kommuneplanen for Herøy - 2013-2025



- Kommunedelplan for helse- og omsorg - 2013-2020
- Strategisk næringsplan - 2016-2020 (under revidering)
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan (under revidering)
- Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg

#### **1.4 Rullering**

Planen rullerast kvart fjerde år, fyrste gong i 2019. Handlingsplanen rullerast kvart andre år, fyrste gong i 2017.

## **2 BAKGRUNN**

### **2.1 Innleiing**

Folketalsutvikling og befolkningsprofil, næringslivsutvikling og utviklinga i bustadmarknaden er viktige premissleverandørar til bustadpolitikken.

### **2.2 Folketalsutvikling og befolkningsprofil**


Herøy kommune hadde 8 958 innbyggjarar i fyrste kvartal 2015, ei auke frå 8 349 innbyggjarar i 2009.

Arbeidsinnvandring, særleg frå Polen, Litauen og Tyskland, er og har vore ein avgjerande brikke i folketalsveksten. I 2014 utgjorde såleis innvandrarbefolkninga omlag 10 % av folketalet i Herøy, lik fylkessnittet men under landssnittet på 15 %.



### Folketilveksten i Møre og Romsdal etter type siste 10 åra, 1.1 2003-2013

Kjelde: SSB



Kartet ovanfor syner folketilveksten i perioda 2003-2013. I fylkesstatistikken for Møre og Romsdal 2014 er kommunen presentert som ei kommune utan vekst. Dette skuldast inga endring i folketalet frå 2013 til 2014.

Folkeveksten fram mot 2024 er for Herøy kommune venta å ligge mellom 5 og 10 %, føresett ei arbeidsinnvandring på same nivå som i dag.

Tal frå Statisk sentralbyrå syner at aldersgruppene 70-79 år og 80+ nær doblar seg fram mot 2040 medan dei yngre aldersgruppene har liten vekst eller reduksjon. Den sterke veksten i aldersgruppa 80+ er venta frå omlag år 2024.


Aldersgruppe	2014	2040	Endring
0 - 24 år	2 807	2 737	- 2,49 %
25 - 34 år	981	1 041	6,73 %
35 - 44 år	1 227	1 222	- 0,41 %
45 - 69 år	2 762	2 951	6,84 %
70 - 79 år	594	1 050	76,77 %
80+	476	862	81,09 %
<b>Sum</b>	<b>8 847</b>	<b>9 863</b>	<b>11,48 %</b>





Aldersutviklinga er i stor grad lik utviklinga i fylket elles og skuldast at dei store etterkrigskulla vert eldre og den generelle levealderen høgere.

Andelen som bur åleine er lågare i Herøy enn for landet elles. Denne hushaldsgruppa er likevel størst i Herøy, fulgt av par utan heimebuande barn på andre plass og par med store barn (6 til 17 år) på tredje plass.



### 2.3 Næringslivsutvikling

Herøy kommune er eit nasjonalt tyngdepunkt innanfor maritime næringar og eit tyngdepunkt i fylket innanfor fiskeri og havbruk. Omlag 100 offshorefartøy med Herøy som hamn sysselset såleis omlag 3000 personar.



## Næringsstruktur




Sysselsettingstala omfattar ikkje sysselsette i verftsindustrien og hos dei ulike landbaserte underleverandørane.

### 2.4 Bustadmarknaden

Fylkesstatistikken for 2014 syner at talet på igangsette bustadprosjekt i Herøy er variabel og blant dei lågaste i vår region for perioda 2011 til 2013. I løpet av desse 3 åra er det igangsett 142 bustadprosjekt i kommunen. Tilsvarande tal for dei andre kommunane er slik: Ulstein (391), Volda (203), Ørsta (149), Hareid (136) og Sande (33).

Sjølv om leiligheiter har blitt ei meir vanleg buform, utgjør likevel einebustadar det dominerande butilbodet i Herøy. Ser ein dette i samanheng med at enkeltpersonhushaldningar dominerer bustadmarknaden, er det ikkje urimeleg å legge til grunn at mange enkeltpersonar kvar for seg disponerer eit stort antall kvadratmeter buareal.



Det er ikkje eit organisert hybeltilbod i Herøy. Hyblar er difor i all hovudsak knytta til einebustadar og er difor også av varierende kvalitet. Samanlikna med t.d. Volda kommune, som på grunn av høgskulemiljøet har tradisjon for utleige av hyblar og leilegheiter, er det heller ikkje særleg kultur for utleige i Herøy. Sidan profesjonell utleige heller ikkje finnest utover den utleige kommunen sjølv har ansvaret for, er det difor tendensar til “hushai-problematikk” i Herøy. Ein har såleis eksempel på at privatpersonar leiger ut husvære til overpris og uakseptabel bukvalitet til ein eller fleire personar. Dette gjeld særleg ved utleige til arbeidsinnvandrarar.

Det er også eit variabelt tilbod av campingplassar og hytter i kommunen, mellom anna på Runde, i Leinevika og på Jensholmen. Kommunens utleigebustadar er reservert bustadsosiale grupper, sjå kap. 3.4.4 nedanfor.

Sjølv om ledig areal gjennom kommuneplanens arealdel er tilrettelagt for bustadbygging, er ikkje nødvendigvis alle tomter til salgs. Dette kan skuldast at dei private eigarane ikkje vurderer det som hensiktsmessig å selge, eller fordi dei ikkje har fått eit tilbod i tråd med sine forventningar. Utbygging av fleirmannsbustadar i regi av ulike foretak har til dømes auka forventninga frå tomteeigarar til salsgevinst. Privatpersonar på tomtejakt har difor vorte avviste fordi tomteeigar forventar større gevinst ved sal til foretak.

Likeins er det i all hovudsak også eit krav til reguleringsplan før utbygging av enkelttomter. Privatpersonar tek sjeldan på seg risikoen og kostnaden ved slikt reguleringsarbeid.



Salsklare kommunale bustadtomter er opparbeidde med teknisk infrastruktur, frådelt og klargjort for sal via servicetorget i kommunen. Av desse har bustadtomtene i Dragsund vore dei mest attraktive dei siste to åra.

## 3 BUSTADPOLITIKK

### 3.1 Innleiing

Ein trygg stad å bu er ein sentral føresetnad for den einskilde; for å kunne bu og leve sjølvstendig, skaffe seg og behalde eitt arbeid og elles kunne delta i samfunnet saman med andre. Bustadpolitikken er såleis eit sentralt element i velferdspolitikken.

### 3.2 Rammevilkår

Dei viktigaste rammevilkåra for bustadpolitikken fyl av:

- Plan- og bygningslova (lov 2008-06-27-71)
- Husleigelova (lov 1999-03-26-17)
- Avhendingslova (lov 1992-07-03-93)
- Offentleg støtte-lova (lov 1992-11-27-117)
- Offentleg anskaffelse-lova (lov 1999-07-16-69)
- Momskompensasjonslova (lov 2003-12-12-108)

For det bustadsosiale fagfeltet spesielt er særleg fylgjande lovverk relevant:

- Lov om barneverntjenester (lov 1992-07-17-100)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (lov 2009-12-18-131)
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenesr (lov 2011-06-24-30)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga
- Forskrift om startlån (FOR-2014-03-12-273)

Plan- og bygningslova, offentlig støttelova og offentlig anskaffelseslova legg føringar for korleis det offentlege kan nytte sine budsjettmidlar, korleis areal kan disponerast og byggeprosjekt gjennomførast og vert ikkje omtala meir i detalj her. Merknadane vidare vert i hovudsak knytta til det bustadsosiale ansvaret som eit minimumsnivå for kommunens bustadpolitikk.

#### Lov om kommunale helse- og omsorgstenester og lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester handlar om kommuna sitt generelle ansvar for helse- og omsorgstenester, sjå særleg § 3-2 og 3-7.



Etter lova sin § 3-2 skal kommuna tilby “*sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering*”. Vidare skal kommuna tilby “*andre helse- og omsorgstjenester, herunder helsetjenester i hjemmet, personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt, plass i institusjon, herunder sykehjem og avlastningstiltak.*”

Bustadar for vanskelegstilte er særleg omhandla i § 3-7 og tilsvarande § 15 i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Kommunen skal såleis “*medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.*”

Herøy kommune plikter på denne bakgrunn å sikre ein forsvarleg bustad for personar som av økonomiske, sosiale, helsemessige eller meir samansette forhold ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden sjølve.

Akutt bustadløyse vert regulert § 27. Kommunen skal såleis “*finne midlertidig botilbud for dem som ikke klarer det selv.*” Med akutt bustadløyse meiner ein at tenestemottakar ikkje har ein stad å sove og opphalde seg det neste døgnet. Ein mellombels bustad skal såleis avhjelpe ei akutt bustadløyse og er ikkje meint å skulle vare over tid. Ansvar vert ivareteke av NAV Herøy som i fleire saker løyser behovet gjennom innleige av campinghytter, hotellrom eller kommunal bustad frå eigedomsavdelinga.

Det bustadsosiale ansvaret for øvrig knytter seg dels til generelle rettar og plikter i husleigelova og anna regelverk kommunane er omfatta av og det meir spesifikke tilretteleggingsansvaret for bustadsosiale grupper. Generelt plikter kommunen å møte desse menneska med tenester og virkemiddel som kan bidra til å stabilisere og/eller redusere utfordringane for den einskilde.

#### Lov om barnevernteneste

Lov om barnevernteneste inneber at kommunen gjennom barneverntenesta skal legge til rette for ettervern for si målgruppe. Ettervernet kan bestå av bustad, oppfølging i bustad, arbeid, skulegang m.m. slik at dei skal meistre livet og bli sjølvstendige menneske. Innhaldet i ettervernet skal tilpassast den einskilde. Einskilde personar kan ha behov for døgnbemanning. Andre personar kan ha behov for mellombels bustad eller langvarig leigeforhold.

#### Husleigelova



Husleigelova begrenser kommunen sitt handlingsrom ved utleige av bustadar til privatpersonar på same måte som for andre andre utleigarar av bustadar.

#### Momskompensasjonslova

Momskompensasjonslova inneber at kommunen i utgangspunktet ikkje har rett på momskompensasjon for kommunale bustadar i investerings- og driftsfasa. Unntaket gjeld for særskilt tilrettelagte bustadar som likevel gir rett til momskompensasjon.

Om ein bustad er særskilt tilrettelagt slik at momskompensasjon for investering og drift kan krevjast beror dels på byggets beliggenheit og fysiske utforming, dels på kva tenester bebuarane får tildelt gjennom vedtak. Vedtak om tildeling av bustad åleine er såleis ikkje nok. Leigetakaren må også ha vedtak om teneste etter helse- og omsorgstenestelova. Gjennomgangsbustadar og andre bustadar som kommunen leiger ut er difor som hovudregel 25 % dyrare i investering og drift enn omsorgsbustadar då dei ikkje er fysisk tilrettelagt slik at momskompensasjon kan krevjast. Tildeling av bustad har heller ikkje vore betinga av tilsvarande vedtak om tildeling av teneste etter helse- og omsorgstenestelova.

#### Forskrift om startlån

Forskrift om startlån frå husbanken omhandlar vilkår for tildeling av startlån. Forskrifta er presisert i etterfylgjande rundskriv og rettleiar frå Husbanken.

#### Statlege utgreiingar

Bustadpolitikken har vore tema for fleire statlege utgreiingar:

- Stortingsmelding nr. 17 (2012-2013): Byggje - bu - leve. Ein bustadpolitikk for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.
- Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid 2014-2020: Bolig for velferd.

#### Statlege reformer

Statlege reformer gir kommunene nye oppgåver. Av desse er samhandlingsreforma den viktigaste reforma.

Samhandlingsreforma trådte i kraft i 2012 og inneber at kommunen overtek fleire omsorgstenester frå staten. Reforma omfattar særleg tenesteområdet til pleie- og omsorgsavdelinga og inneber i praksis raskare overføring av somatiske pasientar frå sjukehus til kommunen og med dagbot som potensiell straffesaksjon dersom kommunen ikkje har kapasitet til å ta imot pasienten.



Frå 2015 er det varsla at samhandlingsreforma vil utvidast til å omfatte også fagfelte rus og psykiatri. Kva dette vil innebere for kommunen i praksis er uklart, men det er påregneleg med raskare overføring av pasientar til vidare oppfølging lokalt. Dette aukar presset på kommunale omsorgsbustadar.

#### Avhendingslova

Avhendingslova regulerer forholdet mellom kjøpar og selgar av fast eigedom, herunder kommunens kjøp og sal av eigedom.

### **3.3 Tilrettelegging for bustadbygging**

Den viktigaste oppgåva for kommuna i bustadpolitikken er å legge til rette for bustadbygging. Kommunen kan tilrettelegge for bustadbygging både gjennom offentleg myndigheitsutøving og privatrettslege avtalar.

#### Offentleg myndigheitsutøving

Offentleg myndigheitsutøving omfattar oppgåvene tillagt kommunen som byggesaksmynde og planmynde.

Kommunens handsaming av byggesaker er regulert i plan- og bygningslova. Handlingsrommet er snevert slik at byggesak i denne samanheng primært handlar om å sikre gjennomføring av prosjekt i tråd med lov, plan og løyve til tiltak. Denne kontrollen har klare kvalitetsaspekt ved seg, mellom anna knytt til sikkerheitskrav knytt til brann og krav knytt til estetikk og bukvalitet.

Det er som planmynde kommunen har det største handlingsrommet, både i forhold til den kvantitative og kvalitative vidareutviklinga av Herøy som bustadmarknad. Som planmynde har også kommunen indirekte høve til å påvirke bustadmarknaden gjennom tilrettelegging for næringsutvikling og andre areal som utløyser aktivitet med bulysteffekt.

#### Privatrettslege avtalar

Kommunen som sjølvstendig rettssubjekt kan binde seg sjølv og forplikte andre gjennom privatrettslege avtalar, til dømes slik:

1. Kommunen kan leige ut bustadar og næringsbygg og er då forplikta av husleigelova mm. på lik linje med andre aktørar. Kommunen kan også leige inn areal frå andre aktørar for framleige til andre.
2. Kommuna kan kjøpe eller selge fast eigedom og er då forplikta av avhendingslova mm. på lik linje med andre aktørar. Kommunen kan til



dømes kjøpe fast eigedom for å sikre eigen tenesteproduksjon eller for å styrke si rolle innanfor eit reguleringsområde med mange grunneigarar.

3. Dersom kommuna ynskjer vidareutvikling av eit utviklingsområde med mange grunneigarar, kan kommuna også påta seg eit koordinerande ansvar, t.d. for innhenting av mulegheitsstudie, forprosjekt og reguleringsplanarbeid. Slik kan kommuna påta seg ei leiarrolle for å sikre framdrift og ynskte kvalitetar.
4. Kommunale bygningsbehov vert i utgangspunktet gjennomført med kommunal byggherre- og prosjektstyring. Men kommunen kan også kjøpe seg inn i eit prosjekt under planlegging eller bygging og på den måten bidra til å realisere dette prosjektet og samstundes løyse egne behov.

Ei samarbeidsform som har fått mykje merksemd i kommune-Norge og hos Husbanken, er den såkalla Hamarøymodellen. Modellen inneber at kommunen løyser sitt bustadbehov i samarbeid med private utan å binde opp budsjettmidlar verken til investering eller etterfylgjande drift. Hamarøymodellen er presentert i eige vedlegg til planen.

5. Kommunen kan også etablere eit aksjeselskap, eigd av kommunen åleine eller med private aktørar i felleskap. Eit slikt selskap kan stå som byggherre for byggeprosjekt eller vere ein aktør i vidareutvikling og fornying av bustadmarknaden etter pkt. 2 og 3 ovanfor.

### **3.4 Særleg om det bustadsosiale arbeidet**

#### *3.4.1 Innleiing*

Det bustadsosiale arbeidet omfattar personar som ikkje klarer å skaffe seg og/eller oppretthalde eit tilfredsstillandes buforhald på eiga hand, anten fordi dei er utan eigen bustad, står i fare for å miste bustaden eller bur i ueigna bustad eller bumiljø. Det bustadsosiale arbeidet er såleis eit minimumsansvar for kommunen i bustadpolitikken.

#### *3.4.2 Vanskelegstilte på bustadmarknaden*

I Nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid vert vanskelegstilte på bustadmarknaden beskrive som fylgjer:

- Personar med dårleg økonomi
- Personar med nedsett funksjonsevne
- Personar med rusavhengigheit
- Personar med psykiske lidingar





- Flyktingar
- Innsatte i norske fengsel

Dei vanskelegstilte er såleis ei svært heterogen gruppe menneske med utfordringar av ulik kompleksitet og med ulik mulegheit til å klare seg sjølv på bustadmarknaden. Einskilde grupper vil ha behov for langsiktig eller permanent kommunalt butilbod. Andre grupper må ikkje nødvendigvis bu i kommunal bustad, men i tilrettelagt bustad. Andre grupper igjen treng kommunalt butilbod i ei kortare fase av livet, men bør kunne etablere seg i privat bustad på sikt.

### 3.4.3 *Organisering av det bustadsosiale arbeidet*

Det bustadsosiale ansvaret i Herøy kommune er delt mellom ulike administrative einingar:

#### Barn, familie- og helseavdelinga (BFH)

Barn-, familie- og helseavdelinga yter tenester til ungdom som er eller har vore under omsorg, barnefamiliar og andre som er i ein vanskeleg livssituasjon.

#### Bu- og habiliteringsavdelinga (BuHab)

Bu- og habiliteringsavdelinga har ansvar for butenester, barneavlastning, miljøarbeid, støttekontakt, spesialpedagogisk vaksenopplæring og dagtilbod for personar/menneske med utviklingshemming.

#### NAV Herøy (NAV)

NAV Herøy yter teneste til personar som av økonomiske, sosiale, helsemessige eller meir samansette forhold ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden og har plikt til å framskaffe bustadar i akuttsituasjonar. NAV Herøy forvalter også ordninga med statleg bustøtte.

#### Pleie og omsorgsavdelinga (PO)

Pleie- og omsorgsavdelinga har ansvar for teneste til personar i og utanfor institusjon som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv eller som er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp til dagleglivets gjeremål.

#### Eigedomsavdelinga (EIG)

Eigedomsavdelinga forvaltar og leiger ut bustadar til leigetakarar omfatta av dei øvrige avdelingane sitt ansvarsområde. Avdelinga er i tillegg ansvarleg for startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing.

\* \* \*



Dei viktigaste bustadsosiale samarbeidspartnarane er:

#### Husbanken

Husbanken yter lån og tilskot til kommunane for vidareutlån til prioriterte grupper. I tillegg kan kommunen søke om investeringstilskot ved utbygging av utleigebustadar og prosjektmidlar ved omorganisering av kommunale tenester.

#### NAV Hjelpemiddelsentral

NAV Hjelpemiddelsentral har eit overordna og koordinerande ansvar for hjelpemiddel til personar med nedsett funksjonsevne og er eit ressurs- og kompetansesenter for offentlige instansar og andre som har ansvar for å løyse brukarane sine utfordringar.

#### Bulystprosjektet

Bulystprosjektet er eit integrerings- og inkluderingsprosjekt med fokus på arbeidsinnvandrarar. Bustad, språkopplæring og språkforståing, fritid, samarbeid med frivillige lag/organisasjonar og næringslivet, kulturforståing og kommunikasjon er viktige satsingsområde.

### *3.4.4 Bustadsosiale verkemiddel*

Dei bustadsosiale verkemiddele er delt mellom dei administrative einingane ovanfor og omhandlar dels organisatorisk oppfylgjing, utleige av bustadar og andre økonomiske verkemiddel.

#### Organisatorisk oppfylgjing

Det bustadsosiale arbeidet handlar om personar som heilt eller delvis er utan buevne. Den individuelle oppfylgginga av desse personane er kanskje det viktigaste verkemiddelet kommunen har for å sikre at leigetakaren vert ivareteke på ein forsvarleg måte, herunder for å sikre ei utvikling av den einskilde si buevne og for å sikre ei forsvarleg ivaretaking av bygningsmassen.

Eigedomsavdelinga som huseigar og utleigar fyl opp leigetakarar i kommunale bustadar i samarbeid med dei tenesteytande avdelingane. Dei tenesteytande avdelingane har primæransvaret for oppfylgjing, også for vanskelegstilte utan kommunal bustad.

#### Kommunale utleigebustadar

Kommunen har 140 utleigebustadar. Samtlege er reservert vanskelegstilte grupper av ulik grad. Av desse bueiningane er 34 kategorisert som



gjennomgangsbustadar medan 106 bueiningar er kategorisert som omsorgsbustadar.

Gjennomgangsbustadar skal vere eit mellombels butilbod for vanskelegstilte som ikkje klarer å skaffe seg bustad sjølv. Leigetida er i utgangspunktet tidsavgrensa til 3 år. Omsorgsbustadar er eit permanent butilbod til vanskelegstilte personar som ikkje kvalifiserar til institusjonsbasert omsorg.

Herøy kommune har færre bustadar til utleige enn nabokommunane. Mange av bustadane er også i dårleg teknisk stand, uhensiktsmessig store og tidvis ueigna for den aktuelle brukerggruppa. Bustadane er lokalisert til Bergsøy, Frøystad og Tjørvåg og ikkje nødvendigvis optimalt plassert i forhold til offentleg transport og tenestetilbodet.

Bustadane er dels eigd av kommunen sjølv, dels inngår bustadane i eit sameige der kommunen må forhalde seg til eit styre og eit årsmøte på lik linje med øvrige eigarar. I sistnemnde tilfelle ligg ansvaret for drift og vedlikehald av bygningskroppen til sameiget, medan kommunen som eigar av einsskilde leilegheiter har det same ansvaret som øvrige andelseigarar.

Vedtak om tildeling av omsorgsbustadar ligg til pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga medan eigedomsavdelinga i samarbeid med NAV og barn, familie og helseavdelinga fattar vedtak om tildeling av gjennomgangsbustadar. Det etterfylgjande ansvaret for kontraktsinngåing, overlevering og tilbakelevering av leigeobjektet ligg til eigedomsavdelinga.

Behovet for nye bustadar er primært knytta til gjennomgangsbustadar for brukerggrupper under NAV og barn-, familie- og helseavdelinga. Desse avdelingane melder eit behov for fleire og mindre bueiningar med sentrumsnær plassering. Pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga har ikkje meldt behov for fleire bustadar i planperioda.

#### Startlån

Startlån er eit behovsprøvd lån for dei med langvarige bustad- og finansieringsproblem og eit virkemiddel kommunen kan velje å nytte for å betre situasjonen for dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden.

#### Tilskot til etablering

Tilskot til etablering skal bidra til at vanskelegstilte kan kjøpe og behalde eigen bustad. Tilskot vert ofte nytta som toppfinansiering og regulert i eigen rettleiar frå Husbanken.



#### Tilskot til tilpasning

Tilskot til tilpasning skal bidra til å sikre egna bustad til personar med nedsatt funksjonsevne. Tilskotet er økonomisk behovsprøvd og regulert i eigen rettleiar frå Husbanken.

#### Statleg bustønad

Statleg bustønad skal hjelpe vanskelegstilte både til å skaffe og behalde ein tilfredsstillande bustad

#### Integreringstilskot

Kommunen mottok integreringstilskot for dei flyktingane som vert busette i kommunen. Tilskotet skal medvirke til at kommunen gjennomfører eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid med sikte på at flyktingane skal få seg jobb og etablere seg på bustadmarknaden sjølv.

## **4 SAMANFATNING OG KONKLUSJON**

#### Innbyggjarane

Folketalet i Herøy aukar, men veksten er relativt usikker og i stor grad avhengig av utviklinga i arbeidsinnvandringa og i næringslivet. Arbeidsinnvandringa er igjen avhengig av utviklinga i internasjonal politikk, økonomi og arbeidsmarknad og er pr. november 2014 inne i ein nedadgåande trend i Norge. Den vidare utviklinga i næringslivet er likeins knytta opp til oljeindustriens vidare utvikling og næringslivets omstillingsevne ved strukturendringar nasjonalt og internasjonalt.

Andelen eldre aukar vesentleg fram mot 2040. Samstundes vil truleg folkehelse og den einskilde si helse vere betre i framtida. Likeins vil private bustadar i større grad vere tilrettelagt for livets ulike faser enn det mange bustadar er i dag. Det reelle behovet for tenester og kommunale bustadar aukar difor ikkje nødvendigvis med folkeveksten eller veksten i spesifikke aldersgrupper. Pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga ber såleis heller ikkje om utbygging av fleire omsorgsbustadar i planperioden.

#### Bustadmarknaden

Sterk privatøkonomi gjer det freistande for mange å bygge nytt framfor å renovere eldre hus. Sterk privatøkonomi driv også byggekostnadane opp. Det er ikkje gitt at prisnedgang nasjonalt gir tilsvarande utvikling regionalt eller lokalt.



Samstundes gir sterk privatøkonomi lite motivasjon for utleige eller sal av tomme husvære. Husvære står difor tomme i fleire deler av kommunen samstundes som det kan vere vanskeleg for interessentar å finne seg ein plass å bu.

Kommunale bustadtomter vert i dag selde til privatpersonar og foretak med ein byggefrist på 2 år. Dersom byggefristen ikkje overhaldast, kan kommunen krevje tomta attende. Føremålet er å sikre byggeaktivitet og hindre spekulasjon i subsidierte kommunale tomtar.

Kommunale bustadar vert leigde ut til vanskelegstilte, men det er ikkje etablert retningslinjer for tildeling. Det er difor vanskeleg å estimere det reelle behovet for eit kommunalt butilbod før søknadsmassa er vurdert opp mot interne vilkår for tildeling.

### Bustadane

Herøy kommune har i dag 140 utleigebustadar rundt i kommunen. Mange av desse er ikkje tilpassa dagens brukarar og ein ser det derfor som føremålsteneleg å selje seg ut av fleire av desse og reinvestere midlane i nye og meir tilpassa bustadar. Gjennom planarbeidet har ein kome til at kommunen kan selje 28 bueningar og bruke midlane til å reinvestere i 18 nye einingar (sjå handlingsplan). Det er føreset at kommunen sel bustadane til dei som bur der i dag for å såleis ikkje forverre forholdet mellom behov for bustadar og tilgjengelege bustadar.

### Utbyggerane

Forutan kommuna sjølv og privatpersonar, er aktørane på utbyggarsida avgrensa til lokale og regionale aktørar som anten direkte eller via enkeltstående selskap iverksett byggeprosjekt med utgangspunkt i eigne målsettingar og strategiar. OBOS og andre bustadbyggjelag er ikkje representerte i kommunen.

### Det bustadsosiale ansvaret

Den einskilde har eit sjølvstendig ansvar for å skaffe seg ein stad å bu. Det er heller ingen menneskerett å eige sin eigen bustad, sjølv om eigarperspektivet står sterkt i Norge. Leige av bustad kan difor vere eit forsvarleg tilbod for den einskilde. Leige av kommunal bustad er heller ikkje ei sjølfølge. Det viktige er at bustaden er tilrettelagt, ikkje kven som eig bustaden. Det bustadsosiale arbeidet må difor vere ein integrert del av bustadpolitikken og sikre grunnleggande minimumsrettar for innbyggerane og gjennom eige arbeid utspele si rolle for den einskilde, som sjølv tek ansvar for eige liv.

### Den bustadsosiale organiseringa



Den bustadsosiale organiseringa er oppdelt og noko fragmentarisk. I planperioden er det difor naturleg å formalisere samarbeidet mellom dei ulike einingane. Eit formalisert samarbeid styrker ansvars- og oppgåvefordelinga og bidreg til at organisasjonen arbeidar enno betre fram mot eit felles definert mål.

#### Dei bustadsosiale virkemiddela

Bustadsosiale virkemiddel bør forvaltast i tråd med ein overordna strategi for bustadpolitikken.

Kommunens butilbod er i hovudsaka knytta opp mot den tilsvarande ansvarsfordelinga for ulike grupper vanskelegstilte. Omsorgsbustadar er nytta til personar med behov for helse- og omsorgstenester, personar med nedsett fysisk og/eller psyksisk funksjonsevne. Gjennomgangsbustadar er knytta opp til økonomisk vanskelegstilte personar og personar med rusproblem eller psykiatriske problem. Ein opplever tidvis at enkeltbrukarar ikkje passer inn i den ansvarsfordelinga som er etablert. Ein opplever også at butilbodet ikkje tilpassa brukargruppene på ein forsvarleg måte, til dømes med tanke på universell utforming og brannvern.

Forvaltninga av utleigebustadane er prega av langvarig og statisk eigarskap og tilsvarande utleige til leigetakarar på kort eller lang sikt. Likeins gjeld for andre økonomiske virkemiddel, som startlån, tilskot til etablering og/eller tilpassing og butilskot. Det er rom for å hente ut synergieffektar gjennom betre og meir samordna forvaltning av virkemiddela, mellom anna auka gjennomstrøyming i gjennomgangsbustadane.

Kommunen må vurdere behovet for fleire utleigebustadar, kva type bustad dette skal vere og kven som skal ha prioritet ved tildeling. I framtida kan det i større grad vere aktuelt å tilby utleigebustadar til unge nyetablerarar. Då bør også ulike modellar for utleige vurderast, mellom anna leige til eige-modellar.

#### Dei bustadsosiale brukarane

I den grad bustadsosiale grupper er samlokalisert, omfattar dette primært samlokalisering av grupper som sorterer under same organisasjon i kommunen. Personar med ruslidingar, sorterer difor under barn, familie- og helseavdelinga, sjølv om dei er eldre- og omsorgsstrengande.

Personar med rus og/eller psykiatriske problem er overrepresentert blant dei bustadlause og bør ha prioritet ved tildeling av kommunale bustadar. Denne gruppa har redusert buevne og redusert muligheit til å ivareta sine interesser på privatmarknaden. Likeins gjeld i utgangspunktet også for personar med



utviklingshemming, som ofte også er avhengig av tenester frå kommunen for å mestre busituasjonen.

Økonomisk vanskelegstilte grupper har redusert muligheit til å finne eit forsvarleg butilbod privat og bør kunne prioriterast for kommunal bustad inntil den økonomiske situasjonen er betra.

Personar med redusert fysisk rørsleevne har primært behov for ein tilrettelagt bustad, ikkje ein kommunal bustad som sådan. Dei kan såleis både eige sin eigen bustad eller leige frå private aktørar. Likeins gjeld for flyktningar.

Kommunalt butilbod kombinert med buopplæring er eit naturleg startpunkt i bukarrieren, men bør vere kortvarig og bygge på ei klar målsetting om at flyktningar kan bu i eigen heim.

\* \* \*

Kommunens bustadpolitikk er ikkje avgjerande for å auke folketalet, men eit naudsynt fundament for vidare folkevekst og bustadbygging. Bustadpolitikken må difor vere heilskapleg og aktiv for å sikre behovet til innbyggjarane, tilflyttarane, næringslivet og kommunen. Ei fortsatt satsing på bulyst vert viktig, for å sikre folkevekst og tilgang til naudsynt arbeidskraft.

Arbeidstakarar i maritim sektor i Herøy må ikkje nødvendigvis bu i kommunen eller regionen. Utviklinga i talet på sysselsette i den maritime verksemda inneber difor ikkje nødvendigvis ei tilsvarande utvikling i folketalet i kommunen. Kommunen og næringslivet bør difor samarbeide om å tiltrekke seg andre næringskategoriar for å sikre eit breiare næringsgrunnlag. Dette må strategisk næringsplan ta omsyn til i sitt arbeid.

Kommunens praksis for sal av bustad- og næringstomter skal sikre utbygging, men bør vidareutviklast, eksempelvis gjennom sal på vilkår som bidreg til auka bukvalitet og derigjennom også bulyst. Dette kan særleg vere aktuelt ved sal av tomter eller større tomteområder til foretak. Skjerpa vilkår frå kommunen som selgar, kan redusere salsgevinsten og må vurderast opp mot eventuelle andre gevinstar relevant for bustadpolitikken.

Kommunens butilbod er avgrensa til bustadsosiale grupper. Kommunen bør vurdere å utvide butilbodet til å omfatte også unge nyetablerar og



arbeidsinnvandrarar. Kommunens strategi for utbygging av kommunalt butilbod må ta omsyn til fylgjande spørsmål:

1. Kva brukergupper skal kommunale bustadar nyttast til?
2. Korleis skal kommunen forvalte utleigebustadane?
3. I kva grad skal ulike brukergupper samlokaliseras?
4. I kva grad skal butilbod sjåast i samanheng med dagtilbod og tenestetilbod?
5. I kva grad skal ulike brukergupper integreras i eksisterande bumiljø?
6. I kva grad kan butilbod løysast gjennom samarbeid med private aktørar?

I utgangspunktet vil verken privatpersonar eller foretak gjennomføre bustadpolitikken med mindre privatøkonomiske vurderingar tilseier dette. Kommunen har difor primæransvaret for bustadpolitikken. Samstundes har næringslivet fokus på sitt samfunnsansvar for den vidare utviklinga av Herøy kommune som bu- og arbeidsmarknad.

Kommunen bør difor i planperioden vurdere vidare utvikling av bustadpolitikken i samarbeid med dei private aktørane på bustadmarknaden og med utgangspunkt i ei meir aktiv forvaltning av utleigebustadane som bustadpolitisk ressurs. Til dømes kan sal av utleigebustadar frigjere kapital til reinvestering i nye og meir tilpassa bustadar for dei brukargrupper kommunen vel å prioritere.

Investeringane kan gjennomførast i kommunal regi eller i samarbeid med dei private aktørane, til dømes gjennom eit felles investeringsselskap med mandat til å auke tilgangen på utleigebustadar og sikre bukvalitet og bulyst i utvalgte satsingsområde av kommunen.





## 5 MÅLSETTING, STRATEGI OG HANDLINGSPLAN

### 5.1 Målsetting

Kommunens målsetting for bustadpolitikken byggjer på konklusjonane ovanfor og målsettingane i nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid:

*“Alle skal ha et godt sted å bo”*

*“Alle med behov for tjenester skal få hjelp til å mestre boforholdet”*

*“Den offentlige innsatsen skal være helhetlig og effektiv”*

Målsettinga er utgangspunkt for ei overordna bustadpolitisk målsetting for Herøy:

*“Alle skal ha ein god og trygg stad å bu“*

### 5.2 Strategi

Fylgjande strategi ligg til grunn for arbeidet for å nå hovudmålsetjinga:

- 1. Herøy kommune sin bustadpolitikk skal vere heilskapleg og nyskapande og gjennomførast i samarbeid med næringslivet. Det bustadsosiale arbeidet skal vere ein integrert del av bustadpolitikken.*
- 2. Herøy kommune skal gjennom kommuneplanens arealdel og ulike reguleringsplanar legge til rette for bustadbygging i alle bygdelag.*
- 3. Herøy kommune skal som byggesaksmyndigheit og planmynde sikre bukvalitet og heilskapleg samfunnsutvikling.*
- 4. Herøy kommune skal som tilretteleggar, koordinator og utbygger vurdere ulike former for samarbeid med grunneigarar og utbyggerar for å sikre realiseringa av planlagde prosjekt.*
- 5. Herøy kommune skal gjennom planarbeid og samarbeid om utbygging, særleg arbeide for ei bærekraftig vidareutvikling av Fosnavåg sentrum.*
- 6. Kommunale bustadtomter skal selgast til marknadsverdi, eller til redusert markedspris på utbyggingsvilkår som bidreg til auka bukvalitet i utbyggingsområdet.*



7. *Kommunale bustader skal vere eit mellombels tilbod og kombinerast med bustadsosiale tenester som medverkar til at einskildmennesket tek ansvar for eige liv.*
8. *Herøy kommune skal selge kommunale gjennomgangsbustadar til leigetakarane til takst og reinvestere salsgevinsten i nye byggeprosjekt for å vidareutvikle butilbodet i kommunen, herunder sikre ein auga tilgang på kommunale gjennomgangsbustadar.*

### 5.3 Handlingsplan

Organisatoriske tiltak skal særleg sikre betre samhandling mellom einingar med bustadpolitisk ansvar og sikre ei betre ei betre forvaltning av bustadpolitiske virkemiddel.

1	Organisatoriske tiltak	Ansvar	Oppstart/år
1.1	Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad	EIG, PO, BuHab, BFH, NAV	2016
1.2	Revisjon av standardkontrakt for kommunal utleigebustadar	EIG	2016
1.3	Revisjon av retningslinjer for tildeling av startlån	EIG	2016
1.4	Revisjon av retningslinjer for tildeling av tilskot til tilpassing og etablering	EIG	2016
1.5	Utarbeiding av buopplæringspakke for kommunale leigetakarar	EIG, PO, BuHab, BFH, NAV	2016
1.6	Samarbeidsavtale mellom eigedomsavdelinga og dei tildelende einingane om tildeling av kommunal bustad, organisatorisk oppfølging og økonomisk virkemiddelbruk	EIG, PO, BuHab, BFH, NAV	2016
1.7	Utarbeiding av prinsippmodell for utbygging av kommunalt og butilbod	EIG, UTV	2016

Handlingsplanen inneber også eit mandat til rådmannen til å framforhandle sal av inntil 28 kommunale bueningar, fortrinnsvis til eksisterande leigetakarar:


2	Særleg om sal av eigedom	Ansvar	Oppstart/år
2.1	Sal av 1 buening i Eggesbøvegen 53 A	EIG	2016



2.2	Sal av 4 bueiningar i Storenesvegen 30-36	EIG	2016
2.3	Sal av 2 bueiningar i Solbergvegen 2-4	EIG	2017
2.4	Sal av 2 bueiningar i Solbergvegen 6-8	EIG	2017
2.5	Sal av 2 bueiningar i Trolldalsvegen 16-18	EIG	2018
2.6	Sal av 2 bueiningar i Trolldalsvegen 20-22	EIG	2018
2.7	Sal av 12 bueiningar i Holmsild gata 16	EIG	2018
2.8	Sal av 3 bueiningar i Igesundvegen 21	EIG	2018

Reinvestering i nye prosjekt må gjennomførast i samsvar med prinsippmodell for utbygging av kommunalt butilbod, sjå handlingsplanen kap. 1.7. Eit alternativ som må vurderast er då utbygging i kommunal regi på fylgjande kommunale tomter:

<b>3</b>	<b>Kommunale utbyggingstomter</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Oppstart/år</b>
3.1	Buholmlinja 20 – 6 bueiningar	EIG	2016
3.2	Eggesbøvegen 20 – 6 bueiningar	EIG	2017
3.3	Tjørnvågvegen 274-276 - 6 bueningar	EIG	2018



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2015/1161
		Arkiv:	F40

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/15	Komite for Helse og omsorg Komite for oppvekst	10.09.2015

### FØREBYGGANDE ARBEID FOR BARN OG UNGE

#### Tilråding:

Saka vert tatt til vitande

Særutskrift:  
Skuleleiar  
Barnehageleiar  
Kulturleiar  
NAV leiar  
Barn- familie og helseleiar

**Vedlegg:**

Notat om førebyggjande arbeid for barn og unge.

**Saksopplysningar:**

Det førebyggjande arbeidet for barn og unge har i mange år vore prioritert i kommunen. Styringsgruppa for arbeidet har sett at det no var behov for ei evaluering av området for å justere kursen noko.

Notatet tek for seg historikken for det førebyggjande arbeidet i kommunen fram til i dag og skisserar og den vidare organiseringa på området.

**Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen ynskjer å fylje opp saka i samsvar med notatet.

Fosnavåg, 28.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Inger Marie Tofthagen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

# Førebyggande arbeid for barn og unge

## 1. Innleiing

Kommunen har gjennom mange år arbeidd aktivt med førebyggande arbeid for barn og unge. Arbeidet har vore evaluert undervegs, og det har då også vore naturleg å justere kursen noko. No står ein igjen ved eit slikt vegskilje og vil i den samanhengen også oppsummere hovudpunkta i det som har skjedd så langt.

## 2. Historikk

Styringsgruppa for førebyggande arbeid for barn og unge har vore i arbeid i fleire år. I K-sak 45/01, i samband med handlingsprogram 2001-2004, vart det avsett midlar som skulle vere til rådvelde for gruppa. Seinare har det vore nytta psykiatrimidlar og andre prosjektmidlar til felles tiltak.

Rusførebyggande tiltak og haldningsskapande arbeid har hatt sterkt fokus. MOT-programmet i ungdomsskulen var lenge det dominerande tiltaket innanfor den økonomiske ramma styringsgruppa disponerte.

Styringsgruppa har vore samansett av leiarar frå dei ulike fagavdelingane i kommunen, som har ein funksjon mot barn og unge. Dette har vore Helse, Skule/PPT, Barnehage, Kultur og Barnevern/sosial. Samarbeidspartnarar har vore Politi, Tannhelse og Interkommunal styringsgruppe for førebyggande arbeid.

Gruppa fungerte i fleire år som eit samarbeidsorgan for prosjekt og tiltak i det førebyggande arbeidet, med utveksling og erfaringar, tankar og idèar.

## 3. Evaluering i 2008

I januar 2008 kjende ein behov for å konsolidere status. Det vart stilt spørsmål ved om gruppa faktisk var ei styringsgruppe, eller om det kun var eit informasjons- og samrådingsorgan. Ein stoppa derfor opp, skaffa seg oversikt over prosjekt og tiltak, samt reflekterte over vegen vidare. Det var nødvendig å gjere denne vurderinga for å skape engasjement for ei eventuell vidareføring av arbeidet.

I denne prosessen var ein bevisst på følgjande:

- Det foregår svært mykje førebyggande arbeid retta inn mot barn og unge. Noko er universelle tiltak, t.d. haldningsskapande arbeid og rettleiing i svangerskapsoppfølging, helsestasjon, skulehelsetenesta, skular og barnehagar, idrett og frivillige lag og organisasjonar. Noko er selekterte tiltak, der ein arbeider mot spesielle grupper i høve ein oppstått situasjon eller eit problem. Noko er indikerte tiltak, der ein set inn tiltak overfor enkeltpersonar eller mindre grupper for å avgrense følgjene av eit problem.
- Fagavdelingane har for dårleg kunnskap om kvarandre sine lovverk og ansvarsområde, mål og tiltak.

- Det førebyggjande arbeidet generelt, og det universelle spesielt, vert lite snakka om og gjort kjent både politisk og administrativt.
- Det er fleire tverrfaglege nettverk som er i gang, nokre fungerer svært godt, andre kan kanskje effektiviserast eller samordnast med andre.

#### **4. Prosess mot ny felles plattform**

Med bakgrunn i refleksjon, bevisstgjerung og ny kunnskap, bestemte styringsgruppa seg for å ta eit langt steg vidare i det førebyggjande arbeidet. Ein ville utarbeide ein felles plan for det førebyggjande arbeidet, med felles, overordna mål og strategiar. Dei ulike fagavdelingane sine mål og tiltak skulle bygge opp under og henge saman med desse.

Dette arbeidet hadde ikkje vore gjort før, og det vart ein møysommeleg og svært lærerik prosess. Fagavdelingane har i prosessen lært kvarandre å kjenne på ein ny måte. Ein har fått god oversikt, respekt for kvarandre sitt arbeid, og kjennskap til ansvars- og arbeidsområda i eit breiare perspektiv. Eini har sett behovet for samordning og målretting på fleire område, og har generelt fått større forståing for verdien av det førebyggjande arbeidet. Samtidig har ein med seg erkjenninga av at effekten av det universelle arbeidet, kan vere vanskeleg å måle. Likevel kan ein ikkje unnlata å arbeide på dette området, med tanke på at behovet for selekterte og indikerte tiltak då vil kunne bli langt større.

Proessen gav erkjenninga av at det var på høg tid ein fekk utarbeidd denne felles plattformen som planen vart, nettopp for å vite om kvarandre og i langt større grad arbeide tverrfaglege for å oppnå endå betre resultat.

#### **5. Plan for førebyggjande arbeid**

«Plan for førebyggjande arbeid 2009-2012» vart lagt fram for kommunestyret for handsaming i K-sak 57/09.

Planen viser breidda i det universelle arbeidet i kommunen, der det viktigaste er å leggje til rette for eit godt oppvekstmiljø for barn og unge.

I tillegg viser planen det selekterte og indikerte arbeidet, der ein synleggjer det sterke og tverrfaglege apparatet som skal stille opp og setje inn tiltak for dei barn og unge som får vanskar og slit med livet sitt, samt gripe inn når barn og unge lid overlast.

Planen er styringsgruppa og kommunen sitt overordna arbeidsverktøy i det samla førebyggjande arbeidet. Han forpliktar i forhold til felles kompetanseutvikling, tverrfagleg samhandling og felles rutiner for å fange opp og for å handle.

Planen har seinare vorte revidert årleg, i tillegg til at han har vore tema på alle møte i styringsgruppa.

I revisjonen gjort i januar 2011, klargjorde kvar fagavdeling kva ein hadde lykkast med og kvar utfordringane låg. Planen vart lagt fram for kommunestyret på nytt, samstundes med at kommuneoverlege og skuleleiar presenterte status og utfordringar for oppvekstmiljøet i kommunen.

## 6. Nytt vegskilje i 2014

På nytt står styringsgruppa ved eit vegskilje. I samband med årleg revisjon av planen, ser ein at det gjerne er detaljane i dei like avdelinga som vert «flikka på», i staden for dei overordna linjene. Det er no behov for ein grundigare revisjon av planen, der ein går tilbake til start og ser på både overordna mål, strategiar og felles utfordringar.

Gruppa har endra deltakarar, sett i forhold til starten. Dette har både med behov for fagkompetanse og omorganisering i kommunen å gjere. Gruppa er no stor og ulikt sett saman, med fleire frå somme avdelingar og færre frå andre. Ein må medgi at gruppa ikkje alltid er like effektiv.

Styringsgruppa har bestemt å la ei mindre gruppe vurdere status og kome med framlegg til ny organisering av gruppa. Inger-Marit Tofthagen, Eileen Gjerde og Sølvi Lillebø Remøy vart oppnemnt. Desse la fram eit forslag til restrukturering av organiseringa. I møte har styringsgruppa vedteke å følgje forslaget.

## 7. Ny organisering

### 7.1. Generelt

I staden for ei, stor styringsgruppe vert det no oppnemnd to grupper; ei strategisk styringsgruppe og ei faggruppe. Den strategiske styringsgruppa skal bestå av leiarane innan dei ulike fagavdelingane, medan faggruppa skal vere samansett av fagpersonar som arbeider direkte med barn og unge. Saman vil desse gruppene utfylle kvarandre og arbeidet vil verte meir effektivt og til det beste for barn og unge.

### 7.2. Strategisk styringsgruppe

Deltakarar i gruppa: leiarane for barnehage, skule, kultur, barn,- familie og helse og NAV. Denne gruppa skal danne basis for strategisk arbeid, og kan innhente kompetanse frå andre fagområde frå sak til sak.

#### **Mandat**

- Stake ut den overordna strategien for det førebyggande arbeidet for barne og unge
- Setje konkrete mål for arbeidet
- Innhentet tilstrekkeleg informasjon om oppvekstmiljøet og utfordringar, til å kunne legge klare mål og strategiar framover
- Legge forslag til mål og strategiar fram for faggruppa (sjå under), for involvering og forankring - og for at desse igjen kan utarbeide handlingsplanar.



### **7.3 Faggruppa**

Deltakarar i gruppa: Fagleiarar frå avdelingane som arbeider med barn og unge. Denne gruppa kan etablerast med utgangspunkt i ei allereie eksisterande gruppe; samarbeidsgruppa for barnevern, PPT og helsestasjon. Gruppa skal utvidast med representantar frå andre aktuelle fagavdelingar, som skule, barnehage, kultur og NAV.

#### **Mandat**

- Vere med på drøfting av mål og strategiar,
- Utarbeide handlingsplanar med konkrete tiltak, på bakgrunn av vedtekne mål og strategiar
- Sikre kvaliteten på dei tverrfaglege tenestene, ved jamn oppfølging og kompetanseutvikling.

#### **7.4.Felles**

Møtefrekvens: Begge gruppene skal ha minst 2 møte per år, oftare ved behov og i særlege arbeidsprosessar. Gruppene skal vidare ha minst eitt felles møte pr.år, for avklaringar og prioriteringar. Dei felles møta kan leggest i for- eller etterkant av dei spesifikke gruppemøta.

Endringa skal skje frå 2015. På første møte skal kvar av gruppene velje ein leiar. Strategisk styringsgruppa har allereie hatt sitt første møte, og har vald Inger Marie Tofthagen som leiar.

Strategigruppa skal starte med å evaluere og revidere dei strategiske satsingane og måla i Handlingsplan for førebyggjande arbeid 2012-2015. Dette arbeidet vil for fullt starte opp hausten 2015.. Det er innkalla til felles møte mellom gruppene 24. august 2015.

Faggruppa startar med å evaluere tiltaka for sine avdelingar, samt drøfte kvalitet og område for forbetring i dei tverrfaglege teama i barnehagar og skular.

### **8. Avslutning og vegen vidare**

Dette notatet skal leggest fram for Komite for oppvekst og Komite for helse og omsorg til orientering. Ein skal der også be om tilbakemelding frå komiteane på korleis dei vil verte informert om det vidare tverrfaglege arbeidet.

07.juli 2015

Inger Marie Tofthagen

Referatsaker

Referatsaker

# VELFERDSTEKNOLOGIPROSJEKTET PÅ SUNNMØRE

- Tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi
- Interkommunal mottakssentral for velferdsteknologi
- Implementering av varslings- og lokaliseringsteknologi
- Spelteknologi



**Sluttrapport**  
**2014 -2015**



# 1. Forord

I *Velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre* har vi søkt auka kompetanse gjennom lokale prosessar, og innsikt i erfaringar frå andre prosjekt, nasjonale prosessar og teknologisk utvikling. Alle desse faktorane har prega prosjektet og stilt krav om fleksibilitet på retning og framdrift.

Ved avslutning har vi oppnådd auka kunnskap om nytte, mulegheiter og utfordringar ved bruk av velferdsteknologiske løysingar. Denne kunnskapen er eit viktig bidrag inn i den vidare utviklinga mot ei framtidsretta og berekraftig helse- og omsorgsteneste, med fokus på eigenmestring, samfunnsdeltaking og livskvalitet.

Kunnskapen har vist seg nyttig, både for dei involverte kommunane og andre kommunar i fylket, men vi har framleis ein veg å gå både når det gjeld kunnskap om teknologi, behovsdrevne prosessar og innovasjon av tenestar fram mot morgondagens omsorg. Vi må framleis jobbe for å sikre at utviklinga har utgangspunkt i behova hjå brukar, pårørande, tenesteutøvar, organisasjonen og samfunnet, og vi må formidle desse behova, søkje løysingar og vere opne for å endre tradisjonelle løysingar. *Meld. st. 29 Morgendagens omsorg* seier:

*“Morgendagens omsorgstjeneste skal skape tjenestetilbudet saman med brukerne, samhandle med pårørande, ta i bruk velferdsteknologi og mobilisere lokalsamfunnet på nye måter” [\(1, s.23\)](#)*

*“Kunnskap om endringsprosesser, behovskartlegging og implementering er avgjørende for å sikre at teknologien dekker det behov den er ment å dekke og er i tråd med den som er praktisk og organisatorisk mulig i kommunen.” [\(1, s. 29\)](#)*

Prosjektet har hatt tre prosjektleiarar sidan starten i 2011. Dette har medført utfordringar med tanke på framdrift, men medfører at vi no sit med kompetanse fordelt på fleire personar innan eit svært spennande og utfordrande fagfelt.

Eg vil nytte høvet til å takke alle som har bidratt gjennom styringsgruppa, prosjektgruppene og i det daglege arbeidet, og håper på ytterlegare samarbeid rundt velferdsteknologi og utvikling av tenestar i åra som kjem.

Eg vil også takke ulike prosjektleiarar rundt om i landet som med glede delar og drøftar erfaringar.

Ei spesiell takk går til brukarar som har prøvd ut gps-sporing og spelteknologi.

06.08.2015

Tone Kiperberg Kirkhorn

Prosjektleder

## INNHALD

<b>1. Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>2. Innleiing</b> .....	<b>4</b>
2.1. Forankring.....	4
2.2. Bakgrunn.....	4
2.3. Vidareføring av prosjektet .....	5
<b>3. Oppdrag</b> .....	<b>5</b>
<b>4. Prosjektorganisering</b> .....	<b>6</b>
<b>5. Økonomi</b> .....	<b>7</b>
<b>6. Rapportering</b> .....	<b>7</b>
<b>7. Delprosjekt A: Tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi</b> .....	<b>8</b>
7.1. Hovudmål .....	8
7.2. Resultat.....	8
<b>8. Delprosjekt B: Interkommunal mottakssentral for velferdsteknologi.</b> .....	<b>9</b>
8.1. Hovudmål .....	9
8.2. Grunnlag for vurdering av vidare arbeid .....	9
8.3. Anbefalingar for vidare arbeid.....	17
<b>9. Delprosjekt C: Implementering av varslings- og lokaliseringsteknologi</b> .....	<b>18</b>
9.1. Hovudmål .....	18
9.2. Resultat:.....	18
<b>10. Delprosjekt D: Spelteknologi</b> .....	<b>21</b>
10.1. Hovudmål .....	21
10.2. Resultat .....	21
<b>11. Referansar</b> .....	<b>22</b>

## 2. Innleiing

Denne rapporten tek føre seg *Velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre*, frå og med mai 2014 til og med juni 2015. Rapporten tek utgangspunkt i prosjektplanen, godkjent av styringsgruppa 02.07.14. og gir fyrst ei generell innføring i prosjektet og så ei oppsummering av dei enkelte delprosjekta.

### 2.1. Forankring

Velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre har forankring i sentrale føringar om å ta i bruk velferdsteknologiske løysingar i helse- og omsorgstenesta, som *Meld. St. 29 (2012-2013) Morgendagens omsorg* [\(1\)](#) og *NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg* [\(2\)](#).

Prosjektet er drifta gjennom skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.

### 2.2. Bakgrunn

#### Det midtnorske velferdsteknologiprojektet

I perioden 2011 – 2013 finansierte og styrte dei tre fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sør Trøndelag og Nord Trøndelag, i samarbeid med KS, *Det midt-norske velferdsteknologiprojektet*. Prosjektet omfatta 16 kommunar som til saman var med på 12 ulike velferdsteknologiske delprosjekt.

Prosjektrapporten finn ein på fylkesmannen sine nettsider [\(3\)](#).

Prosjektet gjekk i utgangen av 2013 over i eit organisert nettverk; *Det midtnorske velferdsteknologi nettverket*.

#### Delprosjekta på Sunnmøre

Velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre starta som eit delprosjekt under Det Midt-norske Velferdsteknologiprojektet i 2011, og omfattar kommunane Ørskog, Vanylven, Herøy, Ulstein og Ålesund.

Delprosjektet på Sunnmøre starta opp med spelteknologi i 2011, med mål om at brukarar, pårørande og tilsette i helse- og omsorgstenesta skulle oppleve at spelteknologi kan nyttast som bidrag til positiv aktivitet. I 2012 la ein til eit prosjekt for å prøve ut sporing av personar med kognitiv svikt, ved hjelp av global positioning system (GPS). Føremålet med dette prosjektet var å samle erfaringar med sporing ved hjelp av Global Positioning System (gps) og finne ut om slik sporing kunne vere med og gje brukar og pårørande auka livskvalitet i form av meir tryggleik og fridom.

I etterkant av Det Midt-norske velferdsteknologiprojektet vart avslutta ved overgangen til 2014, vart det skrive tre rapportar:

1. *Sporing av personar med kognitiv svikt med hjelp GPS.*
2. *Tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi, erfaringsnotat*
3. *Statusrapport for spelteknologi, april 2014*

Desse rapportane ligg alle tilgjengeleg på [Ålesund kommune sine nettsider, under velferdsteknologi](#).



### **2.3. Vidareføring av prosjektet**

Velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre ønske å vidareføre prosjekta på bakgrunn av utprøvingane og erfaringane som var gjort i samarbeid med Det midtnorske velferdsteknologi prosjektet.

I mars 2014 gjekk prosjektleiari Helen Berg over i 100 % stilling som prosjektleiari ved ALV-møre ([www.alv-more.no](http://www.alv-more.no)), og Tone Kiperberg Kirkhorn vart tilsett som ny prosjektleiari.

## **3. Oppdrag**

Velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre sitt mandat for 2014-2015 vart godkjent av styringsgruppa 02.07.14.

Prosjektet skal jobbe mot mål og tiltak, som bygger på resultat og behov som er skildra i rapportane frå perioden under *Det midt-norske velferdsteknologiprojektet*.

Prosjektet skal gjennomførast med eit høgt etisk refleksjonsnivå og involvere brukarar og pårørande på ein måte som gjer at dei føler seg verdsatt og trygge.

Prosjektet skal innhente erfaringar frå andre liknande prosjekt, og drage nytte av desse inn i eige prosjekt, Det midtnorske velferdsteknologinettverket og Læringsnettverket om velferdsteknologi.

Prosjektleiari og lokale kontaktpersonar er ansvarleg for å involvere tilsette i kommunane og gje dei god opplæring der det trengst.

Prosjektet skal aktivt spreie informasjon om erfaringar både internt og eksternt, som til dømes Læringsnettverket om velferdsteknologi

Prosjektet skal organiserast i fire delprosjekt:

A. Tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi;

- Teste ut erfaringsnotatet internt i prosjektet og regionalt gjennom Det Midtnorske velferdsteknologinettverket.
- Dialog med KS og Nasjonalt program for velferdsteknologi for uttesting i større skala.
- Vere pådrivarar for utarbeiding av ein nasjonal rettleiar for tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi.

B. Interkommunal mottakssentral for velferdsteknologi;

- Gi oversikt over oppgåver som kan vere aktuelle for ein mottakssentral.
- Ta omsyn til sentrale føringar for morgondagens tryggleikspakke.
- Gi oversikt over kjente organisatoriske og teknologiske behov, fordelar og utfordringar ved etablering av mottakssentral(ar)

C. Implementering av varslings- og lokaliseringsteknologi;

Bidra til kompetanseauke i prosjektkommunane og utvikle prosedyrar som gjer at lokaliserings- og varslingssteknologien er, eller kan takast, i bruk som ei teneste på ein kvalitetssikra og trygg måte.

Dette skal omfatte:


- Behovskartlegging/tildeling
- Drift

Bidra til kompetanseauke og vere pådrivar for bruk av varslings- og lokaliseringsteknologi i øvrige kommunar i Møre og Romsdal fylke. På bakgrunn av dette skal det utarbeidast ei skisse til ein opplæringsplan.

#### D. Spelteknologi;

- Vere pådrivar for oppstart av spelteknologi på fleire arenaer i eigne kommunar, samt andre kommunar i Møre og Romsdal fylke.
- Bidra til nasjonal kunnskapsspreiing i forhold til spelteknologi.

## 4. Prosjektorganisering



Medlemmar i styringsgruppa:

Håvard Overå	-	Leiar/prosjekteigar Ålesund kommune
Sverre Veiset	-	Fylkesmannen
Marit Botnen	-	Ulstein kommune
Kari Sjøholt	-	Ørskog kommune
Ragnhild Velsvik Berg	-	Herøy kommune
Arnhild Nordaune	-	Vanylven kommune
Tone Kirkhorn	-	Prosjektleder og sekretær for styringsgruppa

Prosjektleder har rapportert til styringsgruppa.

Prosjektleder har nytta prosjektgrupper for delprosjekt C og D.

## 5. Økonomi

Prosjektet vart vidareført på resterande midlar etter oppstarten under Det midtnorske velferdsteknologiprojektet. Vi fekk avslag på søknad om nye prosjektskjønnsmidlar for 2014. Midlane vart strekt ut mars 2015.

Ved årsskiftet 2014/2015 gjekk kommunane i prosjektet saman om ein garanti for vidareføring av arbeidet ut juni 2015. Det vart søkt om nye prosjektskjønnsmidlar basert på erfaringane så langt og behovet for sjå ulike velferdsteknologiske løysingar i samanheng, som tryggleikspakkar. Arbeidet mot tryggleikspakkar vart starta som eit parallelt prosjekt under *læringsnettverk for velferdsteknologi* alt i oktober 2014, og det har vore ein flytande overgangen mellom prosjekta.

## 6. Rapportering

I tillegg til denne sluttrapporten er det skrive ein sluttrapport til Fylkesmannen, etter fastlagt mal.

Denne rapporten samanfattar kvart av dei fire delprosjekta i eigne kapittel.

Arbeid retta mot tryggleikspakkar er ikkje med i denne rapporten, sidan dette prosjektet går vidare.

## 7. Delprosjekt A: Tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi

Helen Berg mfl. har, på bakgrunn av arbeidet i velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre, skrive eit erfaringsnotat om tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi. Dette omhandlar viktige tema ein må ta omsyn til når ein skal ta i bruk varslings- og lokaliseringsteknologi, med hovudvekt på saksbehandling. Notatet tek føre seg grunnleggande føresetnader for saksbehandlinga, lovverket og presenterer case relatert til 3 typetilfeller av samtykkekompetanse. Erfaringsnotatet finn ein på Ålesund kommune sine nettsider ([4](#)).

### 7.1. Hovudmål

*Prosjektet har testa ut erfaringsnotatet Tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi og har nytta innhenta kunnskap som bidragsytar til utarbeiding av ein nasjonal rettleiar for varslings- og lokaliseringsteknologi.*

### 7.2. Resultat

I mai 2014 vart det oppretta dialog med KS, ved Une Tangen med ønskje om samarbeid for uttesting av erfaringsnotatet. Planen var på dette tidspunktet å gjennomføre ei spørjeundersøking lokalt, og så eventuelt ein nasjonal runde i samarbeid med KS og Nasjonalt program for velferdsteknologi.

20.08.14 vart det gjennomført eit samarbeidsmøte i Ålesund. Her møtte Une Tangen saman med Jarl Reitan frå Sintef. Sintef er leigd inn av KS for utarbeiding av Veikart for velferdsteknologi. Prosjektet var representert med Håvard Overå, Helen Berg og Tone Kirkhorn.

I møtet kom det fram at KS såg at erfaringsnotatet kunne legge grunnlag for ein haldeplass i Veikart for velferdsteknologi. Møtet resulterte i at utarbeida forslag til spørjeundersøking vart lagt til sides, til fordel for å gjennomføre 6 intervju for å avklare om spørjeundersøkinga ville gi svar på det vi hadde behov for.

Intervjua var planlagt gjennomført med ein intervjuar og ein sekretær, som i etterkant skulle samarbeide om å trekke ut dei 10 viktigaste funna. Dessverre var ikkje dette muleg grunna kapasitet så prosjektleiar gjennomførte difor intervjua sjølv, med diktafon. Oppsummering av intervjua vart systematisert og sendt KS i desember 2014.

Tilbakemeldingane vi fekk gjennom intervjua var svært positive. Erfaringsnotatet blir vurdert til å gi eit godt fagleg grunnlag, som kan nyttast både ved opplæring og som støtte i konkrete tildelingssaker. Tilbakemeldingane tyder også på at oppbygginga er god, og bidreg til å sikre god forståing. Samtidig peikar tilbakemeldingane på behov for meir erfaring og ønskje om konkrete verktyø som kan nyttast under tildeling og i kvalitetssikring av varsling og lokalisering som teneste. På bakgrunn av desse tilbakemeldingane ser vi ikkje lenger behov for å gjennomføre ei større spørjeundersøking direkte mot notatet. Resultat og konklusjon vart sendt KS og Sintef 22.12.14, med oppfølgjande e-post for tilbakemelding 10.02.15. Det har ikkje kome tilbakemeldingar.

På bakgrunn av stor etterspurnad etter notatet og manglande tilbakemeldingar frå KS og Sintef er det bestemt at notatet blir revidert, illustrert og publisert via Høgskolen i Ålesund si notatserie i løpet av hausten 2015.

## 8. Delprosjekt B: Interkommunal mottakssentral for velferdsteknologi.

Framtida ser ut til å omfatte auka bruk av velferdsteknologi generelt, og kommunikasjons-, varslings- og lokaliseringsteknologi spesielt. Dette kan medføre stor auke også i behovet for oppfølging og driftskontroll av teknologiske løysingar, mottak av alarmer mv.. I delprosjekt B er ønsket å sjå på om interkommunal mottakssentral er eigna/formålstenleg å etablere for å løyse desse utfordringane.

### 8.1. Hovudmål

Prosjektet skal gjennom ein oversikt over kjente organisatoriske og teknologiske behov, fordelar, ulemper og utfordringar ved etablering av mottakssentral(ar), gi grunnlag for vurdering av vidare arbeid mot etablering av ein interkommunal mottakssentral for varslings- og lokaliseringsteknologi.

### 8.2. Grunnlag for vurdering av vidare arbeid

#### Nasjonal status

I oktober 2014 kom *Helsedirektoratets anbefalinger på det velferdsteknologiske området, Rapport IS-2225* [\(5\)](#). I denne rapporten anbefalas kommunane bl.a.:

*” å starte planleggingen av ny løysning for mottak av signaler fra trygghetsalarmer og andre velferdsteknologiske løysningar. Det må etableres en full digital mottaksfunksjon som tilfredsstillere kravene til mottak og avsendelse av ulike typer signaler. Helsedirektoratet vil gi nærmere anbefalinger om dette medio 2015. Nasjonal referansearkitektur planlegges å være på plass senest i 2017.”* [\(5, s.6\)](#)

7.april 2015, lanserte Helsedirektoratet i eit nyheitsbrev på sine nettsider [\(6\)](#) at dei planlegg ein nasjonal rammeavtale for mottak av digitale tryggleiksalarmar. Dette for å gjere overgangen frå analoge til digitale tryggleiksalarmar enklare for kommunane. Rammeavtalen vil gjelde frå 2016 og ut 2018, eller til nasjonal infrastruktur for velferdsteknologi er etablert. Helsedirektoratet anbefalar her kommunar som ikkje har på plass avtaler rundt digitalt alarmmottak for tryggleiksalarmar å nytte avtalen i staden for å kjøpe noko sjølv, inntil den nasjonale infrastrukturen er på plass.

13.juli 2015 kom Helsedirektoratet med ny informasjon på sine nettsider [\(7\)](#) om mottak av digitale tryggleiksalarmar. Helsedirektoratet har gitt Kristiansand kommune i oppdrag å etablere mottakstenesta, no kalla responscenter. Dette vil vere eit midlertidig tilbod kommunane kan velje, på lik linje med private leverandørar, frå og med 2016 og inntil ein nasjonal velferdsteknologisk infrastruktur er etablert i løpet av 2017.

Helsedirektoratet viser samstundes til eit brev til bransjeorganisasjonane [\(8\)](#) der dei informerer om at denne kommunale løysinga er gjort ut i frå omsyn til kommunar som ikkje ønskjer privat tenesteytar, men som av ulike årsaker finn ei kommunal løysing politisk og administrativt enklare. Dei viser her også til at fleire kommunar ønskjer privat leverandør og at dei i samarbeid med Bærum kommune vil utarbeide ein kravspesifikasjon for innovativ anskaffelse av responscenter teneste. Denne vil bli allment tilgjengeleg ved utgangen av 2015.

## Lokal status

Behovet for digitalt mottak for tryggleiksalarmar er stort for mange kommunar i Møre og Romsdal. Dette på grunn av mange gamle analoge mottak, plassert lokalt på t.d. sjukeheimar. Mange av desse er nå så gamle at dei risikerer å ikkje få tak i reservedelar ved behov. Spørsmålet blir kva som skjer dersom dette bryt saman, før dei ev. kan nytte eit eksternt mottak via ein nasjonal rammeavtale.

Mange slit også med gamle tryggleiksalarmar og vurderinga av om dei skal investere i nye analoge eller digitale, noko som er avhengig av tilgang på digitalt mottak eller mulegheita for omforming av signal til analogt mottak.

Ingen av kommunane i Velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre er tilknytt ein digital mottakssentral. Ålesund og Vanylven er knytt til 110-sentralen Møre og Romsdal, som planlegger overgang til digitalt mottak sommaren 2015. I den samanheng er det etablert møtepunkt i form av samarbeidsmøter, for utveksling av informasjon. På denne måten har projektet bidratt med kunnskap om sentrale føringar og komande behov hjå kommunane inn i 110-sentralen sitt prosjekt

### 110-sentralen

Møre og Romsdal 110-sentral KF er mottakssentral for dagens tryggleiksalarmar frå fleire kommunar i regionen, og nye kommunar har knytt seg til 110-sentralen siste året på bakgrunn av forelda mottakssystem lokalt. Vidare drift og tilbod frå 110-sentralen er avhengig av resultat på vedtak rundt vidare eksistens (10.juni), og deretter kva styret i sine vedtak seier rundt kva sentralen skal tilby. Sentralen har gjennomført eit forprosjekt retta mot å kunne tilby leasing av tryggleiksalarmar. Sentralen ser på dette som ein fordel, med tanke på sikring av alder og type utstyr, samt direkte kontroll på brannalarmar.

Dersom 110-sentralen på sikt skal utvide mottaket med tanke på velferdsteknologi, vil det vere aktuelt å tilsette operatørar med helsefagleg kompetanse.

Når 110-sentralen frå sommaren 2015 går digitalt, vil dei nytte det web-baserte systemet Locus. Dette systemet kan nyttast via det kommunale nettet. Det betyr at ein kan velje å drifte ein mottakssentral for velferdsteknologi på Locus, samlokalisert med 110-sentralen eller som i eige lokale. Dette vil avhenge av direktoratet sine retningslinjer.

Dersom kommunane vel andre mottak enn 110-sentralen, mister sentralen inntekter. Dette kan medføre auka kostnader (pris per innbyggjar) for kommunane.

### **Tekniske krav:**

I følgje informasjon frå Helsedirektoratet 7.april 2015 [\(6\)](#) skulle det kome konkretisering av tekniske krav til velferdsteknologisk responscenterløyser, som alt velferdsteknologisk utstyr ute hjå brukarane kan koplust opp mot, sommaren 2015. I følgje siste informasjon om responscentertertenesta er dette justert til slutten av 2017. *“Helsedirektoratet arbeider for tiden med å utarbeide tekniske anbefalingar til responscentertertenester, men dette vil ikkje være klart før i slutten av 2017.”* [\(7\)](#).

Det som har kome av teknologiske anbefalingar i perioden er knytt opp mot bruk av opne IP-standardar i kommunikasjonen mellom utstyr hjå brukar og alarmsentralen. I *Helsedirektoratets*

anbefalinger på det velferdsteknologiske området (5) anbefalast spesifikt å nytte standardar i samsvar med Continua rammeverket eller den Svenske standarden SCAIP.

Continua er eit standardiseringsrammeverk, med god tilslutning internasjonalt. 18.12.14 informerte Regjeringa på sin nettside (9) om at dei innfører Continua på velferdsteknologiområdet i Norge, for å sikre at ulike løysingar fungerer saman.

Et Continua Service Center er under etablering i Norge. Dette senteret skal støtte brukarar og leverandørar i bruk av anbefalingane. Senteret vil drive eit nettverk beståanda av aktørar frå helsesektoren (kommunar, primær- og spesialisthelsetenesta), akademia og leverandørar.

SCAIP (10) står for Social Care Alarm Internet Protocol, og er ein standard for ein open IP-basert kommunikasjonsprotokoll for tryggleiksalarmar. Standarden skildrar og definerer kommunikasjonen mellom ei alarmeining og eit alarmmottak. Ein open kommunikasjonsprotokoll er nødvendig for å sikre interoperabilitet i tryggleikskjeda. Protokollen som definerast i denne standarden tillater open og transparent informasjonsoverføring og kommunikasjon mellom tryggleiksalarmsystem for kommunikasjon og alarm mellom einingar og alarmmottak.

Helsedirektoratet sine anbefalinger (5) seier at for kommunikasjon mellom tryggleikspakken og alarmmottak anbefalast det å nytte Continua rammeverket i størst muleg grad. I praksis vil det bety IHE PCD-01 profilen av HL7 v.2.6 som overførast over SOAP/http og nyttar 11072 nomenclature. For tryggleiksalarm dekkjer ikkje 11073 posisjonering og talekanalar og Helsedirektoratet anbefaler derfor at den svenske SCAIP-standarden også kan nyttast.

PA Consulting Group har på oppdrag frå Helsedirektoratet gjennomført ei kartlegging av korleis alarmmottak for velferdsteknologiske løysingar er organisert i Norge, Sverige, Danmark, Storbritannia og USA. I rapporten *Organisering av alarmmottak i Norge og utlandet (11)* viser dei til ei forventning av at volumet på signal frå velferdsteknologi vil auke betydeleg i framtida, og at det difor er viktig å legge til rette for teknisk robuste løysingar, som også kan handtere volumauke. Dei viser også til at auka bruk av kameraovervaking og telehelse stiller krav til auka nettverkskapasitet og sikkerheit.

Fagsystem/EPJ er eit tema som må takast med i drøftingar, både med tanke på behov for tilgang til informasjon om brukarar og behov for dokumentasjon. Dette må sjåast i samanheng med kompetanse hjå personale, oppgåver og ikkje minst informasjonssikkerheit. Det er nærliggande å tenke at vurderingar av korleis ein alarm skal handterast er helsehjelp, som skal dokumenterast i samsvar med lov og forskrift.

For å oppnå effektive prosessar kan det også vere aktuelt at enkelte oppdrag blir formidla til heimetenesta via EPJ, at ein ser på mulegheit for eMeldingar til fastlegar, mulegheita for direkte timebestillingar hjå fastlegar og liknande.

## **Innhald/funksjonar**

Dagens løysingar omfattar i hovudsak alarmmottak for tryggleiksalarmar. I hovudsak er det den tradisjonelle alarmknappen som blir nytta, gjerne i kombinasjon med brannalarm.

I framtida vil det vere behov for å organisere mottak av alarmer mm. frå eit vidare spekter. Aktuelle funksjonar kan omfatte:

- Aktive alarmer: dagens alarmknapp eller tilsvarende alarmer som brukar aktivt utløyer for å tilkalle hjelp. Dette vil gjelde både innomhus og utomhus(gps)
- Passive alarmer: sensorar eller brytarar som er montert for å registrere og varsle ved spesifikke hendingar, utan at brukar bevisst utløyer denne. Dette kan vere fallsensor, bevegelsessensor, dørbrytar, sengematter, trakkematter, varsel frå kjøleskap mm.
- Lokalisering: lokalisering kan skje innomhus eller i avgrensa område ved hjelp av sensorar/radiosignal eller ved hjelp av gps, derunder elektroniske gjerder/geofence.
- Videotilsyn/videokommunikasjon: passive tilsyn for eksempel på natt eller aktive med kommunikasjon som tilsyn på dag. Dette kan også vere aktuelt ved utløyst alarm, som supplement til telefon.
- M-Helse: ulike sensorar som måler blodtrykk, temperatur, puls og blodsukker, treningsapp'ar, kosthaldsdagbøker og løysingar for kommunikasjon og dialog.

Utover alarmfunksjonar kan det også vere aktuelt å vurdere om sentralen skal fungere som ein informasjonskanal der enkle spørsmål og helsehjelp løysast ved dialog og rådgjeving. Helsevakta i Trondheim kommune skal fungere som eit callsenter for kronisk sjuke og gjer det enkelt for befolkninga å finne fram for å få hjelp ved ikkje planlagde behov for helse og velferdstenestar.

Ved organisering av ein alarmsentral for velferdsteknologi må ein også ta med i vurderinga korleis dette skal fungere opp mot legevakt og kommunale akutte døgnplassar. Kan ei samkøying av desse funksjonane bidra til auka sikkerheit og tryggleik for brukarar og pårørande, og understøtte kvalitet i tenesteytinga heime hjå brukar?

## Organisering

Helsedirektoratet omtalte i sine anbefalingar på det velferdsteknologiske området [\(5\)](#), planar om å sjå på responsentertenesta. Dette arbeidet er forseinka, og vil truleg starte i månadsskiftet oktober/november 2015. Ei arbeidsgruppe skal då vurdere anbefalingar knyta til kompetansekrav, kritisk masse, responstid, synleggjere ulike organisasjonsmodellar og tenesteområder mv. Arbeidsgruppa skal også sjå nærare på gråsoneproblematikk opp mot AMK-sentralane og berøre heile velferdsteknologiområdet.

I påvente av dette har prosjektleiar vore i kontakt med fleire kommunar og andre aktørar, med mål om å samle erfaringar. Det har vist seg at fleire kommunar, eller samarbeidsregionar har planar om å opprette mottakssentral for velferdsteknologi, men få har kome langt. Trondheim kommune er truleg den kommunen som har kome lengst i sitt prosjekt Helsevakta. I tillegg til legevakt, KAD og vaktssentral organiserer dei ei tryggleikspatrulje som rykker ut heile døgnet, samt utfører heimeteneste på natta.

I tillegg til ei kort oppsummering av erfaringar relatert til organisering under, er eit utval ulike prosjekt presentert under kapitlet *Prosjekt i Norge*.

### Størrelse

PA Consulting vektlegg i sin rapport *Organisering av alarmmottak i Norge og utlandet* [\(11\)](#) viktigeita av å oppnå kritisk brukarmasse. På bakgrunn av erfaringstal som blir presentert i rapporten vurderer dei kritisk brukarmasse i Norge til å vere minimum ca. 20 000.



Rapporten skildrar 6 ulike modellar for organisering av alarmmottak, og anbefaler modell nr. 6, basert på kartleggingar og vurderingar skildra i rapporten.

I Modell 6 “Sentralt alarmmottak og felles IT løysing” ligg det at kommunane får mulegheit til å velje mellom å nytte sentralt alarmmottak (2-4 stk.), eller behalde lokalt alarmmottak som kan koplast opp mot felles IT-løysing. Modellen sine styrker og svakheiter vurderer dei til:

**“Modellens styrker:**

- Avlaster hjemmetjenesten, legevakten og nødetater, og gir dem mulighet til å fokusere på kjerneoppgaver
- Kommunen kan håndtere høyt signalvolum
- Alarmmottak oppnår kritisk brukermasse og drives effektiv. Sterkt kompetansmiljø sikres
- Tjenestene profesjonaliseres og kvalitet opprettholdes
- Det etableres robuste tekniske løsninger med høy grad av redundans, som møter høye krav til nettverkskapasitet og sikkerhet
- Brukerorientering sikres gjennom bruk av rikt datagrunnlag
- Kommuner sikres valgfrihet til å beholde alarmmottak lokalt

**Modellens svakheter:**

- Utfordrende å skape velfungerende grensesnitt mellom sentralt mottak og kommunenes hjemmetjeneste
- Mottaket ligger langt fra brukeren ved bruk av sentral løsning
- Modellen kan skape noen få, dominerende leverandører”

[\(11, s.142\)](#)




Fig. 1: Vurdering av mulige modeller for organisering av alarmmottak i Norge [\(11, s.141\)](#)

## Faggruppe / bemanning

Ved auka spekter av typar velferdsteknologi knytt til eit alarmmottak, er det behov for diskusjon rundt krav til fagkompetanse hjå operatørar. I denne diskusjonen må ein vurdere behovet for helsefaglege vurderingar, siling/direkte handtering av alarmer, andre arbeidsoppgåver som blir lagt til eller samorganisert med sentralen, økonomi mm.

## Beredskap

Ved etablering av ein alarmsentral og innføring av eit spekter av velferdsteknologi stiller dette krav til beredskap på ulike nivå. I dag er det heimesjukepleia som reiser ut til brukarar ved alarm, enten alarmer kjem direkte eller går via ein sentral. På sikt kan det bli utfordrande for heimetenesta å klare å handtere dette samstundes som den dei planlagde oppgåvene skal utførast. Her må ein difor sjå på kapasitet og rutinar for beredskap, noko som vil vere forskjellig mellom kommunane relatert til talet på brukarar og geografiske avstandar.

Ein må og ta høgde for at brukarane ikkje alltid er i heimen når alarmer vert utløyst, til dømes dersom brukar har mobil tryggleiksalarm/GPS. Mulegheita for mobilitet kan medføre at brukaren er i utmark, eller kanskje har reist utanfor kommunegrensa.

Velferdsteknologiske løysingar må vere best mogleg sikra gjennom back-up løysingar, roaming og liknande, men det vil alltid vere ein risiko for at systemet fell bort. Det medfører behov for ein beredskapsplan for handtering av ulike situasjonar. Ikkje minst er det viktig med ei oversikt over personar med risiko for akutte hendingar, og ein plan for oppsøking av desse.

## **Prosjekt i Norge**

Det er mange områder i Norge som jobbar, eller planlegg å jobbe aktivt fram mot ein mottakssentral for velferdsteknologi i ei eller anna form. Under følgjer ein kort presentasjon av eit utval.

### Trondheim kommune - Helsevakt

Innan 2016 skal Trondheim kommune etablere ein ny tenestemodell for planlagde behov for helse og velferdstenestar, ei Helse- og velferdsvakt (Helsevakt). Formålet med dette er å samle alle kontakter angående ikkje planlagde behov i eit mottak, der ein vurderer og avgjer vidare oppfølgingstiltak. Vaktentralen bygger på dagens legevaktsentral og alarmmottaket for tryggleiksalarmar, og skal gjer det enkelt for befolkninga å finne fram for å få hjelp ved ikkje planlagde behov for helse og velferdstenestar heile døgnet. Helsevakta skal også bidra til auka sikkerheit og tryggleik for etablerte brukarar av helse og velferdstenestene og deira pårørande ved at dei sikrast vidare oppfølging, samt inneha system for å handtere velferdsteknologi som understøttar tenesteytinga heima hjå brukar. Prosjektet er forankra i Trondheim kommune sin handlingsplan for Velferdsteknologi(2011) og i kommunedelplan for tenester til eldre over 67 år (Eldreplanen). [\(12\)](#)

Helsevakta i Trondheim kommune omfattar legevakt, vaktentral, akutt ambulerande teneste og kommunal akutt døgneining. [\(13\)](#)

Den nye systemløysinga dei nyttar er levert av Siemens, i samarbeid med Locus Public Safety AS. [\(14\)](#)

Trondheim kommune har erfart utfordringar med samkøying av system for mottakssentral og andre fagsystem. Dei jobbar for integrasjon mellom systema for å sikre hensiktsmessig informasjonsflyt.

Trondheim kommune jobbar også med signalanlegg knytt til sjukeheimar og omsorgsbustadar, og planlegg at alarmer frå omsorgsbustadar som ligg i tilknytning til institusjon/omsorgssenter skal gå til omsorgssenteret.

#### Værnesregionen:

Værnesregionen jobbar med å greie ut ulike modellar for felles alarmmottak i regionen, med mål om kravspesifikasjon for felles alarmmottaksløysing. [\(15\)](#)

#### Fredrikstad

Fredrikstad arbeider med å etablere eit digitalt mottak i fyrste fase hausten 2015, med utgangspunkt i eSence frå Tieto, kombinert med eigen velferdsteknologiplattform. Mottaket vil ikkje ha alle ønska funksjoner knytt til eit mottak i fyrste fase, og dei må basere seg på det dei har og kombinasjonsløyser. Kontaktperson i Fredrikstad er Ulf Harry Evensen.

#### Lister-regionen:

Hausten 2014 gjennomførte dei 6 kommunane i Lister-regionen og Senter for eHelse ved Universitetet i Agder(forskningspartner) eit evalueringsprosjekt, med mål om å kartlegge dagens situasjon ved mottak av tryggleiksalarmer i kommunane og evaluere mulege framtidige løysingar. I rapporten *Trygghetsalarmer og alarmmottak for Lister-regionen. Nåsituasjon og framtidige løysingar* [\(16\)](#) anbefalast følgjande:

*“ a) Innenfor Agder-regionen bør det etableres en samordnet døgnbemannet vaktssentral for den primære håndtering av alarmer fra trygghetspakker og velferdsteknologiske systemer.*

*b) Vaktssentralen bør bemannes med helsefaglig personell.*

*c) Vaktssentralen bør utvikles som en tjenesteintegreert modell med desentraliserte funksjoner, der lokalt bemannede tjenester på dagtid kan forestå det primære alarmmottak.*

*d) Modellen for en «Helsevakt» som omfatter både alarmmottak, telefonhenvendelser og kravet til nødmeldetjenestens LV-funksjoner kan være egnet også for Lister-regionen.*

*e) Interkommunale avtaler må inngås som grunnlag for etablering og drift.*

*f) Tekniske løsninger for en regionalisert modell må baseres på samkjørte og integrerte funksjoner, noe som blant innebærer en integrasjon med eksisterende fagsystemer for pleie- og omsorgssektoren i hver enkelt kommune.*

*g) Krav til kvalitetssikring av tjenestene bør utarbeides, med tilhørende overordnede mål, kompetansekrav, rutiner, kompetanseutvikling, rutinemessige «katastrofeøvelser» og evalueringer av tjenestene.*

*h) Nære pårørende og frivillige tjenester vil utgjøre en viktig ressurs for å ivareta behovet for en rask lokal oppfølging av aktuelle situasjoner og hendelser, og må omfattes av den framtidige tjenesteutviklingen på dette området. Samtidig må tilrettelegges for private*

*anskaffelser av velferdsteknologiske løsninger som kan inngå i et samarbeid med det offentlige tjenestetilbudet. “*

[\(16, s.56\)](#)

Lister-regionen omfattar kommunane Sirdal, Farsund, Flekkefjord, Hægebostad, Kvinesdal og Lyngdal.

#### Østre Agder:

Kommunane i Østre Agder (Arendal, Froland, Gjerstad, Risør, Tvedestrand, Vegårshei og Åmli) har og gjennomført ei utredning knytt til alarmsentral og skrive rapporten *Utredning av mottakssentral (20)*. Denne tek føre seg kva ein mottakssentral bør omfatte, samt vurderer det som lite aktuelt å gå vidare med ein prosess som tek sikte på etablering av eit alarmmottak for Østre Agder. Dette blir grunnlagt med at alle signal peikar i retning av vesentleg større geografiske nedslagsfelt, kanskje som heile Agder. Dei understreker også at det er gode grunnar til å sjå utvikling av alarmmottak opp mot prosessar som pågår både knytt til tryggleiksalarmer, legevaktstilbod og telemedisin/eHelse.

Rapporten var ferdig i november 2014, og oppfordrar til å starte eit prosjekt for utredning av eit alarmmottak som kan betene heile eller delar av Agder. Dei er no i dialog med Helsedirektoratet om å bli ein nasjonal pilot for ein interkommunal alarmsentral under det nasjonale velferdsteknologiprogrammet, ALMO.

Kontaktperson er Ståle Sjaavaag, Risør kommune.

#### Kristiansand:

Kristiansand kommune har fått i oppdrag frå Helsedirektoratet å etablere eit tidsavgrensa tilbod om responsentertjeneste for mottak av signal frå og oppfølging av digitale tryggleiksalarmer. Dette skal vere eit valfritt tilbod til alle kommunane i landet.

Informasjonen frå Helsedirektoratet skildrar målsetjinga på si nettside som [\(7\)](#):

*“Kommunene skal kunne velge mellom to tilkoblingsløsninger:*

*A. Full løsning der responsenteret i Kristiansand både tar i mot og følger opp trygghetsalarmer. Hvis det er behov for utrykning til hjemmet, vil responsenteret gi melding til de som kommunen har bestemt skal rykke ut til brukeren.*

*B. Teknisk løsning, der kun signalene går via responsenteret i Kristiansand, men der mottak og oppfølging av trygghetsalarmene skjer av de kommunen bestemmer skal ivareta denne tjenesten.*

*I tillegg vil responsenteret i Kristiansand tilby en løsning der kommunar kan inngå leasingavtale av mobile og faste trygghetsalarmer fra 2-3 ulike leverandører.*

*I løpet av høsten vil det komme ytterligere informasjon om tilbudet, med priser og kontaktopplysninger.”*

Asker og Bærum:

Bærum kommune vil samarbeide med Helsedirektoratet utarbeide ein kravspesifikasjon for innovativ anskaffelse av responsentertjenester, som blir allment tilgjengeleg ved utgangen av året. I etterkant av dette vil Bærum, saman med Asker og truleg fleire kommunar, gå saman om ein anskaffelse av privat responsentertjeneste. [\(8\)](#)

### ***8.3. Anbefalingar for vidare arbeid***

Resultatet av Helsedirektoratet sitt arbeid mot eit overordna rammeverk for velferdsteknologi med standardar, arkitektur og retningslinjer, vil forhåpentlegvis bidra til at velferdsteknologi kan utviklast og utnyttast på ein effektiv måte.

Innan dette er på plass vil også andre faktorar endre seg, som til dømes prosessar relatert til kommunereforma.

Prosjektleiari anbefalar kommunane å samarbeide rundt val av løysing for mottak av digitale alarmer. Dette gjeld både på kort sikt rundt val av privat eller kommunal aktør for mottak og på lengre sikt for eventuell etablering av ein eller fleire mottakssentralar i regionen – og aktuelle funksjonar her.

Ein aktuell faktor å følgje med på er eKommune Sunnmøre sitt arbeid fram mot ein digitaliseringsstrategi, der felles mottakssentral blir foreslått som eit effektmål. Kontaktperson er Øivind Hagen, Ålesund kommune.

## 9. Delprosjekt C: Implementering av varslings- og lokaliseringsteknologi

Undersøkinga som legg grunnlag for prosjektrapporten *Sporing av personar med kognitiv svikt med hjelp av GPS* (17) syner at :

*“Brukarar, pårørande og personalet i kommunehelestenesta ynskjer å ta i bruk lokaliseringsteknologi då dei meiner at dette kan gje auka fridom og tryggleik. 16 personar fekk tildelt ein SE. Etter 6 månader var det 5 personar som framleis nytta gps-sporing. Brukarane og pårørande erfarte at å bruke denne teknologien førte til meir tryggleik og fridom i kvardagen.*

*At mange ikkje opplevde dette som ei tenleg løysing var knytt til funksjonaliteten til teknologien, både når det gjaldt batteri, alarmfunksjon og brukargrensesnittet. Organiseringa og oppfølginga av ei slik teneste, krev retningslinjer og klare prosedyrar for handtering av sporingsteknologi.”* (17,s.V)

Gjennom delprosjekt C ønskjer ein å sjå vidare på funksjonaliteten i teknologien og organiseringa av tenesta, slik at varslings- og lokaliseringsteknologien kan takast i bruk som ei teneste på ein kvalitetssikra og trygg måte. Dette kan bidra til å trygge omsorgspersonane omkring brukaren, og gjere det mogeleg for dei å fortsette og «vake over» brukaren, med eller utan hjelp/støtte frå kommunen. Dette kan i neste omgang bidra til å gjere det mogeleg for personar med kognitiv svikt å oppleve sjølvstende og bu lenger i eigen bustad.

### 9.1. Hovudmål

Prosjektkommunane har kompetanse og prosedyrar som gjer at lokaliserings- og varslingssteknologien er i bruk, eller kan takast i bruk som ei teneste på ein kvalitetssikra og trygg måte.

### 9.2. Resultat:

#### Kompetanse:

#### Teknologi:

Erfaringane frå utprøving av gps er dokumentert i rapporten *Sporing av personar med kognitiv svikt, ved hjelp av GPS* (17).

På bakgrunn av erfaringane med eininga som har vore utprøvd i prosjektet var det behov for å sjå på alternative einingar før implementering av GPS som ei teneste. Utvalet innan gps er stor i det ordinære markedet. I tillegg til einingar med GPS som hovudfunksjon, finn ein også eit breitt utval av app’ar for mobiltelefon. I prosjektet har vi avgrensa kartlegginga til å gjelde sjølvstendige einingar med GPS som hovud funksjon.

Hovudkartlegginga har omfatta Safemate, Careto, Curaservice og Demenshjelpen sine produkt. I tillegg har vi fått introduksjon av einingane til Vakt og Alarm, Dignio, Safecall (6 ulike) og AddSecure. Det var mange detaljar å halde oversikt på, noko som resulterte i at funksjonane vart samla i eit skjema.

Det har så kome spørsmål frå ulike kantar rundt denne kartlegginga, og ønskje om at arbeidet vart delt. Dette har medført at arbeidet har blitt kvalitetssikra ei ekstra runde opp mot dei ulike leverandørane før deling. Sluttproduktet er sendt ut til kommunane i Læringsnettverket, og blir lagt ut på nettsida til [ALV-Møre og Romsdal](#).

Gjennom kartlegginga har vi sett at dei fleste einingar har noko likt og noko ulikt. Kva som er fordelar og ulemper er avhengig av den enkelte brukar sine individuelle behov, samt rammer for organisering av oppfølging og beredskap.

Ingen av einingane skilte seg tidleg så positivt ut i stor nok grad til at vi valte å køyre ei utvida utprøving. Sidan ikkje ei eining har skilt seg klart ut med tanke på å dekkje behova har også prosessen med implementering av gps som ei ordinær teneste blitt satt på vent. Det er vanskeleg å byggje ei teneste for ei målgruppe, før teknologien som set rammer for tenesta er avklart.

Etter drøfting med prosjektgruppa, leiar for styringsgruppa og virksomheitleiar for tildeling i Ålesund kommune, konkluderte prosjektleiar med å anbefale Safecall si nye løysing Safeloc. Årsaka til dette er at Safecall gjennom Safeloc tilbyr fleire ulike einingar knytt til ei felles plattform. Ein har dermed ei betre mulegheit til å velje teknologi tilpassa den enkelte brukar sitt behov. Leverandør vart kontakta og ville kome for presentasjon i januar. Dette vart utsett fleire gongar, men vi fekk endeleg systemet demonstrert under Fagdag for GPS, 28.april 2015.

#### Undervisning /deling

I september 2014 gjennomførte vi ei erfaringskonferanse basert på kunnskapen som var samla gjennom prosjektet. Konferansen samla 90 personar frå 15 ulike kommunar, 3 ulike organisasjonar, 2 firma, 110-sentralen, Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Når det gjeld GPS presenterte vi resultat relatert til tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi og praktiske erfaringar med bruk av GPS, samt at vi hadde stands der fire forskjellige GPS alternativ med plattform var presentert. Standen var bemanna med tilsette som har bidratt i prosjektet. I etterkant av konferansen vart presentasjonane lagt ut på Ålesund kommune si nettside, saman med link til videoopptak gjennom kommunen sin web-tv funksjon.

28.april arrangerte vi open Fagdag om GPS. Målet med denne dagen var i hovudsak å gi prosjektet sine kommunar innsikt i Safeloc, samt gjennomgang av grunnlag for tildeling og status implementering. I tillegg til deltakarar frå prosjektkommunane møtte deltakarar frå 9 andre kommunar. Til saman var vi ca. 30 stk.

I perioden har kommunane fått tilbod om å delta på visning av gps-einingar frå ulike firma, der dette har vore hensiktsmessig. Deltakinga her har variert, men erfaringane har blir vidareformidla på prosjektgruppemøter.

#### Tildeling

Resultat av arbeid relatert til tildeling er dokumentert i *Tildeling av varslings og lokaliseringsteknologi (4)*. Arbeid relatert til tette notatet er nærare skildra under delprosjekt A: Tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi.

## **Prosedyrar og status i kommunane.**

Prosjektgruppa starta arbeidet med prosedyrar hausten 2014, men møtte utfordringar med å spesifisere desse før det var avklart kva modell/leverandør ein skulle gå for. Utforminga av prosedyrane vart difor lagt på is, i påvente av avklaring rundt val av eining.

I desember 2014 tok vi så tak i dette arbeidet igjen, med ei semje om at prosjektleiar utarbeida prosedyrar for Ålesund, og at dei andre kommunane skulle få tilgang på desse for lokal tilpassing i etterkant.

Ålesund kommune bestemte seg for å tilby gps-sporing som ei avgrensa teneste, for heimebuande med pårørende og personar i bustad med heildøgns bemanning. Prosedyrane er no klare for høyring, og er delt med dei andre kommunane i prosjektet.

Prosjektgruppa har konkludert med at det no er opp til den enkelte kommune å tilpasse desse lokalt og vurdere om/når og korleis ein skal tilby dette som ei teneste. Vidare var det semje om at dei gps-einingane som er nytta i prosjektet, og framleis kan nyttast, blir fordelt mellom kommunane.

## **Skisse opplæringsplan**

Prosjektet har ikkje utarbeida skisse for ein generell opplæringsplan for velferdsteknologi. Dette har ikkje blitt prioritert på bakgrunn av kjennskap til Lister-regionen sitt arbeid som no er tilgjengeleg for alle på KS Læring si nettside: [https://kurs.kommit.no/local/course\\_page/home\\_page.php?id=254](https://kurs.kommit.no/local/course_page/home_page.php?id=254)

Helsekompetanse.no tilbyr også eit e-læringskurs om kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi, som gir ei grunnleggjande innføring, <http://helsekompetanse.no/kurs/aktivitet-og-mestring>

Når det gjeld meir opplæring direkte på valt gps-system, Safeloc, jobbar Safecall med ein opplæringsvideo som vil bli gjort tilgjengeleg på YouTube.



## 10. Delprosjekt D: Spelteknologi

Spelteknologiprojektet på Sunnmøre har no eksistert sidan 2011, og har gjort seg gode erfaringar på kva som skal til for å lukkast med å ta i bruk spelteknologi som aktivitet i dagavdeling eller institusjon. Det er kommunane Herøy, Ulstein, Vanylven og Ålesund som har vore med denne delen av prosjektet.

Den siste statusrapporten konkluderer med at ein med sikkerheit kan seie at spelaktivitet på sjukeheim, dagsenter for eldre og personar med demens, og dagesenter for personar med utviklingshemming har gitt gevinst i form av aktivitet, glede og sosialt samvær.

### 10.1. Hovudmål

Prosjektkommunane har i perioden vore pådrivarar for oppstart av spelteknologi på fleire arenaer i egne kommunar, samt andre kommunar i Møre og Romsdal fylke.

### 10.2. Resultat

Arbeidet med spelteknologi har gått etter planen. Brukarar, pårørande og tilsette i helse- og omsorgstenesta gir tilbakemelding om at spelteknologi kan bidra til positiv aktivitet. Oppsummeringa frå sjølv utprøvinga kan lesast i *Statusrapport for spelteknologi – april 2014* [\(18\)](#). Her kjem det også fram gode råd for dei som ønskjer å starte opp med spelteknologi.

I etterkant av at den strukturerte utprøvinga var gjennomført har fokus vore retta mot ytterlegare erfaringsutveksling internt i prosjektet og deling av erfaringar for å motivere til oppstart av nye spelstasjonar internt i kommunane, samt andre kommunar i Møre og Romsdal fylke.

I september 2014 gjennomførte vi ei erfaringskonferanse basert på kunnskapen som var samla gjennom prosjektet. Konferansen samla 90 personar frå kommunar, organisasjonar, firma, Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Her vart resultatata frå utprøvinga presentert, basert på resultat dokumentert i statusrapporten . I tillegg til presentasjonar var det montert opp 2 spelstasjonar, med brukarrepresentantar, der deltakarar fekk prøve å spele. Presentasjonane vart lagt ut på Ålesund kommune si nettside, saman med link til videoopptak gjennom kommunen sin web-tv funksjon [\(19\)](#).

Erfaringar har også blitt delt gjennom ulike mindre presentasjonar og praktiske demonstrasjonar.

Ved avslutning er alle dei 6 spelstasjonane i aktivt bruk, fleire institusjonar innan kommunane i prosjektet, samt andre kommunar har gitt tilbakemelding om at dei har kjøpt eller planlegg å kjøpe inn spelstasjonar etter inspirasjon frå prosjektet

## 11. Referansar

1. Helse og omsorgsdepartementet (2012-2013): *Meld.st.29 Morgendagens omsorg*. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-29-20122013/id723252/> (Henta 06.08.15)
2. Helse- og omsorgsdepartementet (2011): NOU 2011:11 *Innovasjon i omsorg*. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2011-11/id646812/> (Henta 06.08.15.)
3. *Det Midtnorske velferdsteknologiprojektet, sluttrapport*. (2014) Tilgjengeleg frå: <http://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMST/Helse%20og%20omsorg/Omsorgstjenester/Det%20midtnorske%20velferdsteknologiprojektet/Nyheter/Sluttrapport%20-%20Det%20Midtnorske%20velferdsteknologiprojektet.pdf?epslanguage=nn> (Henta 06.08.15)
4. Berg, H., et al. (2014): *Tildeling av varslings- og lokaliseringsteknologi*. Tilgjengeleg frå: [http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/2014-dokumenter/Tildeling\\_varslings\\_lokaliseringsteknologi\\_Erfaringsnotat.pdf](http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/2014-dokumenter/Tildeling_varslings_lokaliseringsteknologi_Erfaringsnotat.pdf) (Henta 06.08.15)
5. HelseDirektoratet (2014): *HelseDirektoratets anbefalingar på det velferdsteknologiske området*. Rapport IS-2225 Tilgjengeleg frå: <https://helseDirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/120/HelseDirektoratets-anbefalinger-pa-det-velferdsteknologiske-området-IS-2225.pdf> (Henta 06.08.15)
6. HelseDirektoratet.no (2015): *Planlegger nasjonal rammeavtale*. Tilgjengeleg frå: <https://helseDirektoratet.no/nyheter/planlegger-nasjonal-rammeavtale> (Henta 06.08.15)
7. HelseDirektoratet.no (2015): *Tilbud om responsentertjeneste til kommunar*. Tilgjengeleg frå: <https://helseDirektoratet.no/nyheter/tilbud-om-responsentertjeneste-til-kommuner> (Henta 06.08.15)
8. HelseDirektoratet (2015): *Informasjon om helseDirektoratets arbeid med responsentertjenester for trygghetsalarmer*. Tilgjengeleg frå: <https://helseDirektoratet.no/Documents/Nyheter/Brev%20til%20bransjeorganisasjonene%20om%20responsentertjenester.pdf> (Henta 06.08.15)
9. Regjeringen.no (2014): *Standardisering av velferdsteknologi med Continua*. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/standardisering-av-velferdsteknologi-med-continua/id2356200/> (Henta 06.08.15)
10. Swedish standards institute (sis.se): SS 91100:2014 *Digital trygghetslarm – Internetprotokoll för digitala trygghetslarm(SCAIP) – Specifikation*. Tilgjengeleg frå: <http://www.sis.se/h%C3%A4lso-och-sjukv%C3%A5rd/handikapph%C3%A4lpmedel/hj%C3%A4lpmedel-f%C3%B6r-personer-med-funktionsneds%C3%A4ttningar/ss-911002014> (Henta 06.08.15)

11. PA Consulting Group (2014): *Organisering av alarmmottak i Norge og utlandet. Kartlegginger og anbefalinger*. Tilgjengeleg frå: [http://www.lister.no/phocadownload/helsenettverk\\_lister/2014\\_10\\_PA\\_rapport\\_om\\_alarm\\_mottak.pdf](http://www.lister.no/phocadownload/helsenettverk_lister/2014_10_PA_rapport_om_alarm_mottak.pdf) (Henta 06.08.15)
12. Trondheim kommune (2012): *Prosjekt systemverktøy i Helse- og velferdsvakt*. Tilgjengeleg frå: <http://leverandorutvikling.no/getfile.php/Bilder/Pilotnotater/Trondheim-kommune%20prosjekt-systemverkt%C3%B8y-Helse%20og-velferdsvakt.pdf> (Henta 06.08.15)
13. Borgen, K. (2014): *Velferdsteknologi erfaringer og veien videre*. Tilgjengeleg frå: [http://telemedicineconsult.com/wp-content/uploads/2014/06/Velferdsteknologikonferansen2014\\_Klara\\_Borgen.pdf](http://telemedicineconsult.com/wp-content/uploads/2014/06/Velferdsteknologikonferansen2014_Klara_Borgen.pdf) (Henta 06.08.15)
14. Siemens.no (2014): *Siemens skal levere systemløsning til helsevakta i Trondheim kommune*. Tilgjengeleg frå: <http://w3.siemens.no/home/no/no/sector/healthcare/nyheter/nyheteritlosninger/pages/helsevakta-i-trondheim-kommune-.aspx> (Henta 06.08.15)
15. Værnesregionen.no: *Utrening felles alarmsentral*. Tilgjengeleg frå: <https://www.varnesregionen.no/fellestjenester/vrhelse/prosjekter/Sider/default.aspx> (Henta 06.08.15)
16. Fensli, R.: *Trygghetalarmer og alarmmottak for Lister-regionen. Nåsituasjon og fremtidige løsninger*. UiA, Senter for eHelse. Rapport nr 01-2015. ISBN 978-82-8291-004-0. Tilgjengeleg frå: [http://www.lister.no/images/helsenettverk\\_Lister/trygghetspakken/2015\\_01\\_01\\_Lister\\_ALMO\\_Rapport\\_Endelig\\_A.pdf](http://www.lister.no/images/helsenettverk_Lister/trygghetspakken/2015_01_01_Lister_ALMO_Rapport_Endelig_A.pdf) (Henta 06.08.15)
17. Berg, H., Alnes, B., Alnes, R.E. (2014): *Sporing av personar med kognitiv svikt med hjelp av GPS*. Senter for omsorgsforskning – rapportserie nr 3/2014. Tilgjengeleg frå: [http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/195056/3/Rapport\\_3\\_2014\\_web2\\_ny.pdf](http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/195056/3/Rapport_3_2014_web2_ny.pdf) (Henta 06.08.15)
18. Berg, H (2014): *Statusrapport for spelteknologi – april 2014*. Tilgjengeleg frå: [http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/2014-dokumenter/Statusrapport\\_for\\_spelteknologi\\_April\\_2014.pdf](http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/2014-dokumenter/Statusrapport_for_spelteknologi_April_2014.pdf) (Henta 06.08.15)
19. alesund.kommune.no (2014): *Presentasjoner fra erfaringskonferansen 2.september*. Tilgjengeleg frå: <http://www.alesund.kommune.no/tjenester/helse/velferdsteknologi#> (Henta 06.08.15)
20. Sjaavaag, S.(2014): *Utredning av mottakssentral. Østre Agders prosjekt Nattilsyn med teknologistøtte*



Møre og Romsdal fylke

Fylkeshuset  
6404 Molde

Saksnr 2014/504	Arkiv 271	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar DOK / LME	Dato 31.08.2015
--------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

**K-SAK 99/15: OPPREISningsORDNING FOR BARNEHEIMSBARN,  
SKULEHEIMSBARN OG FOSTERBARN**

Vedlagt følger:

- K-sak 99/15.

Herøy kommunestyre har den 27.08.2015 gjort slikt vedtak i saka:

1. Herøy kommune sluttar seg til ordninga med oppreising for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.
2. Herøy kommune godkjenner vedtektene slik dei lyder etter vedtak i Fylkesmøte i KS 19.09.14 og i Fylkestinget i Møre og Romsdal 09.12.14.
3. Mogleg utbetaling til oppreising vert å ta opp i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth  
e.f.

Kopi:

Kommunenes Sentralforbund Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	Molde
Avd. barn, familie og helse			
Barnevernseksjonen			

# SAKSPROTOKOLL

-

---

Sakshandsamar: IMT

Arkivsaknr: 2014/504

Arkiv: 271

---

**Utvalsaksnr      Utval**

**Møtedato**

## **OPPREISNINGSORDNING FOR BARNEHEIMSBARN, SKULEHEIMSBARN OG FOSTERBARN**

### **Tilråding frå rådmannen:**

1. Herøy kommune sluttar seg til ordninga med oppreising for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.
2. Herøy kommune godkjenner vedtektene slik dei lyder etter vedtak i Fylkesmøte i KS 19.09.14 og i Fylkestinget i Møre og Romsdal 09.12.14.
3. Mogleg utbetaling til oppreising vert å ta opp i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 18.08.2015**

1. Herøy kommune sluttar seg til ordninga med oppreising for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.
  2. Herøy kommune godkjenner vedtektene slik dei lyder etter vedtak i Fylkesmøte i KS 19.09.14 og i Fylkestinget i Møre og Romsdal 09.12.14.
-

3. Mogleg utbetaling til oppreising vert å ta opp i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

**Møtebehandling:**

Leiar for avd. barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.08.2015**

4. Herøy kommune sluttar seg til ordninga med oppreising for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.
5. Herøy kommune godkjenner vedtektene slik dei lyder etter vedtak i Fylkesmøte i KS 19.09.14 og i Fylkestinget i Møre og Romsdal 09.12.14.
6. Mogleg utbetaling til oppreising vert å ta opp i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune,  
KS Møre og Romsdal,  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Barn- familie og helseavdelinga  
Barnevernseksjonen

## **Vedlegg:**

- 1 Vedtak FM - MR 17092014 Sak 14-4 Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal
- 2 Vedtekter til oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i M&R 17.09.14
- 3 Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn – frå Fylkeskommunen, datert 25.02.15.

## **Saksopplysningar:**

Det har vore ein dryg prosess i Møre og Romsdal for å komme fram til eit samla forslag frå fylkeskommunen og KS om ein felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn.

KS Møre og Romsdal har utarbeidd vedtekter til ei felles ordning og denne var til ei brei høyring i kommunane og fylkeskommunen.

Nå ligg det føre eit forslag til ordning, vedteke av fylkesmøte i KS 19.9.14 og fylkestinget, 9.12.14. Fylkeskommunen sende eit brev, datert 25.2.2015, til kommunane i fylket der dei bad om at kommunen slutta seg til Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal. Kommunen har etter telefonkontakt fått utsett fristen for tilbakemelding til fylkeskommunen.

Ordninga er slik at fylkeskommunen vil ta på seg halvparten av tilkjend oppreisning dersom kommunen er med på ordninga. Det er eit vilkår at søkar har vore plassert i ein institusjon som fylkeskommunen hadde driftsansvaret for. Vidare vil fylkeskommunen dekke 40% av sekretariats – og nemndskostnadene samt stå for alle kontorutgifter. Maksimumsbeløpet i oppreisning er kr. 400.000, og søknadsfristen er 2 år.

Ordninga er avgrensa til å gjelde for barn som er plassert av kommunen etter barnevernlova. Fylkeskommunen har avgrensa sitt oppreisningsbidrag til perioden 01.01.80 til 01.01.93. Bidraget til administrasjon/drift av ordninga er ikkje tidsavgrensa slik. I vedtektene som no ligg føre skal ordninga kunne gjelde for plassering fram til 01.01.93 – utan startdato.

## **Vurderingar og konklusjon:**

Sjølv om fylkeskommunen har teke på seg 40 % av sekretariats- og nemndkostnadane, vil det kvile på kommunane å dekkje resten. Ikkje minst på bakgrunn av staten sitt tilsynsansvar og oppgåva med å sjå til at etablering og drift av institusjonane var forsvarleg, må vi kunne vente at fylkesmannen gjennom skjønnsmidlar dekkjer opp kommunane sin del av driftsutgiftene med ordninga.

Vi har ikkje grunnlag for å seie konkret kor mykje denne ordninga vil koste kommunen. Erfaringstal frå dei som har hatt slik ordning, jf også den statlege ordninga, seier at det kan reknast med 1,5 innvilga oppreisningar pr. 1000 innb. For

Herøy vil dette utgjere i overkant av 13 saker. Med maks beløp på 400 000 kr og avkorting /frådrag for annen støtte, sjå §§ 6 og 7 i vedtektene, kan kostnaden passere vel 1 million fordelt over tre år for Herøy, - (sjå om søknadsfrist innan to år og maks saksbehandlingstid eitt år §§ 5 og 8).

Sjølv om ordninga vil medføre utgifter for kommunen, er vi av den oppfatning at den er så viktig for dei som har lidd ved den handsaminga dei har fått som barnevernsbarn, at Herøy gir sin tilslutnad til ordninga. Vi meiner såleis at det er rett av kommunen å prioritere denne kostnaden.

Konsekvensar for folkehelse:

Ordninga har vist seg å vere særst positivt motteke i dei deler av landet som allereie har fått til ordningar. Dei som kjem under ordninga har oppfatta det som ein reell oppreisning og det har vore positivt for deira helse.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvensar

Konsekvensar for drift:

Ingen særlege konsekvensar

Konsekvensar for økonomi:

Det er vanskelege å vere konkret på dei økonomiske konsekvensane. Kommunen må rekne med at det vil kunne kome opp i over 1 million kroner i løpet av ei treårs periode. Dette vil verte innarbeidd i budsjettet for 2016 og frametter.

Fosnavåg, 01.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Inger Marie Tofthagen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen



BFH



Møre og Romsdal fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal  
Iflg adresseliste

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/504	Saksbeh
- 5 MARS 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
Tit	Dok nr
Klassifisering	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		12009/2015/H32	Kristine Svendsen, 71 25 87 11	25.02.2015

### Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal - iverksetjing

#### Bakgrunn for saka

KS Møre og Romsdal har utarbeidd vedtekter for ei felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.

På grunnlag av høyringsfråsegner frå kommunane og fylkeskommunen gjorde Fylkesmøte i KS slik vedtak i møte den 17.09.14:

- «Fylkesmøtet godkjenner vedtektene til oppreisningsordning som utarbeidd, med desse presiseringane:
1. Alle som med heimel i Barnevernlova har vorte plassert i institusjonar, som barneheim og spesialskule, og som har vorte utsett for overgrep, omfattast av oppreisningsordninga.
  2. Nemnd/ sekretariat har fullmakt til å vurdere eventuelle grensetilfelle, når det ligg føre svært gode grunnar for det.
  3. Oppreisningsbeløpet vert sett til maksimalt kr. 400.000.
  4. Frist for framsetjing av søknad til denne ordninga er to (2) år.
  5. KS Møre og Romsdal meiner at både fylkeskommune og kommune har hatt ansvar i perioden 1.1.1980 til 1.1.1993 og bør dele oppreisningsbeløpet med halvparten på kvar for denne perioden. Fylkeskommunen hadde ansvaret for at barnevernsinstitusjonen vart sett i stand til å drive forsvarleg og at den einskilde bebuar fekk forsvarleg omsorg under opphaldet, medan kommunane hadde plasseringsansvaret.
  6. KS Møre og Romsdal ber om at Fylkesmannen tek kostnaden med å administrere denne ordninga.»

I samsvar med pkt 5 i vedtaket, har saka vore lagt fram fylkestinget, som i sak T-71/14 gjorde vedtak om at:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn under føresetnad av at kommunane sluttar seg til vedtektene som Fylkesmøtet i KS har tilrådd og med dei endringar som følgjer av pkt 2 og 3 nedanfor.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 50 % av oppreisningsbeløp som er tilkjend etter opphald i Møre og Romsdal fylkeskommune sine barnevernsinstitusjonar i perioden 01.01.1980 – 01.01.1993.

Det er ein føresetnad for at fylkeskommunen skal dekkje 50 % av oppreisningsbeløpet at den kommunen som er ansvarleg for plasseringa, deltek i den

felles oppreisningsordninga.

Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 40% av utgifter til administrasjon og oppreisningsutval.

Heile vedtaket som fylkestinget gjorde følgjer vedlagt. Vidare er saksframlegget til fylkestinget og vedtekter for felles oppreisningsordning, slik dei lyder med dei tillegg som fylkesmøte i KS vedtok den 17.09.14 og dei endringane som Fylkestinget vedtok i sak T -71/14, lagt ved.

### **Status etter fylkestingets vedtak**

Etter vedtaket i fylkestinget 09.12.14, er situasjonen den at fylkeskommunen skal delta i ordninga på linje med dei kommunane som sluttar seg til felles oppreisningsordning. Det inneber at fylkeskommunen dekkjer halvparten av dei oppreisningsbeløpa som blir tilkjent for plasseringar i tidsrommet 1980 - 1992. For plasseringar før 1980 skal heile beløpet dekkjast av den kommunen som var ansvarleg for plasseringa.

Vidare har fylkeskommunen vedteke å påta seg ansvar for å bemanne og drifte sekretariatet, og vil dekkje 40% av sekretariatsutgiftene. Dei resterande 60% skal dekkast av deltakarkommunane etter ein nærare avtalt fordelingsnøkkel. I fylkeskommunens andel ligg i tillegg andel av husleige, arkiv og øvrige kontorstøttefunksjonar. Desse utgiftene vil bli haldne utanfor beløpet som skal fordelast mellom fylkeskommunen og kommunane.

Utgiftene til oppreisningsutvalet, som skal bestå av tre personar, skal dekkjast av fylkeskommunen og deltakarkommunane etter same fordelingsmodell.

Spørsmålet om statlege midlar via fylkesmannen (skjønnsmidler) til dekning av kommunen sine utgifter til sekretariat, er ei sak mellom kommunane og fylkesmannen. Fylkeskommunen vil uansett måtte sende sine refusjonskrav til kommunane.

Når det gjeld oversendingsframlegget som fylkestinget vedtok om å greie ut ei tilsvarende ordning med oppreisning til personar som har vore innlagt i sanatoriet på Reknes, vil det etter vår oppfatning vere mest hensiktsmessig å behandle denne heilt atskilt frå felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn. Arbeidet med å iverksetje felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn vil difor halde fram uavhengig av fylkestingets vedtak om oversendingsframlegget.

### **Etablering av sekretariat**

Det er fylkesmannen og fylkesrådmannen som skal setje i verk den felles oppreisningsordninga. Fylkesrådmannen er ansvarleg for å etablere sekretariatet.

Det har vore halde eitt møte i januar 2015 der rådgivar May-Ann Brun i KS og direktør Helge Mogstad hjå fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok, saman med rådgivar Kristine Svendsen frå fylkeskommunen. Vi tek sikte på å halde slike kontaktmøte i tida framover.

Det framgår av fylkesrådmannens saksframlegg til sak T- 71/14 at ein tek sikte på å tilsetje ein person i ei prosjektstilling med 3 års varigheit. Stillinga vil bli lyst ut så snart som råd, med sikte på å ha på plass ein person frå hausten 2015. Den personen som blir tilsett skal setje ordninga i verk. Fram til ordninga blir kunngjort, vil arbeidet hovudsakleg bestå av å etablere tett kontakt med kommunane som har slutta seg til ordninga, og i samarbeid med deltakarkommunane utarbeide samarbeidsavtale, søknadsskjema, informasjonsmateriell, rutinar for saksbehandling, arkivering og reglar for utbetaling av oppreisningsbeløp og refusjonsordning mellom fylkeskommunen og deltakarkommunane.

Fylkesrådmannen har sett i gang arbeid med søknad til Datatilsynet om konsesjon for å kunne ta imot og behandle søknader om oppreisningserstatning som vil innehalde personopplysningar av svært sensitiv karakter. Vi tek sikte på å ha konsesjon på plass i god tid før oppreisningsordninga blir kunngjort.

### **Oppreisningsutval**

Fylkesmannen skal oppnevne utvalet. Utvalet skal ha 3 medlemmer og må ha god kompetanse innfor barnevernsområdet. Leiaren skal vere jurist og fortrinnsvis vere kvalifisert til å vere dommar. Fylkesmannen har sett i gang arbeidet med å finne eigna kandidatar til leiarvervet.

### **Kostnader**

Når det gjeld kostnader ved å delta i felles oppreisningsordning, er det vanskeleg å anslå desse. Slik det går fram av vedlagte saksframlegg til fylkestinget, har fylkeskommunen teke utgangspunkt i at det samla for heile fylket kjem inn 1,5 søknader pr 1000 innbyggjarar og at gjennomsnittleg oppreisningsbeløp vil vere kr 300 000. Fylkeskommunen dekkjer halvparten av den delen av beløpet som gjeld tidsrommet etter 1980. Etter dette vil samla oppreisningsbeløp for heile fylket anslagsvis vere kr 117 000 000. Av dette beløpet legg vi til grunn at fylkeskommunens andel utgjør 11 mill.

Den enkelte kommune må gjere sine egne vurderingar med omsyn til å berekne utgiftene til oppreisningsbeløp ved deltaking i ordninga.

Vi har lagt til grunn at det er 1 person tilsett i heil stilling i sekretariatet. Utgifter til denne stillinga vil kunne påløpe frå hausten 2015, oktober-november, når vedkomande etter planen skal tiltre stillinga. Vi har anslagsvis sett kostnadene til sekretariatet til kr 1,2 mill årleg, tilsaman for 3 år, kr 3,6 mill. Utgiftene til denne stillinga skal fordelast mellom fylkeskommunen og kommunane. Vårt forslag inneber at fylkeskommunen dekkjer 40% av utgiftene og kommunane dekkjer 60%. I fylkeskommunens andel ligg i tillegg husleige, samt andel av arkiv og øvrige kontorstøttefunksjonar.

Utgifter til oppreisningsutvalet skal inngå i beløpet som skal fordelast mellom fylkeskommunen og kommunane. Det er vanskeleg å anslå kva kostnadene med utvalet vil vere. I saksframlegget frå fylkesrådmannen til fylkestinget, er utgiftene anslått til kr 1,3 pr år, tilsaman for 3 år, kr 3,9 mill. Det er frå fylkeskommunens side ikkje lagt opp til at vårt bidrag til dekning av administrasjonskostnader, skal reknast ut i forhold til antal saker som refererer seg til plasseringar som fylkeskommunen er ansvarleg for etter § 4 i vedtektene.

Når det gjeld fordelinga kommunane imellom, er vårt forslag at dette skjer etter ein modell der alle kommunar betaler same grunnbeløp, og at det i tillegg blir betalt eit beløp frå kvar kommune basert på folketallet i kommunen.

Spørsmålet om fordelingsnøkkel mellom kommunane og fylkeskommunen, og mellom deltakarkommunane, må avtalast nærare før oppreisningsordninga kan setjast i verk. Fylkeskommunen vil utarbeide forslag til samarbeidsavtale som blir drøfta med kommunane som sluttar seg til ordninga. Avtalen skal vere lik for alle kommunane, men det må takast omsyn til at Kristiansund eventuelt har ei meir avgrensa erstatningsordning. Samarbeidsavtalen må vere underskriven av alle deltakarkommunane før oppreisningsordninga blir kunngjort.

I tillegg til å regulere deling av kostnader, vil avtalen innehalde bestemmelser om at kommunen er bunden av vedtak i oppreisningsutvalet, rutinar for utbetaling, refusjonskrav, plikt til å oversende saksdokument osv.

### **Tilslutning til felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal**

Etablering av oppreisningsordninga er motivert av eit ønskje om likskap, ut ifrå at fleire fylke har etablert ei ordning med oppreisningserstatning til barn som under opphald i barnevernsinstitusjonar opplevde manglande omsorg eller blei utsett for overgrep. Det er viktig for at ordninga skal tene si hensikt, at den omfattar innbyggjarane utan omsyn til kva for kommune dei er busette i. Det er difor viktig at kommunane sluttar seg til denne ordninga. Dersom det skulle vise seg at det berre blir ein liten del av befolkninga i fylket som får tilbodet, vil det måtte vurderast på nytt om ordninga skal setjast i verk. Det er lagt til grunn at alle deltakarkommunane skal ha dei same vedtektene for ordninga slik at tilbodet er det same uavhengig av bustadkommune.

legg til grunn at ordningar som er avslutta ikkje kan opnast opp att på nytt. Kristiansund kommune kan velje å slutte seg til ordninga for plasseringar etter 01. 01.1980.

Vi anmoder med dette om at kommunen sluttar seg til Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal slik den går fram av vedtektene som ligg ved dette brevet.

Kommunar som i samband med at dei har gitt høyringsfråsegn til KS sitt framlegg, har uttrykt at dei sluttar seg til ordninga, blir også bedne om å svare på dette brevet. Kommunane må sjølve vurdere om det er nødvendig med ny behandling i kommunestyret.

Kommunane bes opplyse kven som skal vere kontaktperson for kommunen i det vidare arbeidet med å iverksetje ordninga.

Fylkeskommunens kontaktperson er rådgivar Kristine Svendsen, tlf 71 25 97 11, mob 95 16 47 50, e-post: [kristine.elisabeth.svendsen@mrfylke.no](mailto:kristine.elisabeth.svendsen@mrfylke.no)


**Svarfrist blir sett til 1. mai 2015.**

#### **Vidare saksgang**

Fram til sekretariatsleiaren begynner i stillinga, vil arbeidet med å førebu igangsetjing av oppreisningsordninga bli ivareteke av tilsette i fylkesrådmannens stab. Etter utløpet av fristen 01.05.15, vil det bli halde møte med kontaktpersonane i kommunane for å drøfte samarbeidsavtale og rutinar/prosedyrer for det praktiske samarbeidet. Vi tek sikte på at samarbeidsavtaler skal vere inngått med alle deltakarkommunane innan utgangen av september 2015.

Med helsing

  
Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

  
Kristine Svendsen  
rådgivar

Vedlegg: Sak T- 71/14

Vedtekter for Felles oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
17.11.2014	73216/2014	Kristine Svendsen

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
<b>U 132/14</b>	Fylkesutvalet	08.12.2014
<b>T 71/14</b>	Fylkestinget	08.12.2014

## Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn

### Bakgrunn

Som fylkesutvalet er kjend med frå tidlegare saker, har KS Møre og Romsdal utarbeidd vedtekter for ei felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal. Fylkesutvalet har behandla sak om oppreisningsordning under sak 19/13 og i sak 10/14. Fylkesutvalet har i begge sakene lagt til grunn at Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje skal delta i ordninga, men at fylkeskommunen skal administrere eit felles sekretariat mot at kommunane refunderer utgiftene.

Etter at utkast til vedtekter har vore sendt til kommunane til høyring, blei saka lagt fram for Fylkesmøtet i KS til behandling i møte den 17.09.14.

Fylkesmøtet i KS gjorde følgjande vedtak:

«Fylkesmøtet godkjenner vedtektene til oppreisningsordning som utarbeidd, med desse presiseringane:

1. Alle som med heimel i Barnevernlova har vorte plassert i institusjonar, som barneheim og spesialskeule, og som har vorte utsett for overgrep, omfattast av oppreisningsordninga.
2. Nemnd/ sekretariat har fullmakt til å vurdere eventuelle grensetilfelle, når det ligg føre svært gode grunnar for det.
3. Oppreisningsbeløpet vert sett til maksimalt kr. 400.000.
4. Frist for framsetjing av søknad til denne ordninga er to (2) år.
5. KS Møre og Romsdal meiner at både fylkeskommune og kommune har hatt ansvar i perioden 1.1.1980 til 1.1.1993 og bør dele oppreisningsbeløpet med halvparten på kvar for denne perioden.  
Fylkeskommunen hadde ansvaret for at barnevernsinstitusjonen vart sett i stand til å drive forsvarleg og at den einskilde bebuar fekk forsvarleg omsorg under opphaldet, medan kommunane hadde plasseringsansvaret.
6. KS Møre og Romsdal ber om at Fylkesmannen tek kostnaden med å administrere denne ordninga.»

KS har i brev av 29.09.14 sendt saka over til Fylkesmannen i Møre og Romsdal og til fylkeskommunen for vidare oppfølging av arbeidet med oppreisningsordning.

Fylkesrådmannen la saka fram for fylkesutvalet på nytt til behandling i møte 27.10.14 med innstilling om at fylkesutvalet heldt fast på tidlegare vedtak om å stå utanfor oppreisningsordninga, og påta seg driftsansvar for sekretariat og nemnd mot at kommunane refunderte utgiftene.

Fylkesutvalet gjorde vedtak om å utsetje saka til fylkesutvalet 17. november og ba om at fylkesrådmannen la fram ny sak der det blir lagt til grunn at fylkeskommunen skal delta i oppreisningsordninga, samt dekke ein del av kostnadene med sekretariat og oppreisningsutval.(sak U 100/14)

## **Fylkesrådmannens merknader:**

Vedtektene som fylkesmøte i KS vedtok i møte 17.09.14 er lagt ved saka.

Fylkesutvalet har i sak 10/14, uttalt seg som høringsinstans til Innhaldet i vedtektene og slutta seg til framlegget med dei merknader som framgikk av fylkesrådmannens saksframlegg. Vi går difor ikkje inn på alle bestemmelsene, men kommenterer kun dei endringane som er gjort i vedtektene gjennom Fylkesmøtet i KS sitt vedtak av 17.09.14. Vidare vil vi kommentere endringar som må gjerast på grunn av at fylkeskommunen skal delta i oppreisningsordninga og bere ein del av utgiftene til sekretariat og oppreisningsutval.

### **§ 1 - Formål**

Fylkesmøtet vedtok følgjande tillegg til § 1:

«Pkt 2. Nemda får fullmakt til å vurdere eventuelle grensetilfelle.

Pkt 5. Fylkeskommunen og kommunen skal dele oppreisningsbeløp med ein halvpart på kvar for plasseringar i perioden 01011980 – 01011993.»

Føremålsbestemmelsen må endrast dersom fylkeskommunen skal delta i ordninga på linje med kommunane.

Vi finn grunn til å knyte nokre merknader til spørsmålet om kven ordninga skal gjelde for, samt kva tidsperiode ordninga gjeld.

#### *Målgruppe*

Vedtektene skal gjelde personar som var under barnevernets omsorg. Dette kjem til uttrykk både i namnet på oppreisningsordninga, som er «Vedtekter for oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn» og i føremålsbestemmelsen i § 1, første ledd. Det er kommunens beslutning med heimel i barnevernlov eller forløpar til barnevernlova, om å overta omsorg for barn og plassere barn i institusjon, som er grunnlaget for å kunne søkje oppreisning. Dette inneber at sjukehusinnleggjelser, som helsetenesta har ansvar for, fell utanfor ordninga, da dette ikkje er vedtak om omsorgsovertaking og plassering etter barnevernlovas reglar.

Det er grunnleggjande for denne ordninga at det er kommunen sitt ansvar etter barnevernlovgivinga som er fundamentet for den felles oppreisningsordninga, og heile prosessen i fylket så langt byggjer på denne grunntanken. Tillegget som kom inn gjennom pkt 2 i fylkesmøtet sitt vedtak, vil ikkje rokke ved dette prinsippet. Også dei tilfella som oppreisningsutvalet reint unntaksvis kan vurdere å ta inn under ordninga, vil måtte gjelde plasseringar som kommunen har gjort etter barnevernlovgivinga.

Det er også grunn til å merke seg at vedtektene ikkje omfattar plassering i fosterheim. Dette er i samsvar med fylkesutvalets vedtak i høyringssaka.

Vidare vil ordninga heller ikkje gjelde personar frå Møre og Romsdal som er plasserte i barneverninstitusjonar i andre fylke.

#### *Tidsperiode*

I dei vedtektene som er godkjende av fylkesmøtet i KS, skal ordninga med felles oppreisningsordning gjelde omsorgsovertaking/plassering som skjedde før 01.01.93. På dette tidspunkt blei reglane om behandling av kommunens overtakelse av omsorg for barn vesentleg endra, ved at desse sakene skulle leggjast fram for Fylkesnemnda for sosiale saker, og på denne måten underleggjast behandling som tilsvare domstolsbehandling. I fylkesutvalets møte 27.10.14, blei det peika på at fylkeskommunen hadde ansvar for barneverninstitusjonar i perioden frå 1980 til 2004. Når det gjeld grunngevinga for å avgrense ordninga til å gjelde fram til 01.01.93, da reglane om fylkesnemndsbehandling av omsorgsovertakelser etter barnevernlova blei sett i verk, viser vi til høyringssaka, sak U-10/14, der fylkesutvalet har slutta seg til vedtektsutkastet på dette punktet.

Det bør etter vårt skjønn etter dette ikkje vere aktuelt å lage ei eiga fylkeskommunal ordning, da det er ein føresetnad at deltakarane i ordninga har felles vedtekter. For øvrig har ikkje KS og heller ikkje kommunane relst denne problemstillinga.

#### **§ 4 Vilkår for å søke om kommunal erstatning**

Bestemmelsen må endrast som følgje av at fylkeskommunen skal delta i oppreisningsordninga.

Det må framgå av § 4 at Møre og Romsdal fylkeskommune, som ansvarleg for å etablere og drive barnevernsinstitusjonar i fylket i tidsrommet 01.01.80 - 01.01.93, kan gi oppreisning til den som har vore plassert av ein deltakarkommunes barnevern i fylkeskommunal barnevernsinstitusjon i denne perioden, og som kan dokumentere å ha vore utsett for overgrep eller omsorgssvikt.

Oppreisningsordninga gjeld også for omsorgsovertaking og plasseringar i barnevernsinstitusjonar før 1980. Fylkeskommunen var ikkje ansvarleg for plasseringar i barnevernsinstitusjonar i fylket i perioden før 1980 og eventuell erstatning knyta til perioden før 1980, vil måtte dekkjast fullt ut av den/dei aktuelle kommunane.

#### **§ 6- Utmåling av oppreisning**

I vedtaket frå fylkesmøte i KS heiter det følgjande:

«Pkt 3. Oppreisningsbeløpet som kan utbetalast til kvar søkjar kan maksimum vere kr 400 000.»

I høyringsutkastet var ramma for oppreisningsbeløp kr 200 000 - 750 000. Vi viser til vedtak i sak 10/14 om å setje maksimumsbeløpet til kr 300 000. Vi har ikkje merknader til foreslått endring i vedtektene på dette punkt.

Når fylkeskommunen skal delta i oppreisningsordninga, må bestemmelsen også endrast slik at det går fram at fylkeskommunen skal dekkje 50 % av oppreisningsbeløp for plasseringar i fylkeskommunale barnevernsinstitusjonar i perioden 1980 - 1993.

Det er eit vilkår for dekning frå fylkeskommunen at kommunen som har fatta plasseringsvedtaket, deltek i den felles oppreisningsordninga. Vilkåret går fram av ordlyden i § 6, men bør kome klart fram i vedtak om å slutte seg til ordninga.

#### **§ 8 Frist for fremsetting av søknad - Fylkesrådmannens merknader:**

I vedtaket frå fylkesmøte i KS heiter det følgjande:

«Pkt 4. Søknadsfristen skal vere 2 år.»

I høyringsutkastet var søknadsfristen sett til 1 år. Kommunane blei oppmoda til å uttale seg til dette spørsmålet.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til endringa i vedtektene.

#### **Kostnader**

For å kunne ha eit utgangspunkt for vurdering av kostnadsspørsmålet, legg vi fram på nytt tabell som fylkesrådmannen har sett opp på grunnlag av informasjon frå sluttrapportar frå 7 fylkeskommunar som har hatt oppreisningsordningar. Det er pr i dag 11 fylkeskommunar som har/har vore engasjerte i felles ordningar med kommunar. Frå sluttrapportane har vi henta ut opplysningar om kostnader ved ordninga, dvs antal søknader, samla oppreisningsbeløp, samt administrasjonskostnader. Fylkeskommunens kostnader er også vist i eiga kolonne i den grad dette går fram av rapportane. Tabellen viser at det er stor skilnad på antal søknader, og kva ordninga har kosta. Dette heng saman med forhold som ulik størrelse på oppreisningsbeløp, søknadsfristen lengde, størrelsen på andelen som fylkeskommunen har bidratt med, osv. Det kjem tydeleg fram at det er svært vanskeleg å

forutsjå talet på søknader. Som tabellen viser var det få som søkte i Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag, mens det kom inn mange søknader i Rogaland og Østfold.

### 1. Tabell som viser kostnadene ved oppreisningsordninga i 7 fylke:

Fylke	Innkome søknader/innvilga	Søknadsperiode	Oppreisningsbeløp	Adm kostnad	Antal nemnds-møte	Fylkeskommunens utgifter
Agderfylka <sup>1</sup>	421/247	3 år	149 mill	Ikkje opplyst	25	2 mill
Nord-Trøndelag <sup>2</sup>	28/12	2 år	8 mill	1.9 mill	Ikkje opplyst	1.9 mill
Rogaland <sup>3</sup>	775/637	3 år	379 mill	16 mill	32	26 mill, samt 1.7 mill som andel av adm.kostn
Sogn og Fjordane <sup>4</sup>	57/37	2 år	22 mill	1.7 mill	10	2 mill
Vestfold <sup>5</sup>	309/246	2 år	118 mill	Ikkje opplyst	32	7.5 mill
Østfold <sup>6</sup>	532/350	2 år	205 mill	12 mill		12 mill

#### Sekretariat

Det må leggjast til grunn at ein person er tilsett i sekretariatet på heiltid. Det er ønskjeleg med god kompetanse og det er difor påreknaleg at lønn, sosiale utgifter, kontorhald m. vil utgjere om 1,2 mill pr år til ei slik stilling. I og med at søknadsperioden er 2 år, må både sekretariat og oppreisningsutval arbeide utover dei 2 åra som ordninga skal gjelde for. Vi legg til grunn at det for sekretariatsleiaren må reknast 3 år, medrekna førebuingar før ordninga kan kunngjerast og arbeid med å ferdigstille saker etter at søknadsfristen er ute.

I tillegg til denne stillinga, vil det påløpe kostnader ved at dokumententeret vil ha arbeid med journalføring og arkivering, økonomiseksjonen vil ha arbeid med utbetaling av oppreisningsbeløp, fakturering av refusjonskrav til deltakerkommunar osv. Det må også påreknast noko arbeid med informasjon som vil involvere informasjonsseksjonen. Vidare må det påreknast noko generell kontorstøtte.

Det er lagt opp til at det skal tilsetjast sekretær så snart som mogleg, og at den personen som blir tilsett skal iverksetje ordninga. Stillinga vil vere definert som ei prosjektstilling med 3 års varigheit. I den første perioden, fram til ordninga kan kunngjerast, vil det vere ei viktig oppgåve å rekruttere kommunane til å delta i ordninga. Erfaringane frå andre fylke, har vist at dette arbeidet tek tid. Vidare skal det utarbeidast samarbeidsavtale, som kommunane underteknar ved tilslutning. Det skal også utarbeidast søknadsskjema. Vidare vil det vere ei viktig oppgåve å utarbeide informasjonsplan og informasjonsmateriell for å nå ut til flest mogleg med informasjon om oppreisningsordninga. Før ordninga kan setjast i verk, må det også vere på plass konsesjon frå Datatilsynet for behandling av sensitive personopplysningar, samt interne rutinar og prosedyrar for behandling av søknadene.

Prosjektstillinga vil bli lyst ut på nyåret, og tiltredelse i stillinga kan skje i løpet av juli/august - 2015.

Når det gjeld fordeling av utgiftene mellom deltakarkommunane og fylkeskommunen, vil vi foreslå ei 60/40-deling mellom kommunane og fylkeskommunen. I fylkeskommunens andel

<sup>1</sup> Begge fylkeskommunane deltok i ordninga

<sup>2</sup> Fylkeskommunen bidrog til ordninga ved å dekke administrasjonskostnadene

<sup>3</sup> Fylkeskommunen har dekt 50 % av beløp utbetalt for plassering etter 1980

<sup>4</sup> Fylkeskommunen har dekt 50 % av beløp utbetalt for plassering etter 1980 og 50 % av administrasjonskostnadene for saker etter 1980.

<sup>5</sup> Fylkeskommunen har dekt ein nærare fastsett andel av beløp utbetalt for plassering etter 1980

<sup>6</sup> Fylkeskommunen bidrog til ordninga ved å dekke administrasjonskostnadene



ligg også husleige til sekretariatet, samt andel av arkiv og øvrige kontorstøttefunksjonar. Fordelinga mellom kommunane, bør gjerast slik at alle deltakarkommunane betaler same grunnbeløp, samt eit tillegg som blir rekna ut på grunnlag av folketal.

### **Oppreisningsutvalet**

Utvalet skal ha 3 medlemmer. Medlemene skal ha betaling for møta, samt for tid til førebuing og etterarbeid. Det vil også måtte påreknast utgifter til forsikring, ferlepengar og arbeidsgivaravgift. Reiseutgifter og utgifter til kost og losji kjem i tillegg. Når det gjeld møtegodtgjering og tid til førebuing, kan det vere eit alternativ å ta utgangspunkt i dei offentlege salærsatsane for offentlig oppnemnde advokatar i straffesaker og etter rettshjelpslova. Salærsatsen etter desse reglane er pr i dag kr 965, pr time. Satsen dekker både godtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

Behovet for møte, avheng m.a. av talet på søknader og saksbehandlingskapasiteten i sekretariatet. I vedtektene § 5 om saksbehandling er det sagt at saksbehandlingstida skal vere så kort som mogleg, og skal uansett ikkje overstige eitt år. Når det gjeld antal møte, har Akershus fylkeskommune opplyst at utvalet der har møte kvar månad. Ut ifrå dei erfaringstala som framgår av tabellen ovanfor, blir talet på forventa antal søknader sett til 1,5 pr 1000 innbyggjarar i fylket. (261 530 innbyggjarar pr 1. jan 2014) Det vil etter dette kunne kome oml 390 søknader. Det vil vere behov for møte 1 gong pr månad.

Vi legg etter dette til grunn at med dei føresetnadar som er nemnd ovanfor, vil samla utgifter til oppreisningsutvalet vere 1,3 mill pr år.

Samla kostnader for perioden på 3 år for oppreisningsutvalet og sekretariatet blir etter dette 7,5 mill.

Oppreisningsutvalet skal oppnemnast av fylkesmannen. Vi legg til grunn at utvalet blir oppnemnd i løpet av hausten 2015, og at det vil bli gjennomført maksimum eitt møte hausten 2015.

Utgiftene til oppreisningsutvalet skal inngå i det beløpet som skal dekkjast av deltakarkommunane og fylkeskommunen etter den fordelingsmodellen som er foreslått ovanfor.

### **Oppreisningsbeløp**

Utifrå dei sluttrapportane som er tilgjengeleg frå andre fylke, er det vanskeleg å angi utgiftene til oppreisningsbeløp. Dersom det blir lagt til grunn at det kjem 1,5 søknadar pr 1000 innbyggjarar, dvs 390 søknader og at gjennomsnittleg oppreisningsbeløp er kr 300 000, vil samla oppreisningsbeløp vere kr 117 000 000. Av dette beløpet skal fylkeskommunen dekkje halvparten av den delen som gjeld tidsrommet etter 1980. Beløpet blir anslagsvis sett til 11 mill.

Det blir lagt til grunn at oppreisningsordninga blir kunngjort i løpet av hausten og at det blir opna for å søkje oppreisning frå 1. november 2015.

### **Forslag til vedtak:**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til Felles oppreisningsordning for tidlige barnevernsbarn under føresetnad av at kommunane sluttar seg til vedtektene som Fylkesmøtet i KS har tilrådd og med dei endringar som følgjer av pkt 2 og 3 nedanfor.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 50 % av oppreisningsbeløp som er tilkjend etter opphald i Møre og Romsdal fylkeskommune sine barnevernsinstitusjonar i perioden 01.01.1980 – 01.01.1993.

Det er ein føresetnad for at fylkeskommunen skal dekkje 50 % av oppreisningsbeløpet at den kommunen som er ansvarleg for plasseringa, deltek i den felles oppreisningsordninga.

Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 40% av utgifter til administrasjon og oppreisningsutval.

3. Det blir gjort følgjande endring i vedtektene: (endringa er markert med understreking)

**§ 1- Formål:**

Endra 1. ledd:

Deltakerkommunene og Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker med denne oppreisningsordninga å ta et moralsk ansvar for, og gi en uforbeholden unnskyldning til, personer som har vært utsatt for overgrep eller omsorgsvikt i institusjon under plassering av deltakerkommunenes barnevern, eller forløperne til dette, i perioden fram til 1.1.1993.

**§ 4 Vilkår for å søke kommunal oppreisning.**

Nytt 2. ledd:

Møre og Romsdal fylkeskommune, som ansvarlig for å etablere og drive offentlige barnevernsinstitusjoner i fylket i tidsrommet 01.01.1980 – 01.01.1993, kan gi oppreisning til personer som har vært plassert av deltakerkommunenes barnevern i fylkeskommununal barnevernsinstitusjon i denne perioden, og som kan dokumentere å ha vært utsatt for overgrep eller omsorgsvikt fra ansatt eller annet personale med omsorgs- eller tilsynsansvar under oppholdet.

**§ 6 utmåling av oppreisning**

Nytt 2.ledd:

Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 50 % av oppreisningsbeløp som blir tilkjent etter opphold i barneverninstitusjoner som Møre og Romsdal fylkeskommune hadde driftsansvar for i tidsrommet 1. 1.1980 . -1.1.1993

4. Kostnadene ved å delta i Felles oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn, blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan for åra 2015, 2016, 2017 og 2018.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilsetje leiar for sekretariatet som 3-årig prosjektstilling med tiltredelse så snart som mogleg.

**Behandling i Fylkesutvalet - 08.12.2014**

Frank Sve (Frp) fremma følgjande oversendingsforslag:

«Fylkesutvalget ber fylkesrådmannen leggje fram eiga sak ang tidligare sanatoriebar, jamf sak ang oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn.»

Forslaget frå Frank Sve blei omgjort til eit felles oversendingsforslag.

**Votering:**

Tilrådinga blei samrøystes vedteke.

Oversendingsforslaget frå utvalet blei samrøystes vedteke.

**Samrøystes tilråding frå Fylkesutvalet - 08.12.2014**

6. Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til Felles oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn under føresetnad av at kommunane sluttar seg til vedtektene som Fylkesmøtet i KS har tilrådd og med dei endringar som følgjer av pkt 2 og 3 nedanfor.

7. Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 50 % av oppreisningsbeløp som er tilkjend etter opphald i Møre og Romsdal fylkeskommune sine barnevernsinstitusjonar i perioden 01.01.1980 – 01.01.1993.

Det er ein føresetnad for at fylkeskommunen skal dekkje 50 % av oppreisningsbeløpet at den kommunen som er ansvarleg for plasseringa, deltek i den felles oppreisningsordninga.

Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 40% av utgifter til administrasjon og oppreisningsutval.

8. Det blir gjort følgjande endring i vedtektene: (endringa er markert med understreking)

**§ 1- Formål:**

Endra 1. ledd:

Deltakerkommunene og Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker med denne oppreisningsordninga å ta et moralsk ansvar for, og gi en uforbeholden unnskyldning til, personer som har vært utsatt for overgrep eller omsorgsvikt i institusjon under plassering av deltakerkommunenes barnevern, eller forløperne til dette, i perioden fram til 1.1.1993.

**§ 4 Vilkår for å søke kommunal oppreisning.**

Nytt 2. ledd:

Møre og Romsdal fylkeskommune, som ansvarlig for å etablere og drive offentlige barnevernsinstitusjoner i fylket i tidsrommet 01.01.1980 – 01.01.1993, kan gi oppreisning til personer som har vært plassert av deltakerkommunenes barnevern i fylkeskommununal barnevernsinstitusjon i denne perioden, og som kan dokumentere å ha vært utsatt for overgrep eller omsorgssvikt fra ansatt eller annet personale med omsorgs- eller tilsynsansvar under oppholdet.

**§ 6 utmåling av oppreisning**

Nytt 2. ledd:

Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 50 % av oppreisningsbeløp som blir tilkjent etter opphold i barnevernsinstitusjoner som Møre og Romsdal fylkeskommune hadde driftsansvar for i tidsrommet 1. 1.1980 . -1.1.1993

9. Kostnadene ved å delta i Felles oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn, blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan for åra 2015, 2016, 2017 og 2018.

10. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilsetje leiar for sekretariatet som 3-årig prosjektstilling med tiltredelse så snart som mogleg.

Oversendingsforslag:

Fylkesutvalget ber fylkesrådmannen leggje fram eiga sak ang tidligare sanatoriebarn, jamf sak ang oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn.»

**Samrøystes vedtak i Fylkestinget - 09.12.2014**

1. Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til Felles oppreisningsordning for tidligare barnevernsbarn under føresetnad av at kommunane sluttar seg til vedtektene som Fylkesmøtet i KS har tilrådd og med dei endringar som følgjer av pkt 2 og 3 nedanfor.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 50 % av oppreisningsbeløp som er tilkjend etter opphald i Møre og Romsdal fylkeskommune sine barnevernsinstitusjonar i perioden 01.01.1980 – 01.01.1993.

Det er ein føresetnad for at fylkeskommunen skal dekkje 50 % av oppreisningsbeløpet at den kommunen som er ansvarleg for plasseringa, deltek i den felles oppreisningsordninga.

Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 40 % av utgifter til administrasjon og oppreisningsutval.

3. Det blir gjort følgjande endring i vedtektene: (endringa er markert med understreking)

**§ 1- Formål:**

Endra 1. ledd:

Deltakerkommunene og Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker med denne oppreisningsordninga å ta et moralsk ansvar for, og gi en uforbeholden unnskyldning til, personer som har vært utsatt for overgrep eller omsorgsvikt i Institusjon under plassering av deltakerkommunenes barnevern, eller forløperne til dette, i perioden fram til 1.1.1993.

**§ 4 Vilkår for å søke kommunal oppreisning.**

Nytt 2. ledd:

Møre og Romsdal fylkeskommune, som ansvarlig for å etablere og drive offentlige barnevernsinstitusjoner i fylket i tidsrommet 01.01.1980 – 01.01.1993, kan gi oppreisning til personer som har vært plassert av deltakerkommunenes barnevern i fylkeskommununal barnevernsinstitusjon i denne perioden, og som kan dokumentere å ha vært utsatt for overgrep eller omsorgssvikt fra ansatt eller annet personale med omsorgs- eller tilsynsansvar under oppholdet.

**§ 6 utmåling av oppreisning**

Nytt 2.ledd:

Møre og Romsdal fylkeskommune dekkjer 50 % av oppreisningsbeløp som blir tilkjent etter opphold i barneverninstitusjoner som Møre og Romsdal fylkeskommune hadde driftsansvar for i tidsrommet 1. 1.1980 -1.1.1993

4. Kostnadene ved å delta i Felles oppreisningsordning for tidlige barnevernsbarn, blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan for åra 2015, 2016, 2017 og 2018.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilsetje leiar for sekretariatet som 3-årig prosjektstilling med tiltredelse så snart som mogleg.

Oversendingsforslag:

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram eiga sak ang tidlige sanatoriebarn, jf sak ang. oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Gudmund Lode  
juridisk sjef

## **Vedtekter for en Oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal**

### **§ 1 Formål**

Deltakerkommunene ønsker med denne oppreisningsordningen å ta et moralsk ansvar for, og gi en uforbeholden unnskyldning til, personer som har vært utsatt for overgrep eller omsorgssvikt i institusjon under plassering av deltakerkommunenes barnevern, eller forløperne til dette, i perioden fram til 1.1.1993.

Alle som med hjemmel i Barnevernloven har blitt plassert i institusjoner, som barnehjem og spesialskole, og som har blitt utsatt for overgrep, omfattes av oppreisningsordningen.

Nemnd/ sekretariat har fullmakt til å vurdere eventuelle grensetilfeller, når det foreligger svært gode grunner for det.

Eventuell oppreisning er ikke en erkjennelse av juridisk ansvar.

### **§ 2 Oppreisningsutvalg**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppnevner et felles oppreisningsutvalg. Utvalgets skal ha tre medlemmer med relevant kompetanse. Leder for utvalget skal være jurist, fortrinnsvis med dommerkvalifikasjoner. I tillegg skal det utpekes tre vararepresentanter. Dersom noen av de ovenfor nevnte personer må fratre i løpet av virkeperioden skal Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppnevne nye medlemmer/ vararepresentanter.

### **§ 3 Sekretariat for oppreisningsutvalget**

Det skal opprettes et felles sekretariat for oppreisningsutvalget. Sekretariatet skal besitte nødvendig faglig kompetanse som for eksempel psykologfaglig og/eller barnevernfaglig kompetanse samt juridisk kompetanse. Sekretariatet er organisatorisk plassert i Møre og Romsdal Fylkeskommune, men er faglig underlagt oppreisningsutvalget.

### **§ 4 Vilkår for å søke om kommunal oppreisning**

Personer som ble plassert i institusjon av deltakerkommunen i perioden fram til 1.1.1993, og som ble utsatt for overgrep eller omsorgssvikt, kan gis kommunal oppreisning når dette anses rimelig.

Ved vurdering av søknaden foretas en fri sivilrettslig bevisvurdering av den dokumentasjon som foreligger i saken. Det må kreves klar sannsynlighetsovervekt for at utvalget skal legge til grunn at søkeren har vært utsatt for overgrep eller omsorgssvikt under plasseringen iverksatt av det offentlige. Datidens normer for omsorg legges til grunn ved vurderingen av om omsorgssvikt har skjedd.

Oppreisningen ytes bare til søker. Dersom denne dør før vedtak er truffet bortfaller oppreisningen.

## **§ 5 Saksbehandling**

Personer som ble utsatt for overgrep eller opplevde omsorgssvikt, kan søke om kommunal oppreisning. Søknad om oppreisning fremsettes for sekretariat.

Søknaden må fremsettes skriftlig. Videre må søknaden beskrive de forhold som ligger til grunn for kravet om oppreisning, og vedlegge eventuell dokumentasjon. Sekretariatet skal på forespørsel bistå søkerne ved utforming av søknadene.

Søker må i forbindelse med søknaden frasi seg retten til å gå til søksmål mot deltakerkommunen for samme forhold som det er innvilget oppreisning for.

Dersom det er nødvendig kan sekretariatet og/eller oppreisningsutvalget be søkerne om supplerende opplysninger for å sikre at søknaden blir så godt opplyst, at det er forsvarlig å treffe vedtak.

Sekretariatet forbereder søknadene, og avgir begrunnet innstilling til oppreisningsutvalget.

Oppreisningsutvalget holder møte til behandling av søknadene etter innkalling fra utvalgets leder. Møtene er lukket. Det føres protokoll fra møtene. Vedtakene skal begrunnes.

Vedtaket er endelig, og kan ikke påklages.  
Oppreisningsutvalget skal avvise søknader som faller utenfor ordningen.

Saksbehandlingstiden skal være så kort som mulig og skal uansett ikke overstige ett år.

Etter at oppreisningsordningen er avviklet, skal saksdokumenter behandles etter arkivlovens bestemmelser.

## **§ 6 Utmåling av oppreisning**

Oppreisning kan ytes med et maksimalt beløp på kr. 400.000,- utmålt individuelt etter utvalgets skjønn. Det skal legges vesentlig vekt på søkerens egenerklæring.

Ved vurderingen av om oppreisning skal gis, og størrelsen på oppreisningen, skal det særlig legges vekt på:

- \*Om vedkommende var utsatt for konkrete ulovlige og straffbare handlinger
- \*Omfanget av overgrep
- \*Graden av omsorgssvikt
- \*Om søker har kommet spesielt uheldig ut i forhold til andre som var plassert på barnevernsinstitusjon på samme tid
- \*Om deltakerkommunen er å bebreide

Oppreisningen ytes ikke for økonomisk tap.

## **§ 7 Avkorting**

Dersom søkeren har mottatt erstatning/oppreisning fra annen kommunal, fylkesvis eller den statlige oppreisningsordning for det samme forhold skal det gjøres fullt fradrag for det beløp som er tilkjent tidligere.

## **§ 8 Frist for fremsetting av søknad**

Søknader om kommunal oppreisning må fremsettes innen to (2) år fra den dato oppreisningsutvalget kunngjør at de tar imot søknader. Det gis ikke oppreisning for fristoversittelse. Oppreisningsutvalget fortsetter sitt arbeid inntil alle søknadene som er innkommet innen søknadsfristen, er behandlet. Etter dette faller ordningen bort.





Arkivsak-dok. 10/01078  
 Arkivkode  
 Saksbehandler May-Ann Bruun

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Fylkesmøte i Møre og Romsdal	17.09.2014	14/4

## SAKSPROTOKOLL

### Oppreisningsordning for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal

**Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal har behandlet saken i møte 17.09.2014 sak 14/4**

#### Vedtak

Fylkesmøtet godkjenner vedtektene til oppreisningsordning som utarbeidd, med disse presiseringane:

1. Alle som med heime i Barnevernlova har vorte plassert i Institusjonar, som barneheim og spesialskule, og som har vorte utsett for overgrep, omfattast av oppreisningsordninga.
2. Nemnd/ sekretariat har fullmakt til å vurdere eventuelle grensetilfelle, når det ligg føre svært gode grunnar for det.
3. Oppreisningsbeløpet vert sett til maksimalt kr. 400.000.
4. Frist for framsetjing av søknad til denne ordninga er to (2) år.
5. KS Møre og Romsdal meiner at både fylkeskommune og kommune har hatt ansvar i perioden 1.1.1980 til 1.1.1993 og bør dele oppreisningsbeløpet med halvparten på kvar for denne perioden.  
  
 Fylkeskommunen hadde ansvaret for at barnevernsinstitusjonen vart sett i stand til å drive forsvarleg og at den einskilde bebuar fekk forsvarleg omsorg under opphaldet, medan kommunane hadde plasseringsansvaret.
6. KS Møre og Romsdal ber om at Fylkesmannen tek kostnaden med å administrere denne ordninga.



Avdeling for Barn, Familie og Helse

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2014/504
		Arkiv:	271

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for Helse og omsorg Formannskapet Kommunestyret	

### OPPREISNINGSDRNING FOR BARNEHEIMSBARN, SKULEHEIMSBARN OG FOSTERBARN

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune sluttar seg til ordninga med oppreising for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal.
2. Herøy kommune godkjenner vedtektene slik dei lyder etter vedtak i Fylkesmøte i KS 19.09.14 og i Fylkestinget i Møre og Romsdal 09.12.14.
3. Mogleg utbetaling til oppreising vert å ta opp i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Særutskrift:  
Møre og Romsdal fylkeskommune,  
KS Møre og Romsdal,  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Barn- familie og helseavdelinga  
Barnevernseksjonen

## **Vedlegg:**

- 1 Vedtak FM - MR 17092014 Sak 14-4 Oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal
- 2 Vedtekter til oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i M&R 17.09.14
- 3 Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn – frå Fylkeskommunen, datert 25.02.15.

## **Saksopplysningar:**

Det har vore ein dryg prosess i Møre og Romsdal for å komme fram til eit samla forslag frå fylkeskommunen og KS om ein felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn.

KS Møre og Romsdal har utarbeidd vedtekter til ei felles ordning og denne var til ei brei høyring i kommunane og fylkeskommunen.

Nå ligg det føre eit forslag til ordning, vedteke av fylkesmøte i KS 19.9.14 og fylkestinget, 9.12.14. Fylkeskommunen sende eit brev, datert 25.2.2015, til kommunane i fylket der dei bad om at kommunen slutta seg til Felles oppreisningsordning for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal. Kommunen har etter telefonkontakt fått utsett fristen for tilbakemelding til fylkeskommunen.

Ordninga er slik at fylkeskommunen vil ta på seg halvparten av tilkjend oppreising dersom kommunen er med på ordninga. Det er eit vilkår at søkar har vore plassert i ein institusjon som fylkeskommunen hadde driftsansvaret for. Vidare vil fylkeskommunen dekke 40% av sekretariats – og nemndskostnadene samt stå for alle kontorutgifter. Maksimumsbeløpet i oppreising er kr. 400.000, og søknadsfristen er 2 år.

Ordninga er avgrensa til å gjelde for barn som er plassert av kommunen etter barnevernlova. Fylkeskommunen har avgrensa sitt oppreisningsbidrag til perioden 01.01.80 til 01.01.93. Bidraget til administrasjon/drift av ordninga er ikkje tidsavgrensa slik. I vedtektene som no ligg føre skal ordninga kunne gjelde for plassering fram til 01.01.93 – utan startdato.

## **Vurderingar og konklusjon:**

Sjølv om fylkeskommunen har teke på seg 40 % av sekretariats- og nemndskostnadane, vil det kvile på kommunane å dekkje resten. Ikkje minst på bakgrunn av staten sitt tilsynsansvar og oppgåva med å sjå til at etablering og drift av institusjonane var forsvarleg, må vi kunne vente at fylkesmannen gjennom skjønnsmidlar dekkjer opp kommunane sin del av driftsutgiftene med ordninga.

Vi har ikkje grunnlag for å seie konkret kor mykje denne ordninga vil koste kommunen. Erfaringstal frå dei som har hatt slik ordning, jf også den statlege ordninga, seier at det kan reknast med 1,5 innvilga oppreisningar pr. 1000 innb. For Herøy vil dette utgjere i overkant av 13 saker. Med maks beløp på 400 000 kr og avkorting /frådrag for annen støtte, sjå §§ 6 og 7 i vedtektene, kan kostnaden

passere vel 1 million fordelt over tre år for Herøy, - (sjå om søknadsfrist innan to år og maks saksbehandlingstid eitt år §§ 5 og 8).

Sjølv om ordninga vil medføre utgifter for kommunen, er vi av den oppfatning at den er så viktig for dei som har lidd ved den handsaminga dei har fått som barnevernsbarn, at Herøy gir sin tilslutnad til ordninga. Vi meiner såleis at det er rett av kommunen å prioritere denne kostnaden.

Konsekvensar for folkehelse:

Ordninga har vist seg å vere særst positivt motteke i dei deler av landet som allereie har fått til ordningar. Dei som kjem under ordninga har oppfatta det som ein reell oppreisning og det har vore positivt for deira helse.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvensar

Konsekvensar for drift:

Ingen særlege konsekvensar

Konsekvensar for økonomi:

Det er vanskelege å vere konkret på dei økonomiske konsekvensane. Kommunen må rekne med at det vil kunne kome opp i over 1 million kroner i løpet av ei treårs periode. Dette vil verte innarbeidd i budsjettet for 2016 og frametter.

Fosnavåg, 01.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Inger Marie Tofthagen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Pleie- og omsorgsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr:	2014/894
		Arkiv:	611

---

<b>Utvallsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
8/15	Eldrerådet	15.06.2015
14/15	Komite for Helse og omsorg	11.06.2015
3/15	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	10.06.2015
85/15	Kommunestyret	25.06.2015

### LOKALISERING AV OMSORGSSENTER FOR HERØY

#### Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ 1.

Særutskrift:

Helse- og omsorgskomiteen  
Pleie- og omsorgsavdelinga  
Eigedomsavdelinga  
Anlegg- og driftsavdelinga  
Utviklingsavdelinga  
Eldrerådet  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtebehandling:**

Komiteleiar for Helse og omsorg Fred Hansen orienterte.

Rådmannen si tilråding med Komite for helse og omsorg sitt punkt 2 vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 25.06.2015**

1. Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ 1
2. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i 2016.

**Møtebehandling:**

Saksframlegget vart delt ut i møtet.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2015**

Kommunestyret tek saka til vitande og ber administrasjonen arbeide vidare med alternativ 1.

**Møtebehandling:**

Komiteen har oppfatta mandatet slik at ein skal legge fram aktuelle lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet uten å kome med ei tilråding til val av løysing.

Komiteen legg då fram fire alternativ som inneber både lokalisering og eit prinsippval i høve ein,- to, eller tredelt løysing.

Med utgangspunkt i befolkningsprognoser og tenestebehov ser komiteen at det haster å kome i gang med konkret planlegging av prosjektet, og dersom kommunestyret vel å gå vidare på eit av alternativa bør det også løyvast planleggingsmidlar.

**Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 11.06.2015**

1. Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ
2. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i 2016.

**Møtebehandling:**

Alle fire alternativ vart grundig diskutert i møtet.

Etter å ha vurdert både fordeler og ulemper med dei fire alternativa vart Eldrerådet samrøystes enige om å innstille på alternativ 1: Vidareutvikling av dagens todelte løysing.

Dette med grunnlag både ut i frå økonomi, gode tilbakemeldingar frå brukarane, nærheit til dei pårørande og ein forholdsvis god bygningsmasse i Myrvåg og til dels på Eggesbønes. Sanering av dagens raud og grøn avdeling når dette vert aktuelt er mulig å organisere innanfor dagens areal.

Eldrerådet kan ikkje sjå at samlokalisering på Eggesbønes eller Myrvåg gir økonomiske fordelar som veg opp bakdelen ved at avstanden mellom brukarar og pårørande aukar.

Eldrerådet vil også peike på at det synes som om det er lettare å rekruttere legar og omsorgspersonell i Myrvåg på grunn av kortare arbeidsveg for arbeidstakarar frå andre kommuner i nærområdet.

**Tilråding i Eldrerådet - 15.06.2015**

Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ 1.



## Vedlegg:

### Prenta vedlegg

1. Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen.
2. Innkalling til temadag for det framtidige omsorgssenteret den 4.12.14.
3. Referat frå temadag om det framtidige omsorgssenteret.
4. Oppsummering frå ekskursjon til Ålesund kommune den 12.02.15.
5. Befolkningsprognose frå SSB for Herøy kommune 2015-2040.
6. Prognostisert utvikling i tenestebehov for Herøy kommune fram mot 2040. Kjelde Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
7. Prognostisert utvikling i antal årsværk for institusjon og heimeteneste fram mot 2040. Kjelde Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
8. Situasjonsplan Eggesbønes.
9. Situasjonsplan Myrvåg

### Uprenta vedlegg

1. K-sak 103/14
2. [Rom for trygghet og omsorg - veileder for utforming av omsorgsboliger og sykehjem \(Husbanken, 2009\)](#)

## Saksopplysningar:

Saka gjeld lokalisering av nytt omsorgssenter i Herøy kommune.

Kommunestyret gjorde i K-sak 103/14 slikt vedtak, jamfør uprenta vedlegg 1:

1. Kommunestyret ber komite for helse og omsorg i samarbeid med administrasjonen å utgreie ulike lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet i Herøy kommune.
2. Lokaliseringsspørsmålet skal handsamast i kommunestyret innan mai 2015.

Komiteleiar har avtalt med ordføraren å utsette saka til junimøtet.

## Rådmannen si vurdering:

Teneste og driftsøkonomi er to moment som er sentrale i vurderinga.

Vi må bygge effektive tenester med god kvalitet. Då er det ein fordel med mest mogleg samlokalisering for kvalitativ og effektiv bruk av helsepersonell og byggteknisk personell. Vi må legge godt til rette for beredskap m.a. akutfunksjonar som lege og brann m.m. Ei oppsplitting av tilbodet vil redusere kvaliteten på tenestene gjennom splitting av kompetansmiljø og med redusert fleksibilitet i forhold til bemanning og redusert samarbeid i beredskapssituasjonar.

Når ein byggjer for framtida må ein tenkje effektiv byggforvaltning. Ei samling eller ytterlegare oppsplitting av omsorgssentertilbodet må vurderast i lys av dette. Tre eller fleire skilde einingar er ikkje tilrådeleg då dette vil auke driftskostnadane både i pleie- og omsorgsavdelinga og hos eigedomsavdelinga.

Det er ein fordel om tilbodet er i rimeleg avstand til befolkningskonsentrasjonen, då dette vil legge betre til rette for besøk og den frivillige deltakinga.

Fosnavåg 04.06.2014

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

## **Innstilling frå helse og omsorgskomiteen:**

### Nærmare om mandatet

Helse- og omsorgskomiteen tolkar mandatet slik at ein skal fremje forslag til aktuelle lokaliseringalternativ, uten å kome med ei konkret tilråding til rangering av desse.

For å kunne fremje forslag til lokaliseringalternativ, har helse- og omsorgskomiteen funne det naudsynt å vurdere også kva målgruppe eit omsorgssentertilbod bør rette seg mot og kva funksjonar eit slikt tilbod bør ha. Kva målgruppe og funksjonar eit omsorgssentertilbod skal ha, er avgjerande for arealbehovet og er såleis direkte relevant for lokaliseringsspørsmålet.

Likeins er endring i befolkningssamansetninga og tenestebehovet sentrale faktorar i saka, og ein har difor teke dette inn som grunnlagsdokumentasjon for å kunne vurdere behovet for framdrift i saka. Komiteen har såleis tolka mandatet utvidande, i den forstand at ein har vurdert fleire spørsmål enn det ein kan lese direkte ut av ordlyden i mandatet.

### Organisering av arbeidet

Arbeidet har vore leia av komite for helse- og omsorg, i samarbeid med pleie- og omsorgsleiar, eigedomsleiar og rådmann.

Komiteen har arrangert temadag og gjennomført ei synfaring for å sjå eksempel på moderne og funksjonelle omsorgssenter. Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått orientering og drøfta saka i eigne møter.

På temadagen samla ein politikarar, tilsette og brukarrepresentantar for felles informasjon og diskusjon. Kort oppsummert var det brei konsensus om kva eit omsorgssenter bør vere, og komiteen fekk klare signal å ta med i det vidare arbeidet.

Innkalling og referat frå temadagen ligg ved som prenta vedlegg 1 og 2.

Den 12. februar 2015 var representantar frå kommunen på synfaring til Ålesund kommune. Der besøkte ein Spjelkavik og Hatlane omsorgssenter. Omsorgsbustadar og sjukeheimar som vert finansierte med investeringstilskudd må være tilrettelagt for tilkobling av elektroniske hjelpemiddel, kommunikasjons- og varslingsystem og annan velferdsteknologi. Ein besøkte difor også demonstrasjonshuværet for velferdsteknologi ved Høgskulen i Ålesund. Oppsummering frå ekskursjonen ligg i prenta vedlegg 3.

Synfaringa ved Hatlane omsorgssenter illustrerte fyrst og fremst bygningsmessige kvalitetar. Senteret er forsåvidt eit viktig referanseprosjekt for ei eventuell seinare utbygging. Spjelkavik omsorgssenter gir varierte tilbod til ei utvida målgruppe, og representerer eit konsept ein ynskjer å samle seg om. Aktivitetane ved senteret var såleis like mykje eit tilbod til heimebuande som til pasientane i huset. Mulighetene i eit slikt konsept ligg i å lage gode fellesareal, enten det gjeld for aktivitetar, behandling eller lager.

### Kva er eit omsorgssenter?

Omgrepet omsorgssenter vert gjerne nytta for eit område med både sjukeheim- og omsorgsbustadtilbod, sjå [Rom for trygghet og omsorg - veileder for utforming av omsorgsboliger og sykehjem \(Husbanken, 2009\)](#), kapittel 5,1 i uprenta vedlegg 2 for

meir informasjon. Det er verd å merke seg at der også er skilje mellom ulike typer omsorgsbustadar (sitat frå veileder):

*Nasjonale føringer (St. meld. nr. 25 (2005–2006), jf. også Demensplan 2015, sier at tilrettelegging for personer med demens og kognitiv svikt, må være et hovedprinsipp ved bygging av omsorgboliger og sykehjem.*

*Det antas at ca 80 prosent av sykehjemsbeboerne i dag har en demenssykdom. Sykehjemmet vil for dem og andre langtidsbeboere være et hjem. Det må derfor stilles store krav til trivsel ved utforming av bofunksjonene. Ved bygging av sykehjem anbefales generelt å ta utgangspunkt i anbefalinger som gjelder for botilbud for personer med demens.*

*Sykehjem eller omsorgsbolig?*

*Pleie- og omsorgstjenester ytes i dag både i eget hjem, omsorgboliger og sykehjem. Flere enn tidligere får omfattende bistand i omsorgsboliger. Den kan gis av fast tilknyttet personale eller hjemmetjenesten. Omsorgsbolig er ikke en lovregulert boform og derfor å betrakte som beboerens private hjem. Tjenestene er lovregulert og skal gis etter behov. Sykehjem er en lovregulert boform.*

*Omsorgsbolig og sykehjem har ulike betalingsformer. Forskrift for vederlag gjelder for beboere i institusjon og regnes som prosenter av inntekten (trygd). Vederlaget dekker opphold og alle tjenester. I en omsorgsbolig betaler beboerne for kost og bolig og eventuelt egenandel på de tjenestene som mottas. Beboere i omsorgsbolig kan få bostøtte.*

*Sykehjemmet/ institusjonsplasser kan brukes til:*

- Rehabilitering og overgangspanele etter sykehusbehandling.
- Avlastning.
- Langtidssyke eldre som trenger mye pleie.
- Pleie ved livets slutt/lindrende behandling.
- Skjermede enheter for personer med demens.

*Omsorgsboliger i bokollektiv med fast tilsatt personale kan brukes til:*

- Skjermede botilbud for personer med demens.
- Botilbud for langtidssyke som trenger mye pleie.

*Selvstendige omsorgsboliger med fellesrom kan brukes til:*

- Botilbud for langtidssyke (ikke demens) som trenger mye pleie.

Der er altså ulike typer butilbud der den vanlege inndelinga er sjølvstendige bustadar, bufellesskap og bukollektiv/sjukeheim. Skilnaden er i hovudsak storleiken på privatarealet og graden av felleskap. Di tettare fellesskap, di viktigare er det at antalet i bugruppa ikkje er for stort.

Veiledaren seier vidare at:

**Sjølvstendige bustadar** skal gi plass til alle sentrale bufunksjoner. Bustadane må ha kjøkken, soverom, bad med plass til vask og tørk av tøy, samt bod. Fordi bustadane også må legge tilrette for bruk av hjelpemiddel, bør arealet vere 55 m<sup>2</sup> eller større. Det må vere privat uteplass/terrasse. I

bustadar for personer som i mindre grad er avhengig av hjelpemiddel, kan arealet reduserast noko. Mange brukarar ynskjer at omsorgsbustadane vert bygd i tilknytning til fellesareal eller areal til tjenesteapparatet.

**Omsorgsboliger i bufellesskap** er ei gruppe bustadar der privateininga har dei nødvendigaste bufunksjonar for eiga hushaldning, men som i tillegg har fellesareal. Privatarealet bør minimum vere ca 40m<sup>2</sup> og blant anna ha plass til et godt utstyrt kjøkken. I tillegg må det vere fellesareal i form av stue og spisekjøkken. Dette gir bebuaren valgridom om ein vil delta i fellesskapet eller ikkje. Fordi mange ikkje ynskjer å delta i fellesskapet, bør antalet personar i eit bufellesskap ikkje vere for lite. Talet på bueiningar kan vere frå 8–15, avhengig av brukargruppe. Bodareal kan vere både privat og felles og må ta omsyn til plass til hjelpemiddel.

**Omsorgsboliger som bukollektiv** er ei gruppe bustadar som er organisert med tanke på stor grad av fellesskap med for eksempel felles matlaging og måltid. Privatareal bør vere mellom 28 og 40 m<sup>2</sup>. Løysinga stiller krav til godt tilpassa fellesareal som kjøkken og opphaldsrom. Denne buforma kan vere sosialt krevjande, og passar ikkje alle. Bukollektiv fungerer best der bebarane ynskjer eller har behov for eit tett fellesskap, der eit fast personale hjelper til med organisere kvardagen, og gir helse- og sosialtjenester.

Herøy kommune har i dag to omsorgssenter, begge med omliggande omsorgsbustadar i bufellesskap. Som erstatning for gul avdeling er det under arbeid eit nybygg i tilknytning til blå avdeling som skal drivast som omsorgsbustad og bukollektiv.

### Befolkningsprognose for Herøy kommune

Tal frå Statisk sentralbyrå syner at aldersgruppene 70-79 år og 80+ nær doblar seg fram mot 2040 medan dei yngre aldersgruppene har liten vekst eller reduksjon. Den sterke veksten i aldersgruppa 80+ er venta etter år 2024.

Aldersgruppe	2014	2040	Endring
0 - 24 år	2 807	2 737	- 2,49 %
25 - 34 år	981	1 041	6,73 %
35 - 44 år	1 227	1 222	- 0,41 %
45 - 69 år	2 762	2 951	6,84 %
70 - 79 år	594	1 050	76,77 %
80+	476	862	81,09 %
Sum	8 847	9 863	11,48 %

Aldersutviklinga er i stor grad lik utviklinga i fylket elles og skuldast at dei store etterkrigskulla vert eldre og den generelle levealderen høgare. Andelen som bur åleine er lågare i Herøy enn for landet elles, men er likevel den største hushaldsgruppa i kommunen. Vedlagt som prenta vedlegg 4 ligg ein tabell frå SSB som viser ei meir detaljert utvikling på årstal.

### Teneste- og rekrutteringsbehov

Ei dobling av aldersgruppa 70 + gir nye samfunnsutfordringar. Vedlagt fyl tabellar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som har lagt fram utrekningar på auken av tenestemottakarar og behov for nye årsverk for Herøy kommune, sjå prenta vedlegg 5 og 6.

Utrekninga legg til grunn at dekningsgrader og standard på tenestene er dei same som i 2012.

Det er ei stor nasjonal satsing på velferdsteknologi i tru på at dette vil gjere folk meir sjølvhjelpete, og det er ein nasjonal filosofi å dreie fokuset frå hjelp til sjølvhjelp. Målet er ei friskare befolkning med mindre hjelpebehov. Førebygging og folkeopplysning er sentrale nøkkelord. Mange er bekymra over dei effektene rus vil ha på samfunnet. Tabellen tek ikkje inn i seg ei auke i hjelpebehovet i yngre aldersgrupper, eller effekten av førebygging.

Samhandlingsreforma har ført til ei tenestedreining frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta. Trenden er at folk i aukande grad skal få hjelpa si der dei bur. Dette får konsekvensar for korleis kommunen må bygge og utvikle sitt tenesteapparat.

Andelen som bur åleine er den største hushaldsgruppa i kommunen. Einsemd og behov for hjelp frå andre vert fort ein konsekvens av dette.

Rekrutteringsbehovet i helse- og omsorgstenestene har eit bratt stigande kurve samstundes som tilgangen på yngre arbeidskraft går nedover. Det vert viktig å planlegge for effektiv drift med god logistikk, samt å legge til rette for at folk kan vere mest mulig sjølvhjelpete. Bygningar, teknologi og organisering er sentrale element i å lykkast med å sikre tenestetilbodet.

### Dekningsgrad

Kommuneplanen har ei målsetting om ei dekningsgrad på insitusjonsplassar på 25 % av talet på eldre over 80 år. Prosenten er sett i høve ei nasjonalt anbefalt norm.

Antal eldre over 80 år:

Årstal	2015	2025	2030	2035	2040
Eldre over 80 år	464	527	651	767	862
Auke pr periode		63	124	116	95
Antal plassar med dekningsgrad 25 %	116	132	163	192	216

Herøy kommune har i 2015 totalt 101 institusjonsplassar (+ 2 til øyeblikkelig hjelp døgn). Med 101 plassar er der ei dekningsgrad på 21,77 %. I 2010 var den på 24 %. Med unntak av dei to plassane som er gjort om til øyeblikkelig hjelp har ein ikkje lagt ned plassar i perioden, så dette viser auken i brukargruppa så langt.

Differansen mellom 216 og 101 tilseier eit behov på 115 nye plassar for å dekke kapasitetsauken. Gul, grøn og raud avdeling tilbyr institusjonsplass til 50 pasientar. Gul vert erstatta i løpet av 2016 med inntil 16 plassar i omsorgsbustad i bukollektiv, og reduserer det samla kapasitetsbehovet tilsvarande med maksimalt 6 plassar. Ei eventuell nedlegging av raud- og grøn avdeling vil gi eit tilsvarande auka behov for 40 plassar. Vi har då eit samla behov på omlag 149 nye plassar.

Ovannemnde reknestykke føreset ein norm med 25 % dekning for eldre over 80, og har ikkje tatt omsyn til oppgåver som ligg i samhandlingsreforma, som også inkluderer den yngre befolkninga. Her er det heller ikkje tatt inn andre type behov som t.d. rus og psykiatri.

### Skildring av noverande omsorgssentertilbod

Kommunen har i dag eit desentralisert omsorgstilbod ved at ein har to tilsvarande omsorgssenter med tilbod om både sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar. Heimeteneste er knytt til begge institusjonane. Begge insitusjonane har samarbeid med legesentra som er lokalisert i nærleiken. Dette gjeld spesielt lege- og

fysioterapitenester, og i ytre nokre laboratorietenester. Kommunen si ergoterapi- og psykiatriteneste er lokalisert på helsesenteret på Eggesbønes.

Herøy omsorgssenter 3 bygg, 4 avdelingar	Myrvåg omsorgssenter 1 bygg, 2 avdelingar
Somatisk sjukeheim med plassar for dag- og døgnopphald, kort- og langtid. To heimetenestedistrikt er knytt til sjukeheimen. Omliggande omsorgsbustadar <ul style="list-style-type: none"> <li>• Grøn avdeling: 20 plassar</li> <li>• Raud avdeling: 20 plassar</li> <li>• Blå avdeling: 16 plassar, Dagsenter for demente med 10 plassar, demens- og psykiatriteam.</li> <li>• Gul avdeling: 10 plassar (skal erstattast med omsorgsbustadar for heildøgns omsorg frå 2016. Er under planlegging som tilbygg til blå avdeling) Planlagd kapasitetsauke er inntil 6 plassar.</li> </ul>	Somatisk sjukeheim med plassar for dag- og døgnopphald, kort- og langtid. Eit heimetenestedistrikt er knytt til sjukeheimen. Omliggande omsorgsbustadar <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avdeling A 17 plassar, 2 plassar for øyeblikkelig hjelp døgn</li> <li>• Avdeling B 18 plassar for demente</li> </ul>

Senteret på Eggesbønes er større enn i Myrvåg, men i høve befolkningskonsentrasjonen i kommunen er det indre som i dag har best dekning på institusjonsplassar. Dagsenteret for demente er eit spesialtilbod som vert nytta av heile kommunen. Elles er det tilbod om dagopphald på begge institusjonane. Kommunen sine to plassar for øyeblikkelig hjelp er plassert i Myrvåg fordi denne institusjonen hadde den beste bygningsmassen, og ein såg det som ein fordel at det er nær den interkommunale legevakta.

Begge institusjonane er organisatorisk plassert under ein pleie- og omsorgsleiar, og driv såleis i stor grad etter dei same retningslinene og prosedyrene. Tenestetildelinga vert gjort av pleie- og omsorgsleiar, og slik får ein lik praksis for heile kommunen.

Institusjonane var bygde i ei tid då tenesteidealet var prega av sjukehustenkninga sin effektivitet med lange korridorar, og ein pasient som stort sett låg i senga og difor ikkje trengde plass til opphald utover dette. Difor har ein i dag begrensa høve til å kunne tilby tenester til heimebuande inne på omsorgssenteret sitt område.

I tillegg til omsorgssentra har kommunen omsorgsbustadar på Myklebust og i Fosnavåg.

### Vurdering og konklusjon:

#### Aktuelle lokaliseringalternativ for vidare utbygging av omsorgssenterfunksjonar

Komiteen starta arbeidet med ein gjennomgang av fleire tomtealternativ, men samla seg raskt om fire prinsippmodellar. I drøfting av dei ulike alternativa har komiteen hatt fokus på teneste og driftsøkonomi. Komiteen har sett på fordelar og ulemper ved dei fire modellane:

### Alternativ 1: Vidareutvikling av dagens todelte løysing

Alternativ 1 inneber at kommunen vidareutviklar dagens todelte omsorgssentertilbod i Myrvåg og på Eggesbønes.

Fordelar	Ulempe
<ul style="list-style-type: none"><li>• Ein stor del av befolkninga får eit omsorgssenter i sitt geografiske nærområde.</li><li>• Bygningsmassen ved Myrvåg omsorgssenter er av god teknisk stand sjølv om ein bør planlegge renovering av kjøkkenfløya i bygget.</li><li>• Bygningsmassen ved Herøy omsorgssenter - Blå avdeling er av god teknisk stand. Nye omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon samt base for heimetenesta er også under utbygging i området i tillegg til at helsesenteret er plassert i umiddelbar nærleik.</li><li>• Arealet på Eggesbønes gir rom for ei trinnvis utbygging samstundes som ein kan drive tenestene i eksisterande bygg, sjå kartskisse i prenta vedlegg 7.</li><li>• I dag driv ein sjukeheim i tre bygg på området. Denne kan samlast under eitt tak.</li><li>• Omsorgssentra ligg nært til butikk, lege, brannstasjon og andre helselokalitetar. Herøy omsorgssenter ligg i tillegg nær drosje og apotek.</li><li>• Området på Eggesbønes er sentralt plassert i forhold til Fosnavåg og kan bidra til vidare utviklinga av Eggesbønes som bydel. Myrvåg omsorgssenter kan vere eit positivt tilskot til den vidare utviklinga av bu- og handelsområdet i Myrvåg.</li><li>• Herøy ressurscenter er planlagt i området ved Herøy Produksjon og kan gi potensiale for samarbeid med omsorgssenteret.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling - har store bygningsmessige behov. Sanering er difor eit aktuelt alternativ. Dette krev god samordning og logistikk ved ei eventuell utbygging.</li><li>• Ein mister noko av stordriftsfordelen ved å ta to framfor eitt omsorgssenter fordi personalet må fordelast på fleire lokalisasjonar, men det vil vere betre enn å dele det opp i tre .</li><li>• Tomtene har ikkje havutsikt</li></ul>

### Alternativ 2: Tredelt løysing i Myrvåg, Eggesbønes og Fosnavågområdet

Alternativ 2 inneber at kommunen vidareutvikler dagens todelte omsorgssentertilbod i Myrvåg og på Eggesbønes og i tillegg vidareutviklar omsorgssentertilbodet på ein tredje lokasjon i Fosnavåg-området.

Fordelar	Ulempe
<ul style="list-style-type: none"><li>• Ein auka andel av befolkninga får eit omsorgssenter i sitt geografiske nærområde</li><li>• Eit tredje senter kan byggast utan særlege logistikkutfordringar.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Alternativet er driftsøkonomisk mindre gunstig enn dei andre alternativa. Meir tid til køyring og samordning både for tenestene og byggdrift.</li><li>• Alternativet er mindre gunstig for tenestene enn dei andre alternativa. Det vert meir fragmentert, mindre fagmiljø og vanskelegare å sikre ei fagleg forsvarleg dekning.</li></ul>



<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ei utbygging i Fosnavåg kan bidra til den vidare utviklinga av Fosnavåg som bydel.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lenger vei til legevakt og sjukehus</li> <li>• Kommunen kan måtte kjøpe og regulere grunn for vidare utvikling.</li> <li>• Nytt omsorgssenter er ikkje del av byutviklingsprosjektet for Fosnavåg.</li> </ul>
--	--

<b>Alternativ 3: Samlokalisering ved Herøy omsorgssenter</b>	
Alternativ 3 inneber at kommunen samlokaliserer alt omsorgssentertilbod ved Herøy omsorgssenter og legg ned drifta ved Myrvåg omsorgssenter.	
<b>Fordelar</b>	<b>Ulempe</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samlokalisering vil isolert sett vere den driftsøkonomisk beste løysinga.</li> <li>• Samling av kompetanse har positive effekter både for logistikk og rekruttering. Kompetanse rekrutterer kompetanse</li> <li>• Befolkningstygda i kommunen er plassert i ytre Herøy</li> <li>• Arealet på Eggesbønes gir rom for ei trinnvis utbygging samstundes som ein kan drive tenestene i eksisterande bygg, sjå kartskisse i prenta vedlegg 7 .</li> <li>• Enkel kommunikasjon, nærleik til drosje og kollektivtransport.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avstanden til interkommunalt legevaktsamarbeid vert større.</li> <li>• Avstanden til næraste sjukehus vert lenger.</li> <li>• Ein redusert andel av befolkninga får eit omsorgssenter i sitt nærområde.</li> </ul>

<b>Alternativ 4: Samlokalisering ved Myrvåg omsorgssenter</b>	
Alternativ 4 inneber at kommunen samler alt omsorgssentertilbod ved Myrvåg omsorgssenter, sjå prenta vedlegg 8.	
<b>Fordelar</b>	<b>Ulempe</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samlokalisering vil isolert sett vere den driftsøkonomisk beste løysinga.</li> <li>• Samling av kompetanse har positive effekter både for logistikk og rekruttering. Kompetanse rekrutterer kompetanse</li> <li>• Kortare til interkommunalt legevaktsamarbeid</li> <li>• Kortare vei til sjukehus</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Omsorgssenterfunksjonane vert flytta frå det området som har størst befolkningstygde.</li> <li>• Området manglar sentrums kvalitetar.</li> <li>• Dårlegare utbyggingspotensial enn ved Herøy omsorgssenter.</li> <li>• Sveikka helseberedskap dersom ekstremvær isolerer ytre Herøy</li> </ul>

### Komiteen si vurdering

Det kommunale tenesteansvaret er aukande, og kommunen bør i framtida legge til rette for sambruk av lokalitetar. Ein må finne løysingar som legg til rette for at folk kan bu heime lengst mulig. Det vert då viktig å ha ein møteplass som dekkjer både sosiale og praktiske behov. Personale vert ein knappheitsfaktor, og ein må legge til rette for god rekruttering og god logistikk.

Tradisjonelt gir sjukeheimsbegrepet assosiasjonar om ein heim for sjuke folk, der hovudfokuset er heim, og behandling og pleie i livets siste fase. I dag tek korttidspasientane eit stadig større fokus, og korridorpatientane har flytta frå sjukehusa til sjukeheimane. Framover må ein reindyrke butilbodet, samstundes som ein må planlegge for endå fleire korttidsopphald med mellom anna vekt på rehabilitering. Ein må også planlegge for tilbod til heimebuande. Senteret må dermed ha rom for spesialfunksjonar for behandling og trening, Det bør vere ein naturleg samlingsplass med kafe og aktivitetstilbod, dreve i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Komiteen anbefaler at ein i det vidare arbeidet sjekker ut konsept som t.d. demensby. I England har ein til dømes små nisjebutikkar inne på slike område.

Komiteen har oppfatta mandatet slik at ein skal legge fram aktuelle lokaliseringalternativ for det framtidige omsorgssentertilbodet uten å kome med ei tilråding til val av løysing.

Komiteen legg då fram fire alternativ som inneber både lokalisering og eit prinsippval i høve ein,- to, eller tredelt løysing.

Med utgangspunkt i befolkningsprognoser og tenestebehov ser komiteen at det haster å kome i gang med konkret planlegging av prosjektet, og dersom kommunestyret vel å gå vidare på eit av alternativa bør det også løyvast planleggingsmidlar.

1. Kommunestyret tek saka frå komiteen til vitande og ber administrasjonen om å arbeide vidare med alternativ.....
2. Kommunestyret ber rådmannen om å fremje forslag til løyving av planleggingsmidlar i 2016.

**Fosnavåg, 31.05.2015**

Fred Hansen  
Leiar helse- og omsorgskomiteen

Sakshandsamar: Ragnhild Velsvik Berge, i samarbeid med Robert Myklebust